

Regionaliseringsprosessar i lys av museumsreforma. Ein analyse av to konsoliderte museum

av Karitha Reisæter



Masteroppgåve i region og regionalisering

Universitetet i Bergen

Det humanistiske fakultet

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap

Hausten 2019

Abstract

This thesis is focusing on the museum reform, and how processes in the regions and the places, has affected the centralization of the museums. Centralization and increased governance are current trends, and it has been a part of the museum's everyday life since the reform was initiated for almost two decades ago. The goal of the museum reform was to consolidate the museums so that they could be a part of national networks. The reform was a structural reform that was supposed to increase the quality of the museums within the units. I have used qualitative methods to elaborate on why the place and the region has something to say on the outcome of the reform. Two consolidated museums have been investigated based on a theoretical framework that seeks to understand the purpose of a region based on the terms political/administrative, functional and identifying regions. The purpose of this has been to see why the consolidated units have evolved the way they have and what that means for the museums in the regions today.

Forord

Det endeleg å vere i hamn med masteroppgåva betyr meir for meg enn eg trudde det skulle gjere, og det symboliserer slutten på ein periode i livet eg er klar for å legge bak meg. Dette har vore ein svært lærerik og spanande prosess. Det å ha mogelegheit til å studere eit tema på så nært hald har vore gjevande og krevjande. Eg hadde ikkje klart det utan menneska rundt meg:

Takk til min gode son Olav, for at du alltid varmar hjartet mitt, du er solstrålen i livet mitt.

Takk til min aller kjæraste Hans Fredrik, for at du alltid trur på meg og støttar meg.

Takk til informantane mine, som stilte velvillig opp og bidrog til gode samtalar og mykje kunnskap.

Takk til rettleiar Han-Jakob Ågotnes, som alltid utfordra meg til å jobba seriøst med oppgåva.

Takk til Lena, for oppmuntring og språkvask Det å vere ein rotlaus nynorskbrukar har vore krevjande, og ditt bidrag har vert svært viktig for meg.

Takk til Humanistisk fakultet og særleg institutt for arkeolog, historie, kultur- og religionsvitskap for hjelp og støtte, på ein krevjande veg mot å bli ferdig med masterstudiet.

Og takk til alle andre, familie, naboar, vener og kollegaer som har gitt meg andre ting å tenka på når eg har trengt pausar frå skrivinga.

Bergen, 20. november 2019

Karitha Reisæter

Innhald

Kapittel 1: Innleiing.....	6
1.1 Val av tema – motivasjon og aktualitet.....	6
1.2 Problemstilling.....	8
1.3 Tidlegare forskning og teoretisk perspektiv.....	9
1.3.1 Stadsomgrepet og tidlegare forskning på stad.....	10
1.3.2 Regionsomgrepet og tidlegare forskning på region.....	12
1.3.3 Sentrum – periferi.....	17
1.3.4 Tidlegare forskning og bidrag til museumsreforma.....	17
1.4 Oppgåva sin struktur.....	20
Kapittel 2: Metodisk tilnærming.....	22
2.1 Innleiing.....	22
2.2 Val av metode.....	22
2.3 Metodane og det empiriske materialet.....	22
2.3.1 Komparasjon.....	23
2.3.2 Dokumentanalyse.....	23
2.3.3 Kvalitative intervju.....	25
2.4 Gjennomføring av metodisk opplegg.....	25
2.5 Etske problemstillingar.....	31
2.5.1 Anonymisering.....	31
2.5.2 Om bruk av eige nettverk.....	32
2.5.3 Nærleik og distanse.....	33
2.6 Den kvalitative metoden sin fleksibilitet.....	34
Kapittel 3: Bakgrunnskapittel.....	36
3.1 Innleiing.....	36
3.2 Museumsreforma.....	36
3.3 Dei to konsoliderte einingane.....	39
3.4 Regionane.....	40
3.4.1 Hardanger.....	40
3.4.2 Voss.....	44
3.4.3 Ryfylke.....	46
3.5 Oppsummering.....	50
Kapittel 4: Hardanger og Voss museum.....	51
4.1 Innleiing.....	51
4.2 Tusenårsstaden – eit forspel til konsolideringsprosessen.....	52
4.3 Konsolideringsprosessen.....	53

4.4 Politisk/administrative og funksjonelle regionale føringar og konsekvensar av reforma	57
4.4.1 Indre og ytre delar av Hardanger – reforma som aktualiserte regionale motsetningar	58
4.4.2 Voss og Hardanger – konsolidert over regionale grenser	62
4.4.3 Paraplyorganisasjonen som stadfester og legitimerer regionale politiske, administrative og funksjonelle skilje	64
4.5 Regional identitet i ein regionaliseringsprosess	66
4.5.1 Hardanger - ein regional identitet med interne regionale motsetningar	67
4.5.2 Voss og Hardanger – to sterke identitetsregionar, ei felles konsolidert museumseining	69
4.6 Konklusjon	72
Kapittel 5: Ryfylkemuseet	74
5.1 Innleiing	74
5.2 Konsolideringsprosessen	74
5.3 Politisk/administrative og funksjonelle regionale føringar og konsekvensar av reforma	76
5.4 Regional identitet i ein regionaliseringsprosess	82
5.4.1 Øykommunane – kommunar som blir regionalisert ut av Ryfylke?	82
5.4.2 Fastlandsryfylke – regional identitet som byggjer regionen	86
5.5 Konklusjon	88
Kapittel 6: Oppsummering og avsluttande drøfting	91
6.1 Oppsummering og avsluttande drøfting	91
6.1.1 Forholdet mellom regionar i konsolideringsprosessen	92
6.1.2 Forholdet mellom stadar i konsolideringsprosessen	93
6.1.3 Regionalisert ut av regionen?	94
6.2 Avsluttande betraktningar	95
6.3 Forslag til vidare forskning	96
Referanseliste:	97
Bøker og tidsskriftartiklar:	97
Rapportar og offentlege utgreiingar:	99
Nettstadar og andre elektroniske kjelder:	100
Liste over figurar:	103
Vedlegg 1: Informasjonsbrev	104
Vedlegg 2: Samtykkeerklæring	106
Vedlegg 3: Intervjuguide	107

Kapittel 1: Innleiing

1.1 Val av tema – motivasjon og aktualitet

Som ein person oppvaksen på Utne i Hardanger har eg så lenge eg kan minnast vandra i utstillingane på Hardanger folkemuseum. Det var brurefølge i båt, det var handverksutstillingar, bringedukar i monter og hardingfeler på veggane. Frå heilt tidleg barndom av var eg svært bevisst på kvar eg var frå. Utstillingane på museet fungerte som symbol på denne staden. I ungdomsåra kunne vi vere heile dagane i friluftsutstillinga til museet. Dette var kanskje meir til frustrasjon enn glede for dei tilsette, men uansett har det ført til at eg har eit veldig nært og kjærte forhold til Hardanger folkemuseum. Det å ha museet så tilgjengeleg i oppveksten, og i tillegg oppleve at min bunad, min fjord og mi hardingfele blei sett på som «det norske» på tv og i litteraturen, gjorde noko med den sterke kjensla av tilhørslse eg kjente til staden eg vaks opp på. Dette har vore ei drivkraft for mitt val av studium: Eg har alltid vore interessert i å lære om kva som får oss til å høyre heime, og på kva måte vi relaterer oss til staden vi bur på.

Museumsreforma var ei reform som aktualiserte mi interesse for museet, staden og regionen, sidan den førte til store endringar i museumsstrukturane. Tilsynelatande blei det stilt dei same statlege krava og forventingane til alle konsolideringsprosessane som gjekk føre seg. Likevel blei utfallet av konsolideringsprosessane ulike. Dette syner at stadar og regionar utviklar seg i sin unike kontekst. Ulike regionaliseringsprosessar i ulike regionar fører til at same reform får ulikt utfall. Museumsreforma kan studerast som ein regionaliseringsprosess fordi den var ei omfattande endring av eit sosialt system forankra i tid og rom (sjå avsnitt 1.3.2.1). På bakgrunn av mi faglege interesse har eg som tema for mi masteroppgåve valt **«regionaliseringsprosessar og museumsreforma»**.

Museumsreforma strekte seg frå 2001 til 2009 og kom som eit resultat av eit statleg behov for ei institusjonell opprydding i museumslandskapet. Det var òg viktig med ei betring av dei økonomiske forholda i musea, for å få meir robuste og faglege sterke institusjonar. Ikkje minst var det nødvendig å få bukt med den enorme veksten i museumslandskapet som kom av tilskotsordninga for halvoffentlege museum etter 1975 (Eriksen 2013:1). Det går fram av St.

meld nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving* at tanken med reforma var at tidlegare separate museum skulle gå saman i større konsoliderte einingar. Det var òg uttalt at ingen museumseiningar skulle leggjast ned. Vidare var det viktig å gjere musea meir robuste for å møte dei auka krava til kvalitet i alle museale samanhengar. Ikkje minst var det viktig å kunne ta igjen det vedlikehaldsmessige etterslepet på bygningsmassane, ved auka økonomisk tilskot. Konsolideringa av musea skulle gjere dei betre rusta til å handtere framtidige utfordringar, som til dømes det fleirkulturelle og pluralistiske samfunnet som vaks fram i Norge (St. meld nr. 22 (1999-2000):8).

Museumsreforma var i hovudsak ei strukturreform, det vil seie at den fokuserte på organisasjonsform. Til dømes var eit hovudpoeng at musea skulle konsoliderast for å skape større einingar med felles styre. Dette skulle føre til auka profesjonalisering, fagleg utvikling, betre administrative strukturar og mogelegheit til å tiltrekke seg og behalde god fagleg kompetanse. Det er likevel muleg å sjå at reforma fremja ei sentralisering, sjølv om denne sida ved reforma var underkommunisert i byrjinga. Det gjekk til dømes fram av St. meld. nr 48 (2002-2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014* at økonomisk rasjonalisering var eit mål, der særleg sentralisering av fellestenester var eit verkemiddel (St. meld nr. 48 (2002-2003):23).

Regionalisering og sentralisering av samfunnet er eit svært dagsaktuelt tema. Kommune- og fylkestingsvalet i 2019 markerer slutten på region- og kommunereforma, der vi i Norge går frå å vere 428 til 356 kommunar, og frå 19 til 11 fylker (Kartverket 2019). Denne statlege sentraliseringstendensen kan vi òg sjå i til dømes helsesektoren og politiet. Målet med desse reformene er i hovudtrekk dei same som for museumsreforma, altså større og sterkare fagmiljø som kan tilby betre tenester til befolkninga. Sentralisering av samfunnet er altså ein trend i tida. Dette gjeld for dei fleste tenester som blir tilbydd, anten det er innan helse eller kultur ser vi at samanslåingar og rasjonalisering er det statlege verkemiddelet for å forbetre tenestene dei bidreg økonomisk til.

I museumsreforma låg det krav til store strukturelle endringar frå statleg hald, der konsekvensane av ikkje å delta i reforma var underkommunisert, og musea frykta for økonomien om dei ikkje ville konsolidere seg (informant 5). Museumsreforma fekk

konsekvensar for det einstilte museet, for samarbeidet mellom musea og kommunane, og reforma førte for nokon til konflikstar av ein slik karakter at berre eit generasjonsskifte ser ut til å kunne betre tilhøva.

Temaet for oppgåva mi gjer det mogeleg å gå i djupna for å studera spenninga i forholdet mellom det lokale og regionale nivået. Temaet har eit klart regionalt utgangspunkt som gjer det mogeleg for meg å bruke ei tverrfagleg tilnærming, der fokus på staden og regionen er sentralt, og bruken av kvalitative metodar vil vere sentrale verktøy for å svare på problemstillinga.

1.2 Problemstilling

Mi tilnærming til oppgåvetemaet er knytt til at *konsolideringsprosessen blei påverka av sin regionale kontekst*. Det verkar til ein viss grad òg andre vegen, konsolideringsprosessen påverkar staden/regionen og bidreg dermed inn i regionaliseringa i regionane. Måten museet påverkar regionen og staden blir trekt fram i analysen der den gjer seg gjeldande med styrke, men er elles underordna den kursiverte påstanden. Museumsreforma førte til at tidlegare uavhengige museum måtte forholde seg til andre museum på ein ny måte. Der ein tidlegare hadde mogelegheit til å samarbeide rundt felles behov om ein ynskte, måtte ein no samarbeide på godt og vondt og vere *ein* organisasjon. Dette har ført til ulike utfordringar i dei to musea eg har undersøkt, der særleg Hardanger og Voss museum lenge sleit med å finne plassen sin.

Dei to museums-konsolideringane som blir analysert i denne oppgåva har organisert seg på to ulike måtar. Hardanger og Voss museum består av separate museumsavdelingar organisert geografisk. Ryfylkemuseet har felles fagleg og administrativ lokalisering, med fagleg inndelte avdelingar. Basert på intervjuet eg har gjort og litteratur eg har lese så har prosessen som leia fram til konsolideringane og tida i etterkant difor vore prega av ulike utfordringar hos dei to musea. Eg vil gå inn i dette og drøfte kva forholdet mellom stad og region har hatt å seie for utgangspunktet for å gå inn i ei konsolidering, og kva det har ha hatt å seie for utfallet av denne. Frå dette utgangspunktet har eg utleia to problemstillingar som eg vil analysere og diskutere i analysekapitla med utgangspunkt i mitt teoretiske perspektiv:

- Korleis har dei stadlege og regionale prosessane/føringane som utspelte seg i regionane påverka korleis reforma blei gjennomført, og korleis den blir handtert i dag?
- Kva har forholdet mellom stad og region, og mellom regionar, hatt å seie for korleis konsolideringsprosessen utvikla seg i dei to konsoliderte einingane?

Eg vil drøfte korleis forholdet stad og region har påverka inngangen til, og utfallet av museumsreforma i dei to museumskonsolideringane. Måten eg vil gjere dette på er å analysere kva stadlege og regionale føringar som har påverka dei konsolideringane eg har studert, dit dei er i dag og kvifor. Eg vil nytte meg av region- og stadsteoriar som tar utgangspunkt i at region og stad er konstruerte sosiale kategoriar, og at dei difor blir påverka og endra av sosial praksis.

For å undersøke problemstillinga har eg nytta kvalitative metodar. Dette har eg gjort fordi dei ikkje berre søker svar på korleis noko er, men òg *kvifor*, noko som er sentralt for mi problemstilling. Målet har vore å undersøke kvifor stadar og regionar reagerer som dei gjer på ein endringsprosess, og korleis dette påverkar forholdet mellom regionen og staden. Det eg vil trekke fram som oppgåva sin styrke er at den kan bidra til auka innsikt i kvifor, eventuelt kvifor ikkje, stadar og regionar endrar seg i regionaliseringsprosessar.

1.3 Tidlegare forskning og teoretisk perspektiv

For å kunne undersøke og drøfte problemstillingane mine vil eg gjere greie for tidlegare forskning og teoretiske perspektiv som tar utgangspunkt i at stadar og regionar blir endra, stadfesta og legitimert gjennom sosial praksis. Fyrst vil eg drøfte tidlegare forskning på stadsomgrepet og korleis eg forstår stadsomgrepet i denne oppgåva. Så vil eg gjere greie for mitt perspektiv på regionar. Eg vil diskutere omgrepet regionaliseringsprosess, og gjere greie for dei tre regionskategoriane politisk/administrativ-, funksjonell- og identifiserande region. Eg vil nytte desse omgrepa som eit analytisk verktøy for å drøfte og analysere det empiriske materialet. Eit anna viktig teoretisk perspektiv i denne oppgåva er forholdet mellom sentrum og periferi. Eg vil nytte sentrum/periferiteori for å forstå korleis stadane og regionane

orienterer og relaterer seg i forhold til kvarandre. Til slutt viser eg til tidlegare forskning på museumsreforma for å gje eit heilskapleg bilete på undersøkingsområdet mitt.

1.3.1 Stadsomgrepet og tidlegare forskning på stad

Stadsomgrepet er kontekstavhengig og komplekst, og det kan opptre på ulike geografiske nivå. Det varierende meiningsinnhaldet er likevel ikkje til hinder for at ein i daglegtalet ser på det som ganske uproblematisk, vi forstår at «stad» er eit diffust omgrep (Berg og Dale 2004:39). I denne oppgåva skal ein stad primært forståast ut i frå Agnew (1987 sitert Berg og Dale 2004:41) si skildring av stad som «location» og «locale». Stad som «location» eller «lokalisering» på norsk, er det vi forstår som det tradisjonelle stadsomgrepet, og er ein stad i konkret forstand: «[...] de ytre, objektive, fysiske og materielle betingelsene som det sosiale og økonomiske liv foregår innenfor rammen av» (Berg og Dale, 2004:41). Stad som «locale» kan på norsk forståast som ein stad knytt til ein sosial kontekst. Det kan til dømes vera eit museum, eller sentrum i ein tettstad. Stad som «locale» blir påverka og endra av den sosiale praksisen som blir utøvd på staden. Den sosiale praksisen på stadane knyter seg til kvardagslivet sine handlingar som til dømes arbeid, skule og handel. Vidare er det viktig at staden må sjåast som ein integrert del av sosial interaksjon, det vil seie at staden er ein faktor som påverkar korleis ein handterer ulike situasjonar (ibid:43-44).

For å forklare mitt perspektiv på stad vil eg fyrst seie noko om korleis globaliseringa har påverka stadsforskinga i nyare tid. Globaliseringsprosessen som fant stad frå slutten av det tjuande århundre omfatta økonomiske, sosiale og kulturelle endringsprosessar. Desse prosessane førte til at deler av verda blei meir sambunden og djupare integrert i kvarandre. Globaliseringa førte til at avstanden mellom stadar minka og at stadane blei meir homogene (Berg og Dale 2004:46). Det blei òg utvikla betre kommunikasjonslinjer og transportmiddel, og fleire stader i verda blei påverka av vestleg levemåte og kultur. Til dømes finst det Starbucks, McDonalds, H&M, IKEA og andre internasjonale kjedar over store deler av verda, noko som fører til at vi er likare, vi kler oss likare og vi innreier husa våre likare. Castells (1996:12 sitert i Berg og Dale 2004:46) skriv at denne nedbrytinga av avstandsbarrierar og homogeniseringa av verdssamfunnet ville føre til at stadsforskinga ville forsvinne, fordi rom og stad mista verdi.

Som ein reaksjon på denne haldninga har ei rekke forskarar innan samfunnsgeografien og kulturvitskapen bidrege til nytenking rundt kva konsekvensar globaliseringa har fått for stadsomgrepet. Det er denne forskinga eg baserer meg på i denne oppgåva. Det å høyre til på ein stad og identifisere seg med ein stad blei viktigare i lys av globaliseringa av samfunnet. Stadar sin eigenart blei framheva og nytta i identifiseringsprosjekt fordi behovet for å høyre til på ein konkret stad blei større av at deler av verdssamfunnet blei likare. Ein treng difor å fokusere på det unike ved staden for å lage eit skilje mellom seg sjølv og andre (Berg og Dale 2004:49). I tillegg såg ein at sjølv om stadar relativt sett blei knytt nærare saman, var den fysiske avstanden framleis stor, og kultur og levemåte var framleis svært ulik. Stadane var framleis unike og særeigne, ein ser blant anna at stadar reagerer ulikt på same utfordring og handterer endring på ulike måtar. Det var nettopp det særeigne ved staden og menneska som budde der, som kunne forme og utvikle den. Menneska blei altså aktørar som skapte og endra stadar (Berg og Dale 2004:47-48, Selberg 2007:9, Dale 2002:16-18).

Castree (2003, sitert Berg og Dale 2004:47) omtalar stadar si evne til å reagere ulikt på same utfordring som stadens *agency*. Ein stad og menneska som bur der har mogelegheit til aktivt å påverke dei problemstillingane ein står ovanfor. Dersom ein blir utsett for ytre eller indre press kan stadane reagere på dette på ulike måtar fordi ulike stadar har ulike føresetnader, der staden sin *eigenart* påverkar valet. Ut i frå denne drøftinga hevdar eg i analysen at sidan menneske primært lev liva sine lokalt, vil dei ut i frå staden sin *agency* ta dei vala som dei meiner er det beste for staden (Berg og Dale 2004:47-49). Massey har òg eit relasjonelt syn på staden, ho seier at stadar er avhengig av andre stadar, og at nokre stadar eksisterer *på grunn av* andre stadar. Forholdet menneske og stad er gjensidig konstituerande, menneska treng staden og staden treng menneska (Massey 1995:61 sitert i Berg og Dale 2004:49).

Klein (2002:6) argumenterer òg for eit relasjonelt stadsomgrep, der ho ser på mennesket som ein aktør, ein skapar av kultur og mening, og ikkje berre som passiv mottakar av kulturen. Ein stad får såleis sin eigen identitet som er forankra i menneska som bur der sin sosiale praksis. Dette får innverknad på korleis ein ser seg sjølv og andre, og korleis ein reagerer på ulike settingar. Rose (1995, sitert Berg og Dale 2004:53-54) bygger og på forholdet menneske – stad, og i si drøfting legg ho fram at menneske kan identifisere seg *med* ein stad, *mot* ein stad

eller ein kan *la vere* å identifisere seg med staden. Det å identifisere seg med ein stad byggjer opp om det særeigne ved staden, det kan til dømes vere heimen eller bygda, som vi ser i Ryfylke – eller slik som i Hardanger der ein identifiserer seg med eller mot indre og ytre delar av regionen. Viss du identifiserer deg *mot* ytre delar av Hardanger så identifiserer du deg gjerne *med* indre delar og byggjer difor opp om det særeigne ved stadane. Stader du lar vera å identifisera deg med er stadar som er fjerne frå ditt eige identitetsprosjekt, til dømes identifiserer eg meg primært som nordmann, ikkje som europear. Stadar vil alltid ha fleire identitetar då dei er forankra i sosial praksis, dette betyr at ein stad er dynamisk og i stadig endring. Gradvise og store endringar påverkar staden sin identitet og menneska som bur der sin relasjon til staden.

Over har eg presentert tre sentrale aspekt ved stadsomgrepet som er viktig for mi oppgåve. Det som blir viktig i analysen er at stadar reagerer utifrå forhold andre stadar, dei får sine føresetnader endra av sine relasjonar til andre stadar. Vidare er det viktig at menneske og stad er gjensidig konstituerande; og at staden er i stadig endring fordi menneska som bur der aktivt produserer meining, kultur, identitet og tilhøyrsla til den. Eit anna viktig poeng er at ulike stadar reagerer ulikt på same endringsprosess fordi det særeigne ved tilhøva i staden og menneska som bur der er med på å avgjere korleis ein reagerer. Til slutt trakk eg fram at menneske identifiserer seg med stadar på ulike måtar, ein kan identifisere seg med, mot eller la være å identifisere seg med ein stad, eller ein region. Dette er ein viktig faktor i konsolideringsprosessane då ei felles regional ramme likevel ikkje endrar det faktum at menneska lever liva sine på den lokale staden. Ein sentraliseringsprosess som museumsreforma representerer vil difor aktualisere dette. Desse aspekta ved stadsforskninga som har blitt nemnt i denne delen, blir viktige i analysen av materialet. Dette fordi regionaliseringsprosessar og endringsprosessar som det museumsreforma representerte vekker stadstilhøyrsla i oss, og utfordrar det etablerte biletet av kven vi identifiserer oss med og mot.

1.3.2 Regionsomgrepet og tidlegare forskning på region

Ein region er eit avgrensa geografisk område som kan liggje mellom ulike nivå som distrikt, fylke eller stat. I denne oppgåva skal ein region forståast som noko som ligg mellom

kommunalt og statleg nivå (Grove 2015:357-358). Hardanger og Ryfylke passar inn i denne nemninga, når det gjeld Voss er det snakk om ein kommune. I denne oppgåva blir Voss handsama som ein region fordi dei er ein del av museumskonsolideringa Hardanger og Voss museum. Voss har òg alle funksjonar som du finn i ein sterkt institusjonalisert region (sjå kap. 3 og 4). Forskinga på regionar har som forskinga på stadar gått mot å sjå på menneske som aktørar som skapar kultur og meining i livet sitt. Regionar kan difor, som stadar, berre forståast som skapt av menneske, der forholdet menneske og region verkar inn på kvarandre i oppbygginga, utviklinga og forvitringa av regionen (Paasi 2009:128). I denne delen vil eg gjere greie for tidlegare forskning og teoriar som bygger opp om denne forståinga.

1.3.2.1 Regionaliseringsprosessar og regionane si institusjonalisering

Ein regionaliseringsprosess blir definert som ein prosess som skjer, og blir forma i tett relasjon til dimensjonane tid og rom. Det er organiseringa av sosial interaksjon i eit omfattande sosialt system som blir studert i denne prosessen (Lysgård 2004:32). Museumsreforma kan studerast som ein regionaliseringsprosess fordi den hadde ei tydeleg romleg forankring, då formålet var å endra museumsstrukturen slik at det blei danna større einingar. Museumskonsolideringane skulle fungere på regionalt nivå, og dei kan difor studerast som ein konkretisering av eit sosialt rom og difor ein del av mennesket si røynd (ibid.).

For å forstå ein regionaliseringsprosess må ein forstå korleis ein region blir institusjonalisert, fordi ein må forstå kva som påverkar den regionale eininga. Paasi (1991:242-243 og 2009:467-468) har utvikla ein modell for regionane si institusjonalisering som kan vere med på å analysere korleis konsolideringsprosessen blei påverka av sin unike regionale kontekst. Modellen består av fire stadia som kan opptre i ulik rekkefølge og til ulik tid, der nokre av dei kan førekome i mindre grad eller intensitet enn andre. Om alle stadia syner seg på same tid og med eit markert innhald har vi ein sterkt institusjonalisert region.

Dei fire stadia er: (1) etableringa av ei førestilling om ei territorial form, det vil seie at ein lokaliserer sosial praksis som definerer regionen sine grenser, dette kan til dømes vere draktskikk, språk eller mattradisjonar. (2) Regionen blir så omgrepsleggjort og knytt til

symbol¹, regionen får til dømes eit namn eller ein bruker symbol som kan skilje regionen frå andre regionar. Så blir det (3) etablert institusjonar innan politikk, økonomi, lovgiving, administrasjon og sfærar som helsevesen. Til slutt blir (4) regionen akseptert som ei arealeining, med ein eigenart og med ei rolle i et større nasjonalt system. Dette gir regionen ein identitet og eit materialisert grunnlag, og ein får mentale førestillingar om regionen. Keating (1998:10) argumenterer i likskap med Paasi for at ein region er samansett av ulike element som må opptre på same tid, i større eller mindre grad. Ein sterk region blir i hans argumentasjon bygd av at tilhøve som naturmiljø, økonomisk utvikling, kulturell identitet, administrative einingar, popularitet og territorial mobilisering opptre samtidig.

Det er òg viktig å poengtera at ein regionaliseringsprosess kan vera reversibel. Den regionale inndelinga er eit resultat av institusjonalisering av samhandlingsmønster, desse mønstra blir oppretthaldne og vidareførte av sosial praksis. Det vil seie at viss regionane blir sett på som irrelevante vil dei endra seg eller forsvinna. Dette prosessuelle i regionaliseringa inneber at regionen kan forsvinna ut av folket si røynd, eller den kan endra seg ut i frå endra føresetnader (Lysgård 2004:33). Viss regionaliseringsprosessen skal institusjonaliserast og bli oppretthalden er den avhengig av sosial praksis som bygger opp om og held den ved like.

1.3.2.2 Regionale kategoriar - regionsomgrep

For betre å kunne forstå regionaliseringsprosessar er det nyttig å gjere greie for kva kategoriar ein kan dele ein region i, alt etter kva som er formålet med den regionale inndelinga. Dette gjer det lettare å vise til ulike sider ved regionaliseringsprosessen som påverkar innhaldet og utfallet av den. Det er ikkje meininga å definera eller typologisera regionar i absolutte eksistensar, men heller sjå på kva formål som ligg bak ei regional inndeling (Lysgård 2004:35). Fleire forskarar har hatt dette som utgangspunkt for å definere regionar, blant andre Paasi (2009:129) som seier at vi nokre gongar brukar regionen som identifiserande, andre gongar som eining for politisk utforming. Keating (2004:xi) skriv at regionar kan ha historisk resonans eller gje innbyggjarane eit identitetsfokus. Regionen kan representere ei landskapsform, arkitektur eller matkultur. Regionen har gjerne ein særeigen dialekt eller språk. Utover dette

¹ Eit symbol er eit teikn, ein gjenstand eller ei handling som det knyter seg ei djupare meining til. Symbolet representerer noko i overført tyding (Svendsen 2018).

kan regionen representere ein særeigen levemåte, og ha ulike administrative institusjonar. Regionen kan òg vere eit område med ein einskild næringsveg eller eit integrert produksjonssystem som knyter regionen saman.

For å forstå formålet med ein region har eg delt regionsomgrepet inn i tre kategoriar som liknar andre inndelingar av omgrepet (Lysgård 2005:98 og Keating 2003:9-13). Ein region kan utifrå dette utgangspunktet forståast utifrå tre forskjellige kategoriar alt etter kva intensjon eller formål den regionale inndelinga har:

- *Politisk/administrativ region*
- *Funksjonell region*
- *Identifiserande region*

Det er ut i frå denne inndelinga av regionar i ulike kategoriar at eg har valt å bygge opp analysen min, og eg vil diskutere og drøfte konsolideringsprosessane ut i frå desse omgrepa.

Ein *politisk/administrativ region* har som formål å skildre avgrensa geografiske områder som skal vere mål for politiske avgjersler. Dette kan vere å definere områder som treng endring eller planlegging, eller kva område som skal vere mål for konkrete politiske tiltak. Det mest konkrete dømet på ein slik type region er inndelinga av landet i kommunar og fylke, som dannar grunnlaget for politiske planar og handlingar i geografisk avgrensa områder. Andre typar politisk/administrative regionar kan vere helseregionar og politidistrikt (Lysgård 2004:35).

Ein *funksjonell region* bygger opp om mennesket sitt behov for å klassifisere, generalisere og systematisere livet sitt i kategoriar. På denne måten skapar vi kunnskap om samfunnet, og vi kan kommunisere denne kunnskapen til andre og danne forståing for korleis samfunnet er organisert. Denne typen regional inndeling har som formål å kommunisere om samfunnet, den er til stades i dagleglivet, men kanskje mest synleg i forskning og planlegging. Døme på denne typen regionar er tydelege innanfor Statistisk sentralbyrå, med sitt fokus på standardar for geografisk inndeling i sentralitet, pendlingsomland og administrative grenser (Lysgård

2004:5). I denne oppgåva nyttar eg blant anna òg sentrumsfunksjonar som handel og arbeid, skulegrenser og aviser som einingar som tilhøyrar ein funksjonell region.

Den siste typen regional inndeling er *den identifiserande region*, denne regionale inndelinga syner til menneske sitt behov for å høyre til. Folk har i større grad no enn før behov for å identifisere seg med ein region, fordi det å vere ein del av ei globalisert verd gjer at ein i større grad har behov for å høyre til og ha røter ein stad (Paasi 2009:138). Ved å identifisere seg med geografiske stader kan ein seie noko om kven ein er og ikkje er ovanfor andre. Kven ein identifiserer seg som avhenger av kven ein snakkar med, det kan vere alt frå ei bygd til ein verdsdel, og det treng ikkje vere inndelingar som fell saman med politiske regionar, som kommune eller land.

Identitetsregionar er likevel nyttige for politikktutforming, marknadsføring og turisme, då identitet og kultur blir sett på som noko som kan fremje økonomisk vekst (Paasi 2009:130). Det er difor viktig å vere bevisst på at ein identitetsregion kan ha ein institusjonell funksjon som eit verktøy for utøving av politikk. Dette er òg noko som Angell (2015) trekk fram i sin artikkel «Å byggja ein region som merkevare. Historiebruk i Hardanger». Der analyserer han korleis Hardangerrådet har nytta historiske regionale symbol for å byggje Merkevare Hardanger. Merkevaren skal nyttast som eit middel for å skape identitet innerter i regionen, og for å gjere regionen synleg utover i Norge og verda (Angell 2015:57-59). Den regionale identiteten har òg eit individfokus/kollektivt fokus for personar som identifiserer seg med ein region. Vidare er regional identitet i norsk samanheng aktuelt i nasjonal posisjonering i forhold til andre regionar i landet og ovanfor sentrum representert av staten. Regional identitet blir nemleg særleg viktig i regionar som er prega av å vere periferiar som kjenner seg truga av sentralisering (Paasi 2003:479-480, Lysgård 2005:103).

Desse tre måtane å sjå på regionen sitt formål på treng, og bør ikkje, ekskludera kvarandre. Snarare er det sånn at viss alle dei tre kategoriane er til stades i ein region har vi ein sterkare institusjonalisert region, enn om berre den eine kategorien finst (Paasi 1991:243, 2009:467-468). I analysen vil eg drøfte korleis regionaliseringprosessar i regionane blir handsama i lys av konsolideringsprosessane ut i frå desse tre regionskategoriane.

1.3.3 Sentrum – periferi

Eit anna viktig teoretisk perspektiv i denne oppgåva går på forholdet mellom sentrum og periferi. For å forstå formålet med ei regional inndeling er det viktig å forstå korleis forholdet mellom sentrum og periferi påverkar den regionale eininga. I denne oppgåva blir forholdet nytta på to ulike måtar:

- Forholdet mellom regionen og den sentrale myndigheita representert ved stat og fylke. Då nyttar eg nemninga sentrum om staten og fylket, og periferien om regionen.
- Forholdet mellom sentrum av dei konsoliderte einingane og dei andre områda.

Eg nyttar Lipset og Rokkan (1967) sin teori om maktforholdet mellom sentrale styresmakter, kalla sentrum, og regionen, kalla periferien. Ut i frå dette perspektivet prøver sentrum å kontrollere periferien gjennom statleg styring. Periferien vil då forsøka å verne om sine økonomiske og kulturelle interesser ved å fokusera på økonomiske, politiske og kulturelle saker som skil dei frå sentrum sine interesser (Fitjar 2010:6). Desse skila har i norsk samanheng blitt tatt opp i partisystemet, der til dømes Senterpartiet representerer eit tydeleg politisk skilje mellom sentrum og periferi. Dei hevdar å representere bygda og bonden, som står i motsetning til borgarskapet i byane eller sentrum (ibid:6-8). Eit viktig moment å trekke fram er at «periferien» i seg sjølv sjeldan handlar på eigen hand, det er oftast eliten i periferien som handlar på vegne av innbyggjarane. For å halde oss til politikken vil det vere eliten, senterpartidelegatane, som handlar på vegne av innbyggjarane, bonden og bygda. For å mobilisere innbyggjarane nyttar eliten i periferien økonomiske eller kulturelle trekk ved regionen og spelar på regionen sin identitet (ibid:8). I denne oppgåva kan eliten i periferien representere ein kommune, ei bygd eller eit museum som føler dei må verne om seg sjølv, sin kultur og sine arbeidsplassar ovanfor sentrum. Sentrum blir representert av stat, fylke eller administrasjonsstaden i den konsoliderte eininga. Periferien søkjer å verne seg ved å nytte dei særeigne trekka på staden for å skape eit skilje mellom «oss» og «dei andre».

1.3.4 Tidlegare forskning og bidrag til museumsreforma

Det er ikkje gjort mykje forskning på museumsreforma, og den forskinga som har vore gjort har enten vore lite relevant for mitt prosjekt eller svært nærstudieprega. Det er i alt tre ulike

kategoriar av skriftlege kjelder om museumsreforma: masteroppgåver, fagbøker og –artiklar og offentlege rapportar og utgreiingar.

Av forskingsbidrag til museumsreforma er det skrive nokre masteroppgåver, blant anna ei frå 2016 som omhandla frivilligheita i musea: *Frivillighet etter museumsreformen: Profesjonalisering og deltakelse* (Sigrid Roholdt 2016). Det er òg skriven ei masteroppgåve som handlar om Drammens museum: *Museumsreformen og Drammens museum* (Vidar Lerstad 2014). Den siste masteroppgåva eg har funne omhandlar Telemark museum: *Museumsreformen. Mellom stat og lokalsamfunn - fra gjenstand til publikum* (Johnny Stene 2016). Desse tre oppgåvene har gitt meg innsikt i andre dokumenter og relevante publikasjonar. Dei har òg bidrege til min kunnskap om utviklinga av museumsreforma som statleg reform. Det er likevel ingen av desse som har vore relevante for analysen av mi problemstilling, då det er snakk om forhold i andre konsoliderte einingar ut i frå andre fagretningar, eller med eit nærstudieperspektiv som gjer relevansen til mi oppgåve liten.

Utover desse masteroppgåvene er det få fagbøker og artiklar om emnet, det er skrive ein artikkel: *Museumskonsolidering brutalt, men nødvendig?* (Jahr, 2010:31). Denne artikkelen omhandlar Akershus museum, og konsolideringsprosessen som utspelte seg der. Det blei utgjeve ei årbok for Museum Stavanger med ein artikkel som omhandla museumsreforma: *Fra Stavanger Museum til Museum Stavanger: ti år med museumsreformen* (Bore 2010). Denne artikkelen skildrar tilstanden i Stavanger museum, noko som er interessant i forhold til nærleiken til Ryfylke. Det finnes òg andre artiklar som omtalar reforma, men få eller ingen andre som har reforma som objekt. Det finnes altså ingen bidrag som problematiserer korleis reforma har påverka stadane og regionane konsolideringsprosessane har utspelt seg.

Det er endå ikkje gjort ei landsomfattande evaluering av museumsreforma, men fleire fylkesvise evalueringar er gjort. Blant anna er dette gjort i Hordaland, Rogaland, Telemark, Møre og Romsdal, Buskerud og Vest-Agder. Det er rapportane for Hordaland *Evaluering av museumsreformen i Hordaland* (Agderforskning 2017) og Rogaland *Til lands og til vanns og på sokkelen med. Evaluering av museumsreformen i Rogaland*. (Telemarkforskning 2016), som har blitt nytta i denne oppgåva. Felles for desse er at dei fokuserer på det organisatoriske, nemleg

museumsreforma som strukturreform. Særleg rapporten for Hordaland har ei svært overordna framstilling av opplevd effekt av reforma, med få detaljar kring korleis det einskilde museet har handtert museumsreforma. Rapporten fokuserer i stor grad på økonomi, besøkstal og årsverk. Rapporten som er utarbeida for Rogaland gjev ein del meir detaljar om korleis dei einskilde musea har opplevd effekten av museumsreforma og korleis dei har handtert den, men der òg er det fokus på økonomi, besøkstal og årsverk. Denne informasjonen er likevel nyttig då den seier noko om tilhøva ved musea, og det har vore nyttig supplement til teorien og empirien elles i oppgåva.

Det er laga ein rapport som diskuterer organiseringa av Hardanger og Voss museum som har vore viktig for analysen min då den har gitt svært verdifull kunnskap om museet som hadde vore enormt ressurskrevjande for meg å skaffe på eige hand: «*Organisasjonsgjennomgang Hardanger og Voss museum – i samme båt?*» (SonConsult 2013). Rapporten går gjennom korleis Hardanger og Voss museum fungerer, blant anna gjennom mange intervju med sentrale personar i museet. Funna der peiker på at reforma ikkje har ført til ein integrert organisasjon, men snarare eit tvungent samarbeid (sjå kap. 4).

I etterkant av museumsreforma blei rapporten *Organisering av museene – en evaluering av organisasjonsformer i kjølvannet av museumsreformen* (Fossestøl, Breit og Heen 2013) publisert. Denne evalueringa tar for seg korleis ulike museum har organisert seg og korleis dette påverkar formålet med museumskonsolideringa. Det blir i evalueringa trekt fram at ein kan sjå at musea har oppnådd stordriftsfordeler, men at den administrative oppbygginga av museet ofte er så kompleks at ressursane ikkje strekk til for å oppnå fagleg synergieffekt. Det blir og trekt fram at vidare konsolidering og full integrering av organisasjonane kan vere naudsynt for å oppnå den ynska faglege synergieffekten. Anne Eriksen (2013) har òg publisert ein innspel til kulturmeldinga «*Utviklingen på museumsfeltet, vedlegg til kulturmeldinga*», der ho stadfestar dei positive sidene ved reforma, som er stordriftsfordeler og auka profesjonalisering. Ho trekk likevel fram at det har vore lite kritisk vurdering av målet med reforma og val og prioriteringar for museet framover.

Kulturrådet sin museumsundersøkelse 2018 blei publisert i vår (Kulturrådet 2019). Der blei alle museum som får økonomisk tilskot frå kulturdepartementet invitert til å svare på ei spørjeundersøking. Denne skulle ha som mål å undersøke om reforma har ført til eit konsolidert museumslandskap. Undersøkinga er svart på frå eit leiingsperspektiv og fokuserer i likskap med evalueringane frå Hordaland og Rogaland mykje på struktur. I rapporten blir det trekt fram at fleire museumsconsolideringar opplevde reforma som konfliktfylt, men at musea no har styrka institusjonane både organisatorisk, økonomisk og fagleg (Kulturrådet 2019:6).

Elles finst det ei rekkje rapportar om museumsreforma som ikkje kan seiast å vera forskning i tradisjonell forstand, men som likevel er viktige for kunnskapen min om museumsreforma. Dei har òg bidrege inn i analysen som empirisk materiale og er difor vist til i metodekapittelet òg.

1.4 Oppgåva sin struktur

Oppgåva har i alt seks kapittel beståande av innleiingskapittel med teoretisk perspektiv, metodekapittel, bakgrunnskapittel, to analysekapittel og eit avslutningskapittel.

Metodekapittelet gjer greie for val av forskingsmetode og kva konsekvensar metodevalet har fått for utforminga av oppgåva. Eg vil og seie noko om dei utfordringane eg møtte i feltet i samband med intervjuet eg gjorde, og dei refleksjonane eg har gjort for å sikre eit godt empirisk materiale som kan gje ein kritisk og fruktbar refleksjon i analysen. Bruken av andre skriftlege kjelder vil òg bli diskutert.

I bakgrunnskapittelet greier eg ut om dei sentrale føringane i museumsreforma, før eg kort seier noko om korleis dei to museumsconsolideringane er bygd opp. Til slutt vil eg drøfte kva som kjenneteiknar regionane som museumsconsolideringane ligg i, for å forsøke å skape eit heilskapleg bilete av undersøkingsområdet mitt.

I kapittel fire vil eg analysere kva som skjer i konsolideringsprosessen i Hardanger og Voss museum og kvifor. Eg vil basere analysen på dei tre regionskategoriane eg har presentert, nemleg politisk/administrativ, funksjonell og identifiserande. Ut i frå dette vil eg drøfte dei

regionale og stadlege hendingane og dei andre prosessane som finn stad i konsolideringsprosessen. I dette kapitlet er det særleg forholdet mellom indre og ytre strøk av Hardanger og forholdet mellom regionane Hardanger og Voss som er i sentrum. Dette vil nyttast for å drøfte korleis forholdet mellom stadar, stad og region og mellom regionar blir handtert i ein regionaliseringsprosess.

I kapittel fem vil eg på nytt analysere ein konsolideringsprosess basert på dei tre regionskategoriane politisk/administrativ, funksjonell og identifiserande regionar, men no vil eg ta for meg Ryfylkemuseet. Her er det særleg forholdet mellom fastlandsryfylke og øykommunane som er i fokus. Dette forholdet vil nyttast blant anna for å drøfte korleis deler av ein region kan verte regionalisert ut av regionen.

Avslutningskapitlet vil vere ei siste drøfting av kva eg meiner har påverka konsolideringsprosessane i dei to konsoliderte einingane, og dei tre regionane som blir omfatta av desse einingane. Eg kjem òg med forslag til vidare utforsking av feltet.

Kapittel 2: Metodisk tilnærming

2.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg gjere greie for den metodiske tilnærminga eg har hatt til feltet, og kva konsekvensar valet av metode har hatt. I valet av metode har eg har nytta meg av tre kvalitative metodiske grep som skal greiast ut: komparasjon, intervju og dokumentanalyse. Etterpå vil det empirisk materiale eg har nytta verte presentert. Materialet består av transkriberte intervju, og ulike typar av skriftlege kjelder som politiske dokument, historiske framstillingar og avisartiklar. Eg vil visa korleis materialet har blitt innhenta og korleis eg har brukt det i analysen. Så vil eg drøfte dei forskningsetiske problema ved metoden som har aktualisert seg i skriveprosessen. Til slutt vil eg skrive om fleksibiliteten i den kvalitative metoden og korleis det har påverka arbeidet med problemstillinga og analysen undervegs.

2.2 Val av metode

Sidan formålet med metoden er å svare på problemstillinga, vil problemstillingane bli styrande for valet av metode. Det er to hovudkategoriar av metodiske opplegg ein kan nytte seg av i samfunnsforskning, kvantitative og kvalitative metodar. Ofte blir dei nytta i kombinasjon men i ulik grad og styrke. Reine kvantitative metodar undersøker mengde, tal og hyppigheit. Med desse metodane søker ein å svare på spørsmål som «kor ofte?» og «kor mange?» (Grønmo 2015:22-24). Eg ønsker primært å analysere *kvifor* noko er som det er, nærare bestemt: *kvifor stadar og regionar reagerer som dei gjer på ein regionaliseringsprosess* (sjå problemstilling). For å svare på dette må eg nytte kvalitative metodar, dei søker nemleg nettopp å svare på dette.

2.3 Metodane og det empiriske materialet

Kvalitative metodar blir kjenneteikna av ei nær tilknytning til feltet og individa som det blir forska på, fordi forskaren deltar i utarbeidinga av det empiriske materialet (Alver og Øyen, 1997:130-131). Gjennom dei subjektive meiningane til informantane og i meningsfortolking av tekst, kan ein få djupnekunnskap om komplekse samfunnsmessige forhold (ibid.) – som det konsolideringsprosessane i dei to konsoliderte musea eg har undersøkt, representerer. Ved å nytte meg av tre metodiske grep for å analysera materialet mitt, får eg òg eit breiare grunnlag

for å forstå kvifor forholdet mellom stad og region har hatt noko å sei for korleis museumsreforma utvikla seg i dei to konsoliderte musea.

2.3.1 Komparasjon

For å få ein meir fruktbar analyse valte eg tidleg å ha eit komparativt blick på to museumskonsolideringar. Å samanlikne korleis dei to museumskonsolideringane blei påverka av konsolideringsprosessane, og av andre stadlege og regionale prosessar, var noko eg tenkte ville vere interessant å undersøke. Kvalitative komparasjonar består av få og klart avgrensa einingar. Kvar eining må studerast kvar for seg, og det særeigne ved kvar eining blir analysert. Ein tar derfrå sikte på å identifisere samanliknbare trekk ved einingane for å framheva likskap og ulikskap (Grønmo 2015:405). Noko av det som har vore interessant ved dei to museumskonsolideringane som har blitt analysert i denne oppgåva, er at dei hadde ulike føresetnadar for å gå inn i museumsreforma. Det er denne ulikskapen eg meiner kan bidra til ein meir fruktbar analyse. Eg er i tillegg nært knytt til den eine regionen som skulle undersøkast, Hardanger. For å ikkje få ei for nær og «festskriftprega» analyse kan eit komparativt blick vere nyttig, fordi ein då skjerpar tolkingsevna av materialet (Repstad 2007:37).

2.3.2 Dokumentanalyse

I ein dokumentanalyse tolkar ein meiningsinnhaldet i skriftlege kjelder som har relevans for undersøkinga (Repstad 2007:103-104). I denne oppgåva har eg hovudsakeleg nytta meg av tre ulike kategoriar av skriftlege kjelder for å få innsyn i og kunnskap om undersøkingsområdet, og som grunnlag for analysen. Den første kategorien er offentlege og politiske dokument som utgreiingar, rapportar og undersøkingar. Det er særleg dei offentlege utgreiingane i samband med reforma, og dei fylkesvise evalueringane av reforma, som har gitt meg mykje kunnskap om situasjonen i musea og museumslandskapet i fylka. Desse dokumenta har i tillegg vore gode supplement for å skape eit breiare grunnlag for å forstå og analysere konsolideringsprosessane. Særleg rapporten til Trygve Nordby (SonConsult 2013) har vore viktig. Desse dokumenta har eg greidd ut om delvis under punkt 1.3.5. Dokumenta som skildrar prosessen i museumsreforma går eg nærare gjennom i neste kapittel. Desse kjeldene

fekk eg tilgang til via kjeldesøk, dei andre masteroppgåvene om museumsreforma, rettleiaren min og via informant 6 som tipsa meg om rapporten til Trygve Nordby.

Den andre kjeldekategorien er anna materiale som fortel om lokale prosessar og hendingar, som avisartiklar og møtereferat. Denne kjeldekategorien blei viktig for å få informasjon om – og forstå – dei forholda som var i regionane då museumsreforma blei gjennomført. Ein del informasjon er heller ikkje tilgjengeleg på andre måtar enn gjennom avisene, sidan det begynner å bli veldig lenge sidan reforma starta og blei gjennomført (Repstad 2007:103-104). Mitt inntrykk er at den typen engasjement ein finn i lesarinnlegg i avisene, fortel korleis situasjonen var då det utspelte seg. I dei offisielle rapportane og kjeldene som har blitt til i etterkant er gjerne inntrykket meir harmonisert og konfliktdepande. Kjeldesøk i a-tekst si nettside har vore nyttig for å finne materiale til analysen.

Den tredje kategorien er historiske bøker og artiklar som tar for seg regionane, kommunane og bygdene som inngår i dei konsoliderte einingane som blir analysert i denne oppgåva. Saman med intervjumaterialet danna bøkene eit godt grunnlag, for å drøfte og analysere kvifor konsolideringsprosessane arta seg slik dei gjorde. Desse bøkene varierer i uttrykk, men dei har alle eit formål om å byggje oppunder områda dei skildrar. På denne måten vil dei bidra til regionalisering av regionane ut i frå Paasi sin teori om institusjonalisering av regionen (Paasi 1991:243). Denne påverknaden har eg forsøkt å vere bevisst på i analysen.

Bøkene frå Voss er reine bygdebøker, og byggjer opp om bygdebokparadigmet. Der blir bygda skildra som noko som alltid har eksistert, og der endringar i bygda skjer utifrå realiseringa av eit naturgitt prinsipp (Eriksen 2002:204-205). Bøkene «*Hardanger, ei regionhistorie*» kom ut i tre bind i 2015, desse bøkene har eit utradisjonelt utgangspunkt då dei nyttar regionen som ramme. Dei er ikkje tradisjonelle bygdebøker. I si vurdering av bøkene skriv Dag Hundstad (2015:639-645) at bøkene plukkar byggeklossane som utgjer regionen frå kvarandre, og ser på kva som eigentleg utgjer Hardanger som samhandlingsarena og referanseramme.

Ryfylkemuseet gjev kvart år ut ei årbok som tar opp aktuelle tema for museet og regionen. I denne serien har eg nytta to bøker, høvesvis dei frå 2003 og 2017, som tar opp tema kring det

å bu og leve i Ryfylke. Dei ulike typane av bøker har vore nyttig for å verte kjent med regionane, men særleg for Ryfylke. Denne regionen visste eg mindre om frå før enn om dei to andre regionane som inngår i analysen. Bøkene har bidrege til drøfting og diskusjon i bakgrunnskapittelet og i analysekapitla.

Eg har òg nytta meg av to artiklar, som har bidrege til kunnskap inn i analysen. Desse knyter seg primært til Hardanger, men dei har òg til dels har vore nyttige for analysen av Ryfylkemuseet. Dette er Angell (2015) sin artikkel «*å byggja ein region som merkevare. Historiebruk i Hardanger*» og Grove (2015) sin artikkel «*Eit nytt Hardanger? Eit regionalt perspektiv på kommuneendringane i 1960-åra*».

2.3.3 Kvalitative intervju

Som det blei nemnt ovanfor var dei subjektive meiningane til informantane viktige for analysen min. Grunnen til det, er at eg er interessert i å finne ut kvifor konsolideringsprosessen gjekk føre slik den gjorde. Då må eg òg finne ut kva meiningar og haldningar som fantes i musea, og som ikkje kom fram i dei offentlege dokumenta, rapportane og avisartiklane. Dette kravde at eg intervjuar tilsette i dei konsoliderte einingane. Målet i intervjuprosessen var å produsera kunnskap om temaet mitt. Denne kunnskapen blir til i samspelet mellom intervjuar og informant (Kvale og Brinkmann 2015:21-22). Eit fenomenologisk perspektiv danna grunnlaget for intervjuar. Det vil sei at informanten skildrar hendingar og meiningar frå dagleglivet, så tolkar intervjuaren meiningsinnhaldet i desse skildringane ut i frå informanten si oppleving av verda (Kvale og Brinkmann 2015:46). Det endelege transkriberte materialet, saman med resten av det empiriske materialet blei analysert ut i frå teorien som blei presentert innleiingsvis.

2.4 Gjennomføring av metodisk opplegg

Då problemstillinga var klar og val av metode var tatt, utforma eg eit informasjonsbrev til informantane og avgjorde kva informantar eg ynskte. Prosjektet blei meldt til Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) før informantane blei kontakta. NSD vurderer om forskaren oppfyller krava til personvern. Før prosjektet blei meldt måtte eg difor ta eit val angående anonymisering av informantane, oppbevaring av opplysningane og kva informasjon

informantane skulle få om temaet for oppgåva. I tråd med kravet om informert samtykke opplyser informasjonsbrevet om kva tema for intervjuet var, at det var frivillig å delta, at eg ynskte å ta intervjuet opp på band, at innhaldet blei handsama konfidensielt og at informantane blei pseudonymiserte². Det blei òg opplyst om at informantane fekk lese gjennom og godkjenne det transkriberte intervjuet. Å gje informantane mogelegheit til å kommentere det dei har sagt er eit viktig forskningsetisk poeng (NESH punkt 46, Alver og Øyen 1997:102-103).

I informasjonsbrevet blei informantane òg opplyste om at dei kunne trekkje seg frå å delta fram til dei hadde godkjent det transkriberte intervjuet. Eit informert samtykke inneber at informantane veit kva dei takkar ja til, og kva konsekvensar dette samtykket kan få (NESH punkt 5-18, Kvale og Brinkmann 2015:105). Det måtte likevel gjerast ei avveging mot å leggje for sterke føringar for intervjuet. For mykje informasjon om temaet og kva retning eg trudde analysen ville ta, kunne styre informantane sine svar i ei anna retning fordi informantane kanskje trudde at eg var ute etter eit bestemt svar (Kvale og Brinkmann 2015:104).

Informasjonsbrevet og ei kort skildring av kva informantar eg ynskte blei sendt til direktørane ved museet i Ryfylke og Hardanger og Voss. Valet om å sende e-posten til direktørane blei tatt fordi eg sjølv ikkje kunne vite kven som passa til det utvalet eg ynskte. Eg ville òg at dei tilsette skulle vite at dei kunne delta i intervju med samtykke frå direktøren. Av omsyn til informantane ynskte eg mest mogeleg openheit i prosessen. Eg ynskte ikkje at leiinga ved musea skulle tenke at noko var gjort i skjul. For å hindre at dei tilsette følte seg pressa til å delta var det eit poeng for meg at direktørane skulle be dei aktuelle informantane om å kontakte meg personleg. Det skulle ikkje vere kommunikasjon via direktøren. Eg ynskte å få brevet mitt formidla til personar med brei og lang erfaring frå museumsreforma. På eit vis, har dei informantane eg har nytta vore eliteinformantar med ein «ekspertstatus». Direktørane hadde sjølv sagt mogelegheit til å styre informantutvalet, og kanskje hindre at personar som var usamde med dei sjølv fekk kome til ordet (Repstad 2007:81). Samtidig er det over ti år sidan konsolideringsprosessane blei avslutta, og konflikhtar i samband med

² Tidlegare nytta ein omgrepet «avidentifisert». Dette er no endra. I omgrepet ligg det at ein ikkje nyttar namn på informantane, men at ein heller ikkje er anonymisert.

konsolideringsprosessane vil truleg ha blitt dempa etter kvart. Eg såg difor direktøren sin påverknad som ein ganske liten risiko for det endelege informantutvalet.

Viss informantutvalet hadde vore annleis ville eg fått eit anna materiale å jobbe med. Eit breitt samansett utval av informantar er ofte eit godt utgangspunkt, fordi ein då får belyst saka frå flest moglege sider (Repstad 2007:81). Årsaka til at eg ville nytte eliteinformantar var at informasjonen eg ynskte omhandla overordna linjer og samanhengar. Dette er informasjon som personar nært knytt til museumsreforma, og som kjente detaljane i denne, har. Det er viktig å hugse på at musea er relativt små organisasjonar med få tilsette, der nokre berre jobbar i høgsesong og andre, gjerne avdelingsleiaren, har fleire roller. Difor var det relativt få personar som såg dei store linjene og som kunne gje inngåande svar på spørsmåla mine. Repstad trekk fram at ein grundig analyse av relativt få intervju, er betre enn overflatisk handtering av mange (Repstad 2007:84). Basert på informantutvalet har eg valt ei slik tilnærming til analysen. Eg var førebudd på å møte personar som var vant til å snakke i forsamlingar, og som gladeleg tok ordet. I tråd med det Kvale og Brinkmann (2015:176) seier om å intervju elitepersonar forberedte eg meg ved å lese dokument, avisartiklar og rapportar som gjorde at eg hadde fagleg tyngde i intervjusituasjonen. Dette var noko eg opplevde å få gehør for, og eg opplevde at å ha ein profesjonell fagleg nærleik til informantane var fruktbart for intervjuet.

Intervjuguiden bestod av relativt få og omfattande spørsmål. Eg ville ha ein fleksibel intervjuguide som oppmoda til at eg skulle stille oppfølgingsspørsmål, og ta den vegen som intervjuet naturleg gjekk, utan for mykje korrigering undervegs. Dette var eit val eg tok samtidig som eg bestemte kva type informantar eg ynskte. Intervjuguiden blei utarbeida med tanke på at elitepersonar i større grad klarer å snakke fritt om tema, og at eg kunne justere spørsmåla etter kvart (Repstad 2007:79). Ofte blei spørsmål delvis svara på når vi diskuterte noko anna. Då var det ofte fruktbart å stille spørsmålet på ein litt annan måte, for å diskutere ei anna side av saka. Slik kunne vi òg gå meir i detalj på interessante aspekt ved det vi snakka om. Intervjuguiden blei laga så generell at det ikkje var behov for å endre den undervegs. Etter kvart som eg gjorde fleire intervju noterte eg nokre gonger om det kom opp ting som burde diskuterast med neste informant òg. Eg avgjorde tidleg å følgje opp interessante ting

som avveik frå intervjuguiden, og heller kontakte dei andre informantane med nye spørsmål i etterkant. Dette bad eg òg om lov til å gjere Eg ynskte denne fleksibiliteten fordi, meir kunnskap gjerne resulterer i fleire nyansar knytt til temaet og analysen – og eg ville ikkje misse desse (Kvale og Brinkmann 2015:147).

Som ein uerfaren forskar har intervjuprosessen vore ein krevjande læringsprosess, der eg etter kvart intervju blei tryggare i rolla. Dei fyrste intervju ber difor i større grad preg av at eg haldt meg til intervjuguiden eg hadde utarbeida. Intervju ber òg preg av at eg i mindre grad visste kva retning analysen ville ta. Dei siste intervju derimot, blei påverka av at eg visste kva retning analysen tok. Eg følte meg òg tryggare i situasjonen. Difor blei det stilt fleire oppfølgingsspørsmål, og eg kunne avvika frå intervjuguiden når det kjendest hensiktsmessig. På grunn av fleksibiliteten i metoden blei skilnadane mellom intervju ikkje eit problem. Den kunne ha blitt det om med mindre avvika mellom dei ulike intervju blei så stort at det empiriske materialet ikkje har nokon indre samanheng (Repstad 2007:79-80). Dette var noko eg var bevisst på å unngå i intervjusituasjonen.

Frå Ryfylkemuseet var det tre personar som deltok i intervju. Av desse hadde to lang leiarerfaring frå Ryfylkemuseet. Dei hadde difor svært inngåande kjennskap til dei konsekvensane museumsreforma har fått for organiseringa av museet (informant 1 og informant 2). Den tredje informanten hadde kjennskap til museumsreforma frå andre museum i landet. Informanten blei difor sett på som godt eigna for å svare på mine spørsmål med eit meir utanfrå-perspektiv (informant 3). Det var svært vanskeleg å oppnå kontakt med direktøren for Hardanger og Voss museum. Etter ei stund tok eg kontakt med ein tilsett ved Hardanger folkemuseum som eg kjente frå barndomen. Ho gav meg informasjon om andre personar som kunne vere aktuelle informantar, og soleis blei ho og to andre personar intervju. Eg blei difor avhengig av ei snøballutveljing for å få tak i informantar frå Hardanger og Voss. Snøballutveljing vil sei at eg som intervjuar ber informanten om å kome med forslag til andre informantar, basert på det utvalet eg ynskjer meg. Sidan eg hadde avgrensa innsikt i kven som kunne vere gode informantar oppfatta eg dette som ein god måte å få kontakt med potensielle informantar på (Grønmo 2015:117). Til saman tre personar deltok frå Hardanger og Voss museum, ein tidlegare tilsett i leiarstilling som deltok svært aktivt i

konsolideringsprosessen (informant 5), og to noverande tilsette i leiarstillingar ved to ulike avdelingar (informant 4 og informant 6).

Repstad (2007:87) trekk fram at det å intervjuje personar på arbeidsplassen kan vere positivt, og at det uansett er lurt å velje ein stad der informantene føler seg heime. Dette var eit ideal eg ynskte å imøtekomme ved å la informantane velje stad for intervju. På grunn av dette blei nokre intervju utført i møterom eller lunsjrom, som ikkje var ideelt fordi vi blei forstyrra av andre. Dette fekk ikkje nemneverdige konsekvensar for informantane sine svar, då tok vi berre ein pause i intervjuet, til vi var aleine igjen.

Informant 1 og informant 2 intervjuja eg saman, i eit opent kontorlandskap ved Ryfylkemuseet sine lokalar. Det siste intervjuet i Ryfylke med informant 3 gjorde eg på kontoret til informanten. Begge intervjuja blei gjort rett etter kvarandre, i arbeidstida. Informant 1 og informant 2 var begge på veg ut av arbeidslivet. Repstad (2007:59) hevdar at svara deira difor kan vere i overkant kritiske eller problemorienterte dels fordi dei ikkje har noko å tape på å vere kritiske. Informant 3 var derimot nytilsett og difor fokusert på å løfte og føre museet inn i framtida. Dette kan stilla seg i motsett ende av skalaen, då vedkommande skal arbeide i museet framover, og ei harmoniserande innstilling difor er meir føremålstenleg (Repstad 2007:59). Informantane verka etter mitt syn ikkje å vera særleg farga av sin situasjon og eg opplevde at dei ynskte å svare oppriktig på spørsmåla mine.

Den fyrste informanten frå Hardanger og Voss museum, informant 4, hadde permisjon frå stillinga si. Det at vi kjende kvarandre frå før av gjorde nok at samtalen gjekk lettare og at diskusjonen flaut friare. Det var enkelt å stille både omfattande og kritiske spørsmål og få svar på desse spørsmåla. Den andre informanten frå Hardanger og Voss museum, informant 5, jobba ikkje lenger ved museet. Dette var noko som prega den delen av intervjuet som gjekk på kva effektar museumsreforma hadde fått, elles var informanten svært engasjert i temaet. Museumsreforma hadde prega tida ho var tilsett ved Hardanger Folkemuseum. Den tredje informanten frå Hardanger og Voss museum, informant 6, jobba ved den eine avdelinga. Intervjuet blei gjort i eit møtelokale. Han jobba ikkje ved museet før reforma, og svara bar

difor preg av at ein del tema ikkje kunne diskuterast i djupne. I likskap med dei andre informantane var han òg svært engasjert i museet og konsekvensane av reforma.

Etter det fyrste intervjuet med informant 1 og informant 2 oppdaga eg at opptaksfila mi var øydelagd. Dette oppdaga eg straks etter at intervjuet var ferdig, og dei eg hadde intervjuast stilte opp for eit intervju til med ein gong. Det problematiske med intervju nummer to var at vi allereie hadde snakka i ein times tid om alle spørsmåla. Difor blei ein del informasjon som blei gitt i det fyrste intervjuet forbigått, eller tatt som ei sjølvfølge og ikkje kommunisert. Eg opplevde likevel dette intervjuet som delvis utfyllande og supplerande til det fyrste. Det kom fram ein del ny informasjon, særleg informant 2 var meir open og komfortabel i intervjurunde to. Eit fyrste møte mellom informant og intervjuar før intervjusituasjonen kan gjere informanten tryggare på intervjuaren (Repstad 2007:87), noko eg trur har skjedd i denne situasjonen. Eg avtalte med dei to informantane at eg skulle sende det transkriberte intervjuet og ei oppsummering av det eg hugsa frå fyrste intervju til dei for godkjenning. Då eg kom heim klarte eg å redde det fyrste kvarteret av det fyrste intervjuet, dette blei òg transkribert og sendt til dei.

Allereie før eg byrja å intervjuast tok eg eit val om å ikkje transkribere intervjuast på dialekt, eg vurderte det slik at fordelane ved å transkribere på dialekt var små. Det ein mister ved å ikkje transkribere materialet på dialekt er at det ikkje kan nyttast til å analysere dialektforskjellar eller språk. For meg var det meiningsinnhaldet som var viktig, noko som gjer ei dialekt nær transkribering overflødig (Kvale og Brinkmann 2015:209, Repstad 2007:100-102). Grunnen til at eg valde å transkribere på bokmål eller nynorsk var todelt. Det eine omsynet var til meg sjølv, eg skulle intervjuast personar med mange ulike dialektar. Eg hadde ikkje føresetnad for å forstå dei små dialektvariasjonane og var difor redd for å misforstå ord og meiningsinnhald. Det andre omsynet var til informantane. Som dialektbrukar opplever eg det som provoserande når utanforståande skal «herme» etter min dialekt. Å banalisere dialekten til informantane min på denne måten, var noko eg var svært bevisst på å unngå. Av omsyn til mitt samarbeid med informantane ynskte eg difor ikkje å attgjve intervjuast i dialektform. Eg valde å transkribere intervjuast på ein kombinasjon av nynorsk og bokmål, alt etter kva som passa best for informanten sin dialekt.

2.5 Etske problemstillingar

I samband med val av metodisk opplegg, oppstår det ofte etske problemstillingar ein må svare på. I samband med innsamlinga og analysen av det empiriske materialet har eg møtt tre etske problemstillingar som eg har brukt tid på å drøfte for å løyse eller vere bevisst på.

2.5.1 Anonymisering

Som eg nemnte ovanfor måtte eg melde prosjektet mitt til NSD. NSD sin rettleiar for om du må eller ikkje må melde prosjektet ditt til NSD seier: [du treng ikkje melde prosjektet ditt] – «*hvis du kun skal behandle opplysninger som ikke på noen måte kan spores tilbake til en person*» (NSD 2018). Sidan heile oppgåva mi handlar om to konsoliderte museum, og stadane og regionane som høyrer til musea, så er det umogeleg og uføremålstenleg å anonymisere. Eg vil likevel poengtere at sjølv om valet om ikkje å anonymisere var lett for meg, så var det ikkje uproblematisk. Eg måtte vurdere grundig korleis eg skulle handtere den manglande anonymiseringa.

Den kvalitative tilnærminga baserer seg ofte på eit lite utval av informantar i gjennomslktige samfunn, der alle kjenner alle. Det er i tillegg ofte detaljerte skildringar frå informantane sine liv som kjem fram (Alver og Øyen 1997:119). Å utelate informasjon om kva museum og regionar som har vore sentrum for min analyse, kunne i verste fall føre til at viktige kjelder og kunnskap blei utelate. Det er til dømes ikkje irrelevant at informantane mine har brei erfaring frå museumsreforma. I tillegg kjem det fram kva einingar dei har jobba ved og gjerne kva stilling dei har hatt. Summen av denne informasjonen er at personar i nærmiljøet eller kollegaer kan finne ut kven som har deltatt som informantar. Informantane er dermed ikkje lengre anonyme (Alver og Øyen 1997:122).

Anonymisering blei ut i frå desse argumenta umogeleg å gjere, av omsyn til det empiriske materialet og alt bakgrunns materialet om reforma og regionane. Av den grunn valde eg å pseudonymisere informantane. Dette vil sei at det blei nytta eit anna namn når informantane blei omtalt i oppgåva. Grunnen til at eg valde å gjere det på denne måten, var at det sentrale i oppgåva ikkje var kven som deltok i kraft av seg sjølv, men stillinga dei har hatt ved museet og

den tyngda det gjev dei. Ein veit i tillegg ikkje kva implikasjonar innhaldet i oppgåva kan ha for informantane i framtida. Ved ikkje å nytte informanten sitt namn i oppgåva unngår ein blant anna at enkle søk på internett kan knyte informanten til oppgåva. Når informanten i seg sjølv, i kraft av namnet sitt, ikkje var viktig for innhaldet, valde eg difor å pseudonymisere òg av føre-var-omsyn.

2.5.2 Om bruk av eige nettverk

For å få tak i informantar frå Hardanger og Voss museum måtte eg nytte meg av mitt eige nettverk. Denne måten å få tak i informantar på er ganske vanleg innanfor kvalitativ forskning, som eg skreiv tidlegare, til dømes når ein ikkje har ikkje føresetnad for å velje informantar sjølv (Alver og Øyen 1997:131). Sidan det var vanskeleg å få kontakt med direktøren ved museumseininga, kontakta eg difor ein tilsett ved Hardanger folkemuseum. Sjølv om temaet for oppgåva ikkje er særleg kontroversielt, reforma er avslutta og eventuelle konflikhtar er relativt langt tilbake i tid, satt det langt inne å bruke mitt eige nettverk. Årsaka til dette er at eg var redd det skulle innskrenke frivilligheita til informantane, og at det å delta i intervju kunne bli oppfatta som ei venneteneste for informant 4 (Alver og Øyen 1997,:131). Det gjekk etter kvart så mykje tid at eg opplevde at dette var den einaste måten å få tak i informantar på. For å redusere risikoen for innskrenka frivilligheit, nytta eg e-post for å ta kontakt. Eg vurderte det som lettare å takke nei til ein førespurnad på e-post, enn om den var framsett til dømes per telefon eller ansikt til ansikt.

Informant 4 var ein del av mitt perifere nettverk. På førehand vurderte eg om det var sannsynleg at temaet for intervjuet ville vere av ein sånn karakter at informanten kunne kome til å fortelje noko ho ikkje ville fortalt til ein anna intervjuar. Kvale og Brinkmann (2015:98) skriv at ei grundig etisk vurdering av tema i forkant av intervjuet, og i sjølve intervjusituasjonen kan forhindre at ein trækker over grensene for kva som er etisk forsvarleg ovanfor informanten. Etter å ha reflektert over korleis eg skulle handtere situasjonen viss intervjuet gjekk i retning av for mykje nærleik, vurderte eg situasjonen dit at min relasjon til informanten var ganske fjern, og at temaet for intervjuet tilsynelatande ikkje var særleg kontroversielt. I intervjusituasjonen oppstod det heller ikkje nokon vanskelege etiske vurderingar, den openheita og tilliten eg opplevde frå informanten verka slik eg såg det,

positivt på samtalen. Den profesjonelle faglege nærleiken eg fekk gjennom min kunnskap om reforma bidrog, etter mi vurdering, og til at intervjusamtalen heldt seg etisk forsvarleg.

2.5.3 Nærleik og distanse

Ei sentral etisk problemstilling når ein nyttar kvalitative metodar er forholdet mellom nærleik og distanse. Personleg interesse for temaet ein undersøker er ofte eit godt utgangspunkt for vidare utforsking, men om du blir for personleg, for nær, kan oppgåva bikke over i å bli eit festskrift (Repstad 2007:39). Ein kan i tillegg bli «heimeblind», det vil sei at ein ikkje stoppar opp og undrar seg over kvifor noko er som det er, fordi hendinga er daglegdags for ein sjølv. Viss ein ikkje har nok distanse til det som skal analyserast, kan ein hamne der at ein ikkje klarar å heve materialet opp til eit analytisk nivå. På den andre sida kan òg for stor distanse bli eit problem. For stor distanse gjer at ein ikkje har nok kunnskap og innsikt i stadane og regionane der informantane lev liva sine. Då kan ein problematisere for mykje, eller få vanskar med å forstå kva som er viktig informasjon.

I denne oppgåva har eg hatt risiko for å støyte på begge deler, ved at eg har ein nærleik til feltet i Hardanger og ein distanse til feltet i Ryfylke. Eg valte å ha eit komparativt blikk for å skape ein distanse til Hardanger, men i det valet måtte eg òg sørge for å skape ein nærleik til Ryfylke.

Fordelen med nærleik til feltet er at ein viss førehandskjennskap til feltet gjer at ein i større grad forstår kva informantane snakkar om (Repstad 2007:39). Då eg intervjuar informantane frå Hardanger og Voss museum visste eg stort sett kva saker dei refererte til, kva stadar og personar dei snakka om. Eg forsto kvifor dei handterte konkrete saker slik dei gjorde, fordi eg var lokalkjent, og difor hadde ein nærleik til feltet eg undersøkte. Det at eg var frå Hardanger og har budd på Voss opplevde eg som positivt i intervjuar med informantane, fordi ein då kjenner seg nærare kvarandre. Eg opplevde at det at eg skulle studere museumsreforma, var med på å skape ein distanse til Hardanger som region. Museumsreforma var ganske ukjent for meg, og der var lite eg kunne ta for gitt. Det kravde at eg las meg opp på temaet. Då intervjuar handla om museumsreforma og konsolideringsprosessen, var det i utgangspunktet nytt stoff for meg.

Eit komparativt blikk blei valt fordi det kunne gjere analysen meir fruktbar, men òg fordi det er med på å skape ein distanse til Hardangerregionen. Ved å sjå på museumsreforma i Ryfylke og Hardanger kunne eg dra veksler på min distanse til Ryfylke for å i større grad problematisere det som skjedde i Hardanger, og omvendt. Det problematiske med distanse til feltet er, som nemnd over, at ein i mindre grad klarar å sjå kva som er viktig og uviktig informasjon. For mykje distanse til feltet gjer at ein får eit tilskodarperspektiv, som gjer at ein ikkje får innsikt i informantane si røynd (Repstad 2007:130). Ved å trekke inn kva eg såg av tendensar i Hardanger, var det lettare å problematisere og drøfte likskap og ulikskap i Ryfylke og omvendt.

For å få ein god analyse har det vore viktig for meg å kunne balansere forholdet mellom nærleik og distanse. Det å kunne dra vekslar mellom regionane var eit av dei grepa eg såg som mest fruktbart for analysen. Det var med på å belyse fleire sider ved museumsreforma som eg trur hadde vore vanskelegare å sjå om eg hadde gjort ein casestudie. Kjennskap til forholda på den eine staden hjelpte meg til å forstå kva eg måtte sjå etter hos den andre.

Til sist vil eg nemne at mi rolle som «harding» ikkje var noko eg opplevde som vesentleg for å skape nærleik og tillit. Det var primært rolla som «kulturvitar» og ein som var interessert i museet som skapte nærleik i feltet. Alle informantane hadde bakgrunn frå universitetet og dei fleste hadde bakgrunn frå kulturvitskap i større eller mindre grad. I rolla som forskar, opplevde eg stor tillit frå informantane, der vår felles universitetsbakgrunn var ramma for denne tilliten. Dei seks informantane verka å ha tillit til at eg hadde forståing av feltet, og at eg kjente til det eg skulle undersøke. Dette grunnar nok i at eg i starten av intervjuet snakka litt om kva eg visste om reforma, for å skape ein profesjonell nærleik til informantane.

2.6 Den kvalitative metoden sin fleksibilitet

Noko av det som gjer den kvalitative metoden spanande og vanskeleg er fleksibiliteten i det metodiske opplegget. For min eigen del blei det blant anna aktuelt å tilpasse intervjuguiden etter kva kunnskap den einskilde informanten hadde. Nokre informantar kunne mykje om eit spesielt tema, eg ynskte å følgje opp denne kunnskapen sjølv om det gjekk utanfor tema og

spørsmåla i intervjuguiden. Det var difor viktig for meg å hugse på å ikkje miste målet med intervjuet av syne. Då kunne eg ha risikert å miste oversikt over tema og problemstillingane mine, og sitte att med eit materiale som ikkje kunne nyttast (Grønmo 2015:145). Dette blir gjentatt av Repstad (2007:79) som seier at ein fleksibel intervjuguide ikkje betyr at ein skal vere uførebudd, eller at ein ikkje skal ha ei gjennomtenkt referanseramme av spørsmål til informanten.

Denne fleksibiliteten i metoden gjorde at eg heile tida utvida kunnskapsgrunnlaget mitt, då eg stadig fekk ny kunnskap om regionane og museumsreforma. Eg opplevde at intervjusituasjonen endra utgangspunktet for oppgåva mi, og særleg problemstillingane blei spissa inn mot området stad og region i museumsreforma. Eg opplevde at intervjusituasjonen produserte ny kunnskap (Kvale og Brinkmann 2015:21-22). Saman med auka innsikt i den skriftlege empirien heile vegen gjennom arbeidet med oppgåva, har blitt gjort små endringar i tema, problemstilling og utforming av analysekapitla. Det å revurdere mine haldningar og forståing av feltet undervegs i prosessen har vore svært spanande. Det kravde at eg heile tida tenkte gjennom korleis eg nytta teorien og empirien.

Det er viktig for meg å understreke at fleksibiliteten ikkje berre har vore positiv for oppgåva mi. Som ein forskar utan erfaring har dette ført til at eg i periodar blei avspora og skreiv om noko heilt anna enn det som blei resultatet til slutt. Viss eg hadde hatt meir erfaring med opplegget, kunne dette vore unngått. Eg ser likevel på det som ein god erfaring å ha med seg, då eg opplever å ha lært mykje, sjølv om det har gjort tidspresset større for meg sjølv.

Kapittel 3: Bakgrunnskapittel

3.1 Innleiing

I dette kapittelet vil eg skape ei bakgrunnsramme for å forstå konsolideringsprosessane i dei to konsoliderte musea som skal analyserast i denne oppgåva. Fyrst vil eg gjere greie for dei overordna prosessane og føringane i museumsreforma, kva som var målet med den, og korleis den blei gjennomført. Deretter vil eg kort skildre dei to konsolideringane som skal analyserast i detalj i analysekapitla. Til sist vil eg drøfte regionane som inngår i konsolideringane ut i frå omgrepa politisk/administrativ, funksjonell og identifiserande region. Kva er det som kjenneteiknar regionane. I denne samanhengen vil eg blant anna gjere greie for trekk ved den historiske utviklinga i regionane, og skildre livet og utviklinga der. Samla skal dette gje innsyn i grunnlaget som reforma skulle byggjast på, og danne ei bakgrunnsramme for å forstå korleis reforma utvikla seg i dei to museumskonsolideringane – og kvifor den utvikla seg slik.

3.2 Museumsreforma

Museumsreforma var eit resultat av eit statleg behov for ei institusjonell opprydding, og eit auka behov for profesjonalisering av museumssektoren. Som eg nemnte i innleiingskapittelet, førte innføringa av tilskot til halvoffentlege museum i 1975 til at det vaks fram eit hav av små museum i Norge (Eriksen 2013:1). For å få kontroll med utgiftsauken tok staten i større grad til å stille krav til korleis musea blei drifta. Dette blei òg grunngeve med å sikre eit visst museumsfagleg nivå. Museumsreforma skulle svare på dette. I 1996 kom det ei utgreiing som leia fram mot museumsreforma, *Museum: mangfald, minne, møtestad* (museumsutgreiinga). Denne hadde som mandat å «[...] utarbeida eit grunnlag for ein nasjonal museumspolitik som set musea inn i ein heilskapleg samfunnsmessig samanheng» (NOU 1996:7:10). Det blei lista opp mange forslag til tiltak for å forbetra og styrka sektoren, som finansierings- og ansvarsmodellar og kvalitetshevande tiltak for fellestenester, konservering og formidling. Det blei argumentert for å samle musea i ein nettverksmodell, der dei musea som arbeidde ut frå like problemstillingar kunne samle seg rundt eitt ansvarsmuseum.

Sjølve museumsreforma blei starta med St. meld 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving (ABM-meldinga). ABM-meldinga skisserer tre viktige mål med reforma; konsolidering i større robuste einingar, fagleg kvalitetsheving og evne til å takle utfordringar i framtida. Innleiingsvis blei det sagt at bevaring og styrking av lokalt engasjement, fagleg kompetanse på regionalt nivå, og samordning i nasjonale nettverk skulle vera retningsgjevande prinsipp for organisering av museumssektoren. Vidare blei det sagt at ei konsolidering av musea ikkje skulle ha sentralisering som mål, men at «lokale museum bør framleis finnast som formidlingsarenaer», og at det bør arbeidast for ei «samorganisering på regionalt nivå for å oppnå ei fagleg kvalitetsheving» (St. meld 22 (1999-2000):8). Som eg allereie har nemnt var eit viktig mål med museumsreforma òg at musea skulle vera rusta til å handtere komplekse spørsmål, som den fleirkulturelle utviklinga og digitaliseringa av samfunnet. Dei musea som valde å konsolidere seg fekk løyvd ekstra midlar som skulle stimulere til kvalitetsheving og profesjonalisering. ABM-meldinga skisserte ei opptrapping av driftstilskotet, og for perioden 2005-2009 auka dei offentlege tilskota med 9-13 % (Eriksen 2013:1). ABM-meldinga gjekk vekk frå nettverksmodellen som blei foreslått i museumsutgreiinga, og fokuset blei heller lagt på ein strukturmodell som la vekt på korleis organisasjonen skulle byggjast.

I st. meld nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014 (kulturmeldinga) blei det gjort opp status for arbeidet med museumsreforma så langt. Det som blei sagt i ABM-meldinga blei i stor grad attgjeve, men det blei òg tydeleg at sjølv om reforma fokuserte på det kvalitative, så låg det forventningar til fagleg og økonomisk/administrativ optimalisering av ressursar. Strukturmodellen blei sett som eit godt utgangspunkt for å få dette til. Hovudvekta blei lagt på korleis musea kunne organisera seg for å ivareta oppgåvene sine på ein god måte, blant anna blei det skissert kor mange stillingar eit museum minimum burde ha, på kva måte musea skulle konsolidera seg og korleis museet skulle driftast. Kulturmeldinga fokuserte òg på at det var viktig at ein tenkte over kvifor ei konsolidering var ynskjeleg utover det reint økonomiske tilskotet (st. meld nr. 48 (2002-2003):179-180). Vi ser difor at kulturmeldinga vidarefører fokuset på det kvalitative og faglege i museumsreforma, men at dei økonomiske og administrative fordelane med større einingar òg blei tydelege.

St. meld nr. 49 (2008-2009) Framtidas museum (museumsmeldinga) markerer avsluttinga av reforma, og det som blei lagt fram i kulturmeldinga blei utdjupa. Det blei blant anna fokusert på korleis musea skulle organisere seg, at det å samle fagleg kompetanse ville gje faglege synergieffektar og at lågare grad av integrering ville gje mindre utbyte. Vidare blei det igjen trekt fram at musea skulle organiserast med eitt styre, og at det var naudsynt med full fagleg og administrativ integrering for å oppnå ønska effekt av reforma (st. meld nr. 49 (2002-2003):12, 112-113). Museumsreforma som strukturereform var i hovudsak ferdig i 2009, men reforma som kvalitetsreform blir vidareført gjennom dei føringane som ligg i budsjettproporsjonane til kulturdepartementet, og føringane i tilskotsbrevane til musea.

Kort tid etter at museumsreforma formelt var avslutta blei artikkelen «Organisering av museene. En evaluering av organisasjonsformer i kjølvannet av museumsreformen» (Fossestøl, Breit og Heen 2013) publisert. Den tok for seg fire ulike museumskonsolideringar for å sjå på ulike måtar musea kunne driftast på. Der blir det trekt fram kva som var målet med museumsreforma. Ein peikar på dei fire F-ane som fyrst blei omtalt i ABM-meldinga, altså formidling, forskning, forvaltning og fornying. Måten ein skulle nå dette målet på var gjennom struktureforma som museumsreforma representerte. Artikkelforfattarane meiner at ein i nokon grad kan sjå at musea har oppnådd stordriftsfordelar gjennom reforma. Som eg nemnte i innleiingskapittelet har likevel fleire av musea ein så kompleks administrativ oppbygging at ressursane ikkje strekkjer til for å oppnå dei faglege synergieffektane ein skulle få gjennom struktureforma. Dette er òg synleg i ein av dei to konsoliderte einingane som blir analysert i denne oppgåva. Forfattarane peikar difor på at ytterlegare konsolidering og full integrering internt i konsolideringane kanskje er naudsynt for å oppnå det som var formålet med reforma (Fossestøl, Breit og Heen 2013:31-32).

Anne Eriksen skreiv eit innspel til kulturmeldinga: Om utviklinga på museumsfeltet (2013) i samband med museumsreforma. Som nemnt tidlegare stadfestar ho det eg har nemnt over som positive sider ved reforma, nemleg at ein har fått til ei profesjonalisering av musea, både fagleg og administrativt (Eriksen 2013:2). Det ho trekkjer fram som problematisk med reforma er at det ikkje er gjort nokon kritisk vurdering av mål, prosess eller arbeidsform. Heller ikkje dei overordna måla med musea si verksemd har blitt vurdert, og i den noverande situasjonen

er det eit fråvær av prinsipielle diskusjonar kring val og prioriteringar i museumsverksemda. Dette gjer at kvart museum i stor grad må finne ut av dette sjølv.

Det er venta ei heilskapleg evaluering av museumsreforma hausten 2019, i samband med utgreiinga som er venta blei det laga ein rapport: Kulturrådets museumsundersøkelse 2018 (Kulturrådet 2019). Rapporten skulle fyrst og fremst vere ei framstilling av dei konsoliderte musea si oppleving av reformperioden, status og framtid utfordringar. Rapporten seier at reformperioden for fleire museum blei opplevd som konfliktfylt, med interessekonfliktar i samband med kompliserte eigar- og ansvarsstrukturar. Eit fleirtal av museumsleiarane meiner likevel at reforma har styrka institusjonane organisatorisk, økonomisk og fagleg. Museumsnettverka får æra for det styrka faglege samarbeidet med andre museum. Dette blir og trekt fram både av Eriksen (2013) og Fossetøl, Breit og Heen (2013).

3.3 Dei to konsoliderte einingane

Ryfylkemuseet blei «konsolidert» allereie tidleg på 1980-talet med ein samla administrasjon og stab på Sand i Suldal (Rogaland Folkemuseum 1981:8). Ryfylkemuseet blei så konsolidert i samband med museumsreforma i 2002, og er i dag ansvarsmuseum for kommunane Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal, Sauda, Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy. Noko av det som er spesielt med Ryfylkemuseet er at det har ein meir desentralisert museumsstruktur, i den forstand at dei fleste bygningane står der dei opphøveleg har stått (Rogaland folkemuseum 1981:2-3). Nokre av dei største museumsanlegga er Hummarmuseet på Kvitsøy, Viga Museumsgard i Hjelmeland, Åbøbyen og industriarbeidarmuseet i Sauda. I tillegg er det små anlegg på Finnøy og Rennesøy. I Suldal driftar dei mange anlegg, blant anna fleire gardstun og andre museumsanlegg.

I Hordaland tok det lengre tid før ein kom ordentleg i gang med reformarbeidet, og Hardanger og Voss museum blei konsolidert først i 2006 og 2007. Konsolideringane i Hordaland baserer seg på at museum i geografisk nærleik skulle konsolidera seg saman. Museet har fleire avdelingar, med styrarar på Hardanger folkemuseum, Voss folkemuseum og Fartøyvernssenteret. I tillegg har ein små museumsanlegg som Ingebrigt Vik museet, Kunsthuset Kabuso, Agatunet, Skredhaugen, Kvam bygdemuseum, Granvin bygdemuseum og

Nesheimstunet. I dag er Hardanger og Voss museum ansvarsmuseum for kommunane Odda, Ullensvang, Jondal, Kvam, Voss, Granvin, Ulvik og Eidfjord. I analysekapitla vil eg greie ut om forholda i dei to museumskonsolideringane, og korleis reforma og andre regionaliseringsprosessar har vore med på å forme det resultatet vi ser av desse prosessane i dag.

3.4 Regionane


For å forstå korleis konsolideringsprosessen utvikla seg, og for å forstå forholda i dei konsoliderte einingane i dag, er det viktig å forstå dei regionale prosessane som har utspelt seg tidlegare. I denne delen vil eg gjere greie for dei historiske og notidige regionaliseringsprosessane som har ført dei ulike regionane dit dei er i dag, ut i frå omgrepa politisk/administrativ, funksjonell og identifiserande region. I denne oppgåva er det museumskonsolideringane Hardanger og Voss museum og Ryfylkemuseet som skal undersøkast, og det er difor regionane Hardanger, Voss og Ryfylke som blir omtalt i dei neste avsnitta.

3.4.1 Hardanger

Hardanger som politisk/administrativ region

Allereie frå tidleg mellomalder kjenner vi til Hardanger som ein del av eit politisk/administrativt nivå i Norge. Hardanger var eige futedøme fram til 1660, då det blei ein del av Hardanger og Voss futedøme (Grove 2015:357). Fram til 1660 var Hardanger òg nemning på ei sysle som omfatta Kinsarvik og Ullensvang skipreide (Grind: Skipreideinndelinga). Det fantes altså politisk/administrative einingar som nytta namnet «Hardanger» som område for utøving av makt, allereie i mellomalderen (Paasi 1991:242-243 og 2009:467-468). Prestegjelda og sokna som hadde eksistert frå mellomalderen, utvikla seg utover 1700-talet til å vera gjeldande forvaltingsnivå i Norge, fram til formannskapslovene av 1837 (Wikipedia 2018: Prestegjeld). På denne tida fekk Hardanger òg andre administrative overbygningar som legedistrikt og sorenskrivar (Angell og Kolle 2015:166). I Hardanger var det fleire prestegjeld som endra namn og grenser med jamne mellomrom, og sokna i desse prestegjelda danna grunnlaget for dei kommunane som blei til med formannskapslovene.

Etter kvart som kommunane og soknekommunane blei tillagt fleire oppgaver frå statleg hald, byrja endringane i dei kommunale inndelingane. På grunn av ein konflikt om skulehuset på Strandebarm blei Jondal skilt frå Strandebarm prestegjeld i 1845. Ulvik prestegjeld blei delt i tre i 1890, i Ulvik, Granvin og Eidfjord. Desse tre herada hadde aldri hatt eit integrert styre, men alltid fått sitt økonomiske tilskot delt i



Figur 1 Hordaland fylke delt i regionar. Hardanger i grønt, Voss i rosa.

tre mellom sokna. I 1913 blei Ullensvang prestegjeld delt i Odda, Ullensvang og Kinsarvik, der motivasjonen i stor grad var at Ullensvang og Kinsarvik frykta konsekvensane av industrialiseringa i Odda (Angell og Kolle 2015: 172-174). På denne tida blei det òg synleg at regionen var delt politisk, religiøst og kulturelt. Der det i dei indre strøka var den frilynde ungdomsrørsla som rådde, var det i dei ytre strøka, særleg i Kvam herad, lekmannsrørsla og bedehuskulturen som fekk fotfeste. Politisk viste regionen seg òg som delt etter same grense, med eit skilje mellom Venstre/Bondepartiet som dominerande i indre strøk, og dei moderate og etter kvart Kristeleg Folkeparti i dei ytre strøka (Angell og Grove 2015:157-158).

Med kommunereforma i 1965 blei Hardanger oppdelt i seks kommunar: Odda, Ullensvang, Ulvik, Granvin, Jondal og Kvam. Eidfjord blei med grunnlag i robust økonomi, som følgje av vasskraftverka sine, skilt ut frå Ullensvang som eigen kommune 13 år seinare (Grove 2015:366).

Det finst berre eitt politisk/administrativt organ i dag som har Hardanger som ramme for utøving av makt: Hardanger tingrett (Hardanger Tingrett: Om Hardanger tingrett). Det som

kjem nærast eit felles politisk/administrativt organ utover dette er Hardangerrådet. Hardangerrådet har ein sentral posisjon som regional aktør³ i Hardanger i dag. Rådet er ikkje ei reint politisk eller administrativ eining, men eit selskap som skal påverka kommunane og sentrale statlege og private aktørar. Hardangerrådet blei stifta som eit IKS i 1999 og blir eigd av alle kommunane i Hardanger. Formålet med Hardangerrådet er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar, og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd (Hardangerrådet: Om Hardangerrådet). Eg vil skrive meir om Hardangerrådet sitt arbeid under delen «Hardanger som identitetsregion historisk og i dag».

Hardanger som funksjonell region

Før bilen blei dominerande framkomstmiddel var det fjorden som samla Hardingane. Til dømes blei dampskipsselskapet «Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap» (HSD) stifta i 1880, og med mange stopp for skyssbåtar, og lastebåtar som frakta gods, blei regionen bunden tettare saman (Byrkjeland og Grove 2015: 264). På omlag same tid blei det oppretta fleire regionale institusjonar som Hardanger folkehøgskule, Hardanger folkemuseum, Hardanger ungdomslag og Hardanger historielag. Desse institusjonane knyter alle seg til kulturlivet.

Regionen er prega av å ikkje ha noko felles sentrum for utøving av dagleglivet sine gjeremål. Det er tre sentrum i regionen som knyter seg til arbeidsmarknader, kulturliv og skular: Norheimsund, Odda og Voss. Voss er ikkje ein del av Hardangerregionen, men har historisk vore nært knytt til dei tre hardangerkommunane Granvin, Ulvik og Eidfjord. Til desse tre sentra høyrer det i dag tre aviser. Hordaland folkeblad dekkjer i hovudsak Kvam og Jondal; Hardanger folkeblad dekkjer i hovudsak Odda og Ullensvang; avisa Hordaland, som kjem ut på Voss, dekkjer i hovudsak Eidfjord, Ulvik og Granvin. Funksjonelt er det altså lite som knyter regionen saman i kvardagen til innbyggjarane. Dei orienterer seg heller på stadleg nivå. Dette betyr likevel ikkje at den regionale ramma ikkje har ein funksjon, noko eg vil gå nærare inn på under og i analysekapitla.

³ Ein regional aktør kan vere grupper, institusjonar eller personar som er særleg involvert i å skape regional identitet i ein region (Paasi 2009, s. 140-142)

Hardanger som identitetsregion historisk og i dag

Frå midten av 1800-talet blei Hardanger eit symbol på eit nasjonalt landskap, og regionen blei representant for det «opphaveleg» norske. For eliten i Christiania blei Hardanger sett på som det romantiske idealet for Norge, representert ved maleriet «Bruddefærda i Hardanger» i 1949. Dette var noko som etter kvart fekk konsekvensar for korleis hardingen såg på seg sjølv og landskapet han budde i (Angell 2015:58). Den felles identiteten i regionen blei styrka ved framhevinga av det særeigne, gjennom framvising av handverk og matproduksjon, og etter kvart betre kommunikasjon og mediepublisitet. Som eg nemnte ovanfor blei det i regionen oppretta institusjonar som fremja eit felles Hardanger. Desse organisasjonane bidrog til å styrke kjensla av å vere ein felles region. Det er likevel viktig å hugse at regionen har vore delt kulturelt i ein indre og ein ytre del, der ein i dei ytre delane har eit større innslag av religion enn kva ein har i dei indre. Sjølv om ein har ei kjensle av ein sams regional identitet har denne kløyvinga styrka stadkjensla til innbyggjarane, fordi ein opplev at det blir ei grense mellom «oss» og «dei andre» som kan grunnjævast blant anna i religionsspørsmålet (Berg og Dale 2004:54 og Angell og Grove 2015:148).

Den Hardangeridentiteten som blei skapt tidleg på 1900-talet blir i dag reproduisert og vedlikehalden på same måte som den blei produsert: Gjennom storslagen natur, draktskikkar og mattradisjonar. I 2005 blei Merkevarer Hardanger oppretta av Hardangerrådet. Dette er ein politisk strategi for å marknadsføre regionen utover dei regionale grensene, og for å byggje ein sams identitet blant innbyggjarane (Angell 2015:57-59). Identiteten blir altså nytta politisk for å fremje regionen., Dette er ein vanleg strategi for næringsliv og politikarar, sidan identitet er eit kraftig verkemiddel for å eksportere regionen (Paasi 2003:480). I dag finn vi særleg mykje marknadsføring på internett. Nettstaden www.hardangerfjord.com nyttar blant anna Merkevarer Hardanger, saman med bilete av Trolltunga, fruktbløming og gardsmat, for å reklamere for regionen. Ein reklamerer òg for natur, frisk luft og fred og ro, noko som kan skildrast som eit terapeutisk landskap (Jørgensen 2004:209-210). Dette står i sterk kontrast til i ei verd prega av asfalt, støy og svevestøv, som er kvardagen til dei fleste i Norge og målgruppa i utlandet. Det som er viktig å merka seg er at vi finn dei regionale symbola òg på

museet. Her viser dei fram viktige regionale symbol som bunadar, bondemiljøet, fruktdyrking og kulturmiljøet som prega Hardanger tidleg på 1900-talet.

Hardangerregionen i dag er eit resultat av politisk/administrative inndelingar frå 1600-talet og utover, der makta etter kvart gjekk frå futedøme til prestegjeld og sokn, og vidare til kommunale inndelingar. Den regionale identiteten og skapinga av ei grense mellom «oss» og «dei andre» starta med denne politiske inndelinga. Etter kvart, gjennom nasjonsbyggingstida og turismen som bygde den regionale identiteten utanfrå og inn, forsøkte ein å skape Hardanger som funksjonell ramme for institusjonar som Hardanger spelemannslag og Hardanger Sunnhordlandske Dampskibsselskap. I dag ber dagleglivet til innbyggjarane preg av å vera splitta i tre funksjonelle sentrum. Det er den regionale identiteten som viser seg tydelegast institusjonalisert i Hardangerregionen, og som legitimerer og stadfestar regionen sin eksistens i dag (Paasi 1991:242-243). I kapittel fire vil eg analysere dei ulike regionaliseringsprosessane i Hardanger som påverka inn i konsolideringsprosessen, og kva dette har hatt å sei for utfallet av den.

3.4.2 Voss

Voss som politisk/administrativ region

Voss var ein del av Nordhordland futedøme fram til 1858. Då blei det ein del av Hardanger og Voss futedøme, og var det så lenge futedømet eksisterte (Grove 2015:357). Voss var eit eige prestegjeld frå tidleg av, der kyrkjesokna Evanger, Vangen, Vinje og Vossestrand høyrde til (Gjerdåker 1990: 11). Med innføringa av formannskapslovene og kommunalt sjølvstyre i 1837 blei prestegjeldet Voss utgangspunkt for det nye Voss herad (Gjerdåker 1990: 222). Denne inndelinga var kortvarig, og i 1866 blei Oppheim og Vinje utskilde som eit eige prestegjeld, Vossestrand prestegjeld. Det blei då lagt føringar frå departementet om at Vossestrand òg måtte vere eit eige herad. Grunngevinga for utskiljinga var at ein ville ha presten nærare. Dette var naudsynt av omsyn til konfirmasjonsførebuing og i skulesaker, sidan skulen no var blitt obligatorisk (Gjerdåker 1991: 195-196). Evanger blei òg eige herad i 1885 og prestegjeld frå 1892. Også der var det særleg skulesaka som var viktig. Det blei hevda at så lenge Evanger var ein del av Voss herad, stod den kommunale utviklinga i stampe (Gjerdåker 1991: 296).

Voss slik vi kjenner kommunen i dag er eit resultat av kommunereforma i 1965, då kommunane Voss, Evanger og Vossestrand blei slått saman igjen. Samanslåinga møtte stor motstand frå alle dei tre herada. Grunngevinga var blant anna at kommunen ville bli for stor og med for dårleg kommunikasjon, og at drifta av administrasjonen dermed ikkje ville bli noko mindre (Gjerdåker 1991: 439-442). Voss er ein stor kommune i areal, og utgjer den nordaustlege delen av Hordaland fylke med grenser mot Hardanger og Vaksdal.

Voss som funksjonell region

Vossevangen fungerer som eit regionsenter for Vossingane og for innbyggjarar i dei indre delane av Hardanger. Det finnes eit stort handelssentrum på Vossevangen, og her finn ein mange arbeidsplassar knytt til handelsverksemdene. Vossevangen har òg sjukehus, kommunehus, kyrkje og skular. Det finst ei avis på Voss, avisa Hordaland, som altså dekkjer dei tre kommunane Eidfjord, Ulvik og Granvin i Hardanger òg. Ein har òg kulturelle institusjonar som Voss sogelag, Voss folkehøgskule og Voss bygdekvinnelag som knyter innbyggjarane saman i ei funksjonell ramme. Ut i frå dei omgrepa som knyter seg til funksjonell region, ser ein at Voss er ein sterkt institusjonalisert region (Paasi 1991:243). Dette bidreg til å oppretthalde og vidareføre tanken om Voss som ein særeigen region som skil seg frå andre regionar og stadar.

Voss som identitetsregion

Til liks med Hardanger har Voss ein sterk regional identitet. Dette viser seg blant anna gjennom bunad- og mattradisjonar som står sterkt på Voss. I tillegg knyter ein andre symbol til identiteten, særleg kultur- og naturmiljø. Voss har vore ein viktig turistdestinasjon frå turismen si gryande byrjing (Digitalt museum 2014), og identiteten har vakse ut av det biletet som fyrst blei påført Vossingane av turistane. Innbyggjarane har så tileigna seg den regionale identiteten og gjort den til sin eigen. Vossidentiteten knyter seg som i Hardanger til symbol som finst på museet, sidan det var på byrjinga av 1900-talet at regionen sine symbol blei til og det er desse museet viser fram. Dette fører til at museet er ein viktig berar av den historiske identiteten i regionen. I dag er Voss sentrum for ekstremспорт, med Ekstremспортveko, som er ein årleg festival lagt til Voss kommune med Vossevangen som sentrum. Dette er noko som gjennomsyrrar samfunnet på Voss, som ein òg ser i slagordet til kommunen: «*Bygd for sterke*

opplevingar». Val av slagord seier noko om kor mykje Voss identifiserer seg som ekstremisportsbygd.

Gjennom å spele på naturen som destinasjon, og på kulturelle symbol, byggjer ein ei kjensle av å vere ei felles eining. På Voss har ein òg oppretta ein merkevare knytt til språket i regionen som er ein designprofil, eller grafisk profil, kalla Vossaord. Denne profilen er forankra hos innbyggjarane gjennom kle og andre symbol (Kreativt forum 2009), og den blir nytta som grafisk profil på nettstaden www.visistvoss.no. Slik nyttar ein òg Voss som merkevare for å posisjonere seg ovanfor andre regionar (Angell 2015:58). Identiteten blir altså òg på Voss nytta politisk for å fremje regionen, då identitet er eit kraftig verkemiddel for å eksportere regionen (Paasi 2003:480).


Eg har teikna eit bilete av Vossaregionen som ein sterkt institusjonalisert region i tråd med Paasi sine føringar (Paasi 1991:243). Dette knyter seg til at Voss har vore ei tydeleg politisk/administrativ eining frå gamal tid. Voss er òg eit viktig funksjonelt sentrum i Hordaland. Dette gjer at det er mange funksjonar knytt til regionsenteret Vossevangen som knyter innbyggjarane både på Voss og i deler av Hardanger saman. Identiteten som blei skapt gjennom nasjonalromantikken og turismen er framleis sterk i dag. Den blir reproduisert gjennom regionale symbol og nytta i marknadsføring.

3.4.3 Ryfylke

Ryfylke som politisk/administrativ region historisk og i dag

Frå tidleg mellomalder blei Ryfylke nytta som nemning på det som i dag er kjent som Rogaland fylke. Utover mellomalderen blir Ryfylke nemninga på det landområdet som ligg i dagens Nord-Rogaland. Futedømet blei på 1600-talet delt i to i Rogaland, slik at det blei ein fut i Ryfylke og ein i Jæren og Dalane. Samstundes blei sorenskrivarembetet delt på same måte. På 1700-talet blei sorenskrivarembetet i Ryfylke delt i Karmsund og Hesby i vest, og Ryfylke i aust. Frå reformasjonen blei prestegjelda i Rogaland delt inn i prostia Dalane, Jæren, Stavanger, Ryfylke og Karmsund. Dette forsterkar igjen inntrykket av at Ryfylke no er dei nordlege indre delane av Rogaland fylke. Med kommunereforma på 1960-talet blir Ryfylkeregionen endå mindre, då Tysvær og Vindafjord blei overført til Haugalandet, med orientering mot Haugesund, og område sør i Ryfylke blei overført til Jæren og Dalane. Ryfylke

bestod etter kommunereforma i 1965 av åtte kommunar. Der var mykje spenningar og motsetningar etter ei krevjande reform (Ryfylkemuseet 2017:13-19). Det kjem tydeleg fram at den historiske nemninga Ryfylke syner til eit avgrensa geografisk område som det har knytt seg politisk/administrativ makt til (Lysgård 2004:34-36). Ryfylke slik vi kjenner det i dag er eit resultat av kommunereforma i 1965 og regionaliseringsprosessar på 1980-talet. Då bad kommunaldepartementet i eit rundskriv fylkeskommunen om å dela fylket inn i «høvelege regionar med eit sentrum». Dei kommunane som i dag inngår i Ryfylke var dei kommunane som «blei til overs» etter regioninndelinga, utan eit naturleg sentrum.



Figur 2 Rogaland fylke delt i regionar, Ryfylke i gult.

I den grad det har vore eit regionalt samarbeid har det fokusert på kommunikasjon og næringsveg. Veg og arbeidsplassar har stått sentralt i den regionale utviklinga, saman med tilflytting og turisme (Ryfylkemuseet 2003:46). I likskap med i Hardanger har ein i Ryfylke eit interkommunalt selskap kalla Ryfylkerådet. Dette er det einaste organet ein kan knyte til omgrepet politisk/administrativ region i Ryfylke i dag. Ryfylkerådet blei stifta i 1999 og har Ryfylke som ramme, men har ikkje klart å knyte alle kommunane i regionen til seg. Det er i dag berre fastlandskommunane som er eigarar av Ryfylkerådet. Ryfylkealliansen, som er ein del av Ryfylkerådet, arbeider med å fremja identitet, bulyst og verdiskaping i Ryfylke gjennom

merkevarebygging (Angell 2015:57-59). I likskap med dei to andre regionane eg har omtalt har Ryfylke ein merkevareprofil som skal byggje regionen både innetter og utover. Eg vil drøfte merkevara under punktet Ryfylke som identitetsregion.

Ryfylke som funksjonell region

Ryfylke som funksjonell region er på mange måtar lik Hardanger. Historisk har fjorden fungert samlande, ein nytta båten for å kome seg til og frå Stavanger og andre bygder i regionen (Ryfylkemuseet 2017:5). Etter at bilen blei hovudframkomstmiddel har fjorden verka meir som ei hindring, sidan ein no flytter seg langs fjordane snarare enn på tvers av dei.

Ryfylkefondet, som er ein del av Ryfylkerådet, har arbeidd for å betre infrastrukturen i regionen. I seinare tid har det skjedd ein god del forbetring av rasutsette vegar, og det er bygd tunnelar som knyter regionen saman. Det har òg skjedd utbygging av infrastruktur som knyter regionen nærare Stavanger, som dei undersjøiske tunnelane mellom Stavanger og høvesvis Finnøy og Rennesøy. Det finst til saman tre aviser og eit bygdeblad i regionen. Stavanger Aftenblad, som er regionsavis for heile Rogaland, dekkjer til dels Ryfylke som heilskap.

Grunnen til at Ryfylke blei ei regional eining på 1980-talet var som sagt at dei ikkje knytte seg mot noko felles sentrum. Dette fører til at ein handlar og arbeider på ulike stadar, og ein sender borna sine på ulike skular. Det er blant anna sentrumsfunksjonar som handelsstad, arbeidsplassar og skule i Sauda. Det same finn ein på Tau og Jørpeland. I likskap med Hardanger ser ein altså at ein lev liva sine primært lokalt, noko som altså ikkje er ei hindring for ei regional ramme. Menneske har som sagt identitetar på ulike geografiske nivå (Berg og Dale 2004:50).

Ryfylke som identitetsregion

Eg har ovanfor drøfta Ryfylke som eit tydeleg historisk forvaltingsnivå, noko som har vore med på å føre kjensla av å tilhøyra eit bestemt geografisk område inn i røynda til innbyggjarane (Paasi 1991:243-247). Det at innbyggjarane i Ryfylke òg kjente på ein felles utanforskap i møte med byfolka i Stavanger, har gjort at dei kjente seg likare kvarandre før då dei tok same båten til byen (Ryfylkemuseet 2017:5). Vidare blei ryfylkeidentiteten knytt direkte til museet då dette hadde fokus på bondekultur, skogbruk og kraftindustri. Dette knyter seg primært til

fastlandskommunane og dei indre kommunane i Ryfylke (Rogaland museum 1981:14-15), noko eg vil drøfte i kapittel fem. Elles er regionen kjent for storslagen natur, med Preikestolen som ein godt kjent turistattraksjon. Det er òg ein del gardsturisme i regionen som spelar på ryfylkingen sin regionale identitet knytt til gard og bondelivet (Rogaland folkemuseum 1981:13). Slik blir det òg her natur, frisk luft og fred og ro, som er fokuset for marknadsføringa av regionen, og ein skildrar eit terapeutisk landskap (Jørgensen 2004:209-210).

Gjennom Ryfylkerådet har ein laga Merkevarer Ryfylke som skal byggja regionen og gjere den attraktiv for næring og tilflytting. Å spele på regionen sine kvalitetar knytt til natur og kultur sikta mot langsiktig merkevarebygging for å gjere regionen synleg både innetter og utover (Angell 2015:57-59 og Paasi 2003:478-479). Ut frå samtalene med informantane mine og det empiriske materialet mitt, vil eg hevde at ein i Ryfylke ser ein meir moderne identitetsbygging. Denne fokuserer på å bruke regionale symbol for å skape ein tydelegare regional identitet gjennom merkevarebygging. Den identiteten som finst er ikkje knytt til ein historisk sterk identitetsregion slik som i Hardanger og på Voss, som blei skapt i nasjonsbyggingstida. Det verkar å vere merkevarebygging og eksponering som er sjølv grunnlaget for den regionale identiteten ein ser i deler av Ryfylke i dag. Dette står ikkje i kontrast til dei to andre regionane, det er òg eit av dei medvitne formåla med ein regional identitet der, men der byggjer det på ein regional identitet som er opparbeida under og sterkt knytt til nasjonsbygginga.

Ryfylkeregionen i dag er altså eit resultat av historiske politiske prosessar som skapte ei regional røynd blant innbyggjarane, som vi ser av argumentasjonen over. Det geografiske området for regionen har heile vegen blitt mindre og mindre, noko som blant anna knyter seg til at kommunane etter kvart fekk større ansvarsområde og difor måtte vera nærare innbyggjarane. Funksjonelt er regionen splitta opp i fleire små tettstader med ulike funksjoner knytt til seg som skule, legevakt og detaljhandel, til dømes i Sauda og på Jørpeland. Utover dette knyter den regionale identiteten i regionen seg til kultur og levemåte, tilsynelatande primært på fastlandet. Basert på denne drøftinga blir Ryfylke ein svakt institusjonalisert region. Ein har ikkje noko kjensle av eit heilskapleg Ryfylke i dag utifrå omgrepa politisk/administrativ, funksjonell eller identifiserande region.

3.5 Oppsummering

I dette kapitlet har eg greidd ut om dei overordna prosessane og føringane for museumsreforma. Det som var retningsgjevande for konsolideringsprosessane var dei krava og forventingane som blei lagt frå statleg hald. Det blei til dømes gjort greie for korleis eit konsolidert museum skulle vera bygd opp, og kor mange tilsette eininga måtte ha. Vidare var det fylket som valde korleis det skulle gjerast reint praktisk, og både i Hordaland og Rogaland gjekk ein for ein prosess som konsoliderte einingar som låg nær kvarandre geografisk. Desse konsolideringsprosessane skjedde i unike stadlege og regionale kontekstar med sine egne særskilde regionaliseringsprosessar som verka inn på konsolideringsarbeidet.

For å forstå kvifor ein hadde ulike føresetnader for å gå inn i prosessen har eg drøfta det regionale innhaldet i dei tre regionane ut i frå omgrepa politisk/administrativ, funksjonell og identifiserande region. Det blir ut i frå denne drøftinga tydeleg at Voss er den einaste regionen der alle dei tre regionsomgrepa er synlege med styrke. Ut i frå Paasi sin modell for institusjonalisering av regionane er dette ein sterkt institusjonalisert region. Hardanger er derimot ikkje like sterkt institusjonalisert. Politisk/administrativt og funksjonelt kan ein i liten grad snakke om Hardanger som ei felles ramme for innbyggjarane. Den regionale identiteten står likevel sterkt blant innbyggjarane, og er ein viktig del kvardagen deira. Denne identiteten blir òg nytta i marknadsføring, næring og turisme for å byggje regionen og den regionale tanken. Ryfylke viser seg som ein svakt institusjonalisert region der ein i liten grad nyttar regionen som ramme. Ut i frå det eg har drøfta er det tydeleg at ein ser eit formål med det regionale samarbeidet og har ein regional identitet også i Ryfylke, men denne knyter seg i hovudsak til fastlandskommunane.

Kapittel 4: Hardanger og Voss museum

4.1 Innleiing

Museumsreforma bar preg av konflikt og uro i musea i heile landet. Reforma skulle slå saman museumseiningar slik at dei kunne fungere på regionalt nivå. Omgrepa «slå saman» og «regionalt nivå» syner tydeleg sentraliseringsformålet med reforma. Då blir det lettare å forstå det potensielle konfliktnivået i prosessen. Reforma var prega av å vera ein ovanfrå og ned-prosess, noko som auka konfliktpotensialet i prosessen. Det var staten som tok initiativ, og det var i stor grad fylkeskommunen som styrte konsolideringsprosessen.

Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med reforma bar preg av at verken staten eller fylket tilsynelatande heilt visste kva resultatet skulle bli. For tilsette i dei einingane som skulle bli Hardanger og Voss museum var denne perioden emosjonelt krevjande, grunna stadig nye konsolideringsforslag og uvisse rundt kven ein skulle bli konsolidert med. Då fylket hadde avgjort kva som skulle bli den endelege strukturen for museumslandskapet i Hordaland, var det i Hardanger duka for ein maktkamp mellom Fartøyvernsenteret i Norheimsund i Kvam herad, og Hardanger folkemuseum på Utne i Ullensvang herad. Kven skulle vere administrasjonsstad i den nye konsoliderte eininga? På toppen av dette kom Voss folkemuseum inn i konsolideringa etter eit knapt år, tilsynelatande mot sitt ønskje. Dette gjorde ifølge informant 4 ikkje samarbeidet enklare i den nyoppretta konsoliderte eininga.

I dette kapittelet vil eg drøfte dei regionale føringane som låg til grunn for å gå inn i konsolideringa Hardanger og Voss museum. Korleis kan dette bidra til å forklare kvifor den konsoliderte eininga er bygd opp slik den er? Kva har desse føringane hatt å seie for utfallet av prosessen og samarbeidet i dag. Korleis handterer dei tilsette konsolideringa i dag, og korleis kan eg forklare det utifrå dei føringane som ligg i regionane? Eit poeng i dette kapittelet er korleis regionaliseringsprosessar kan bidra til å utvikle eller transformere staden og regionen, og korleis reforma kan ha vore med på å stadfeste og legitimere den allereie etablerte regionale førestillinga.

4.2 Tusenårsstaden – eit forspel til konsolideringsprosessen

I dei fleste regionar er det stundom hendingar som skjer, eller vedtak som skal fattast og som blir fatta, som skapar konflikhtar. Dette er òg tilfellet i Hardanger. Eit særskilt vedtak som var viktig for arbeidet med museumsreforma i regionen, var etableringa av tusenårsstaden i Hordaland. Denne avgjersla påverka museumskonsolideringa, sidan utfallet av val av administrasjonsstad delvis var ein konsekvens av val av tusenårsstad.

I samband med overgangen til 2000-talet bestemte kultur- og kyrkjedepartementet at det skulle vere ein «tusenårsstad» i kvart fylke, for å markere overgangen til eit nytt tusenår. Det var òg eit ynskje om å markere at det i 2005 var hundre år sidan unionsoppløysinga frå Sverige. Ein tusenårsstad skulle bidra til å markere og ta vare på anlegg av ulik karakter i heile landet, og dei skulle ha ein nasjonal verdi som peikte ut over fylket sine rammer. Temaet for tusenårsstaden i Hordaland var nasjonalromantikken, og tusenårsstaden skulle leggjast til Hardanger (Wikipedia 2018:Tusenårsstad). Tusenårsstaden i Hordaland blei i 1999 vedtatt lagt til Øystese, og det førte til at kunsthuset Kabuso blei opna der i 2006. I forkant av dette vedtaket hadde det vore debattert kvar i Hardanger tusenårsstaden skulle vera, der både Norheimsund og Utne òg var sterke kandidatar. Valet av Øystese over Norheimsund ser ut til å knyta seg til at ein i Øystese kunne spissa det inn mot Ingebrigt Vik-museet, medan i Norheimsund var det snakk om eit vanleg kulturhus med bibliotek og forsamlingslokale (Bergens Tidende 24. august 1999).

I valet mellom Øystese og Utne blei det blant anna fokusert på at Øystese var ein stad som var tilgjengeleg heile året (Berg og Dale 2004, s. 47-48). At Utne ikkje var tilgjengeleg heile året var ei utsegn som verka provoserande for dei som ønskte at tusenårsstaden skulle leggjast dit. Dei oppfatta det heller som at bergensarane ikkje ville ta ferja for å kome til tusenårsstaden, noko dei slapp om den blei lagt til Øystese (Kåre Hesjedal, Bergens Tidende, 02. september 1999). Sentrum for makta i Hordaland, Bergen, avgjorde med det periferien i Hardanger sin skjebne ved å fatta eit vedtak som sa at den eine staden, Utne, var for utilgjengeleg. Forholdet mellom sentrum og periferi, og staden sin eigenart, var altså avgjerande for plasseringa av tusenårsstaden (Berg og Dale 2004:47-48). Som eg vil vise under har staten og fylket ved fleire høve bidrege til å splitte Hardangerregionen opp på denne måten.

Forhandlingane i forkant av vedtaket og vedtaket i seg sjølv førte til ei konflikt mellom Kvam herad og Ullensvang herad, og mellom musea i kommunane. Konflikten danna ikkje eit godt grunnlag for samarbeid mellom musea (informant 5).

Hardanger folkemuseum ynskte tusenårsstaden lagt til Utne, og informant 5 skildrar hendinga slik: « [...] det var ein litt snodig sak når dei då vedtok å leggja tusenårsstaden til Øystese .. for det var jo eit forslag om å leggja den til Utne knytt til folkemuseet og bygge ut der, og så skjedde det ei siste «fem på tolv»-møte i fylket at dei gjorde om .. snudde om. Og det .. det gjorde det forholdet mellom dei to kommunane veldig spent». Som følge av vedtaket gjekk dåverande styrar ved folkemuseet på Utne av, og grunna det med at ho ikkje ynskte å sjå det ho hadde bygd opp bli riven ned (Turid Kjetland, Bergens Tidende, 24. august 1999). I eit referat frå eit bygdebokseminar i Ullensvang Herad står det at det i Hardanger ofte er høglydte offentlege diskusjonar, der blant anna plasseringa av tusenårsstaden står nemnt (Referat 2012:Fjord og fjell, frukt og flaum). Og i eit avisinnlegg i Hardanger folkeblad blei dåverande ordførar i Ullensvang herad, Solfrid Borge, intervjuet om konflikten i samband med konsolideringa av Hardanger museum, der val av tusenårsstad blei nemnt spesifikt (Hardanger Folkeblad, 11. mai 2004).

Vedtaket om å leggje tusenårsstaden til Hardanger, og prosessen med å velje han ut, aktualiserte at ein i Hardanger ikkje har ein sams tanke om kvar funksjonar skal plasserast. Dette fører til at det blir konflikt mellom stadar, fordi innbyggjarane primært lev liva sine på ulike stadar og ikkje knytt til eit bestemt sentrum i regionen. Av den grunn ynskjer dei å gjere det beste for staden dei bur på, ikkje regionen som heilskap (Berg og Dale 2004:47-48). Konflikten kring plasseringa av tusenårsstaden kom tett opptil museumsreforma. Den var ei heilt konkret museumsfagleg sak som fekk konsekvens for samarbeidet i konsolideringa, og val av administrasjonsstad for denne.

4.3 Konsolideringsprosessen

Som eg nemnte innleiingsvis i dette kapittelet kom det i samtale med informantane frå Hardanger og Voss museum fram at tida fram til val av einingar som skulle konsoliderast saman, var prega av usikkerheit. Det var ikkje musea sjølv som valte einingar, men fylket, i

tråd med museumsplanen frå 2003 (informant 5, SonConsult 2013:15). I byrjinga var det blant anna snakk om at ein skulle gjere ei tematisk inndeling av musea i fylket. Det var til dømes eit forslag om at alle folkemusea skulle gå saman i konsolidering. Seinare blei det avklart at det skulle vere ei geografisk inndeling. To museum knytt til regionen blei likevel ståande utanfor konsolideringa, i tråd med føringane frå stortingsmeldinga som sa at ingen skulle tvingast i konsolidering (Informant 5, Agderforskning 2017:7).

Utgangspunktet var at alle museum skulle gå inn i konsolidering. Nokre få blei likevel vurdert slik at dei hadde ein særskilt posisjon. Desse musea var unike og viktige, og difor måtte stå aleine for å sikre dette vidare. I tillegg måtte dei økonomiske tilskota deira vera sikra på ein slik måte at dei ikkje frykta for konsekvensane av ikkje å gå i konsolidering. For informant 4 og informant 5 var nemleg frykta for dårlegare økonomi eit av hovudpoenga med å vera med inn i konsolidering. Dei frykta for museet si framtid viss dei blei ståande utanfor. Vi ser at dei to einingane i Hardangerområdet som blei ståande utanfor konsolidering, Baroniet i Rosendal og Vasskraftmuseet i Tyssedal (NVIM), ikkje har lidd nemneverdige økonomiske tap som følgje av reforma. Årsakene til dette kan vere fleire, blant anna ser vi at dei har fått auka kommunale tilskot etter reforma, og dei får òg i nokon grad tilskot frå andre aktørar enn fylke og stat (Agderforskning 2017:28-30). På regionalt plan fekk valet om å la nokon museum stå utanfor konsolideringa, til dels innverknad på val av administrasjonsstad i den konsoliderte eininga Hardanger og Voss museum.

Hardanger folkemuseum hadde tidlegare vore med å arbeida for etableringa av Fartøyvernssenteret og NVIM. Museet opplevde at dei hadde ein dominerande fagleg posisjon i regionen, og eit godt samarbeid med dei andre musea i Hardanger i forkant av reforma (informant 5, HF 02. september 1999). Informant 5 skildrar difor folkemuseet på Utne sin motivasjon inn i arbeidet slik: *«ja, da .. da må jo gå dette her, viss det er det vi må, så må vi jo få dette til»*. Då museumsplanen for Hordaland 2003-2009 var ferdig, var det klart at NVIM var eit av dei musea som blei ståande utanfor konsolideringa. Fartøyvernssenteret hadde mange fleire tilsette enn dei andre musea, noko som gav dei større tyngde inn i konsolideringsprosessen. Plasseringa av tusenårsstaden i Øystese førte i tillegg til at ein fekk eit sterkare museumsfagleg miljø i Kvam. Konsekvensen av at NVIM ikkje blei med i

konsolidering, og av at Fartøyvernsenteret var mykje større enn dei andre musea, var at Hardanger folkemuseum opplevde å få ein sekundær posisjon i den konsoliderte eininga. Det første som måtte avgjerast i forhandlingsprosessen var difor kva delar av Fartøyvernsenteret som skulle konsoliderast inn i Hardanger museum. Det kom ikkje fram av museumsplanen for Hordaland kva delar av Fartøyvernsenteret som skulle konsoliderast med dei andre musea (SonConsult 2013:29. og informant 5).

Fartøyvernsenteret var ein stor institusjon, og dreiv eit verft, ein barnevernsinstitusjon og eit museum. Informant 5 seier at Fartøyvernsenteret frykta for økonomien inn i konsolideringa, dei skulle drive eit verft og det krev at ein kan levere på pris og tilbod. Folkemuseet var på si side redde for kor mykje plass barnevernsinstitusjonen skulle ta frå det museale (SonConsult 2013:29). Informant 5 skildrar det slik: «*Fartøyvernsenteret [...] vi meinte jo det at det var museumsdelen der vi måtte konsoliderast med, eller det er jo dei der som vi må laga eit samarbeid med. Eh [...] vi var veldig skeptiske til barnevernsdelen fordi den såg vi ville ta mykje av oppmerksomheten viss den blei ein del av museet*». Det blei avgjort av ABM-utvikling, dette var ein statleg etat med rådgjevande funksjon ovanfor kulturdepartementet, og dei hadde ansvar for gjennomføring av politiske vedtak i arkiv-, bibliotek- og museumssektorane. Det blei vedtatt at heile Fartøyvernsenteret skulle konsoliderast inn i Hardanger museum (informant 5). Denne avgjersla, saman med val av tusenårsstad, førte til at administrasjonsstaden for Hardanger museum blei lagt til Fartøyvernsenteret.

Denne avgjersla kom ikkje utan konflikt. På eit tidspunkt måtte det takast pause i forhandlingane, då dei ikkje blei einige om maktfordeling i styret og lokalisering av administrasjonen (Hardanger folkeblad 11. mai 2004). Kvam herad sine argument for at dei skulle ha større plass i styret til museet, og at administrasjonsstaden skulle leggjast til Kvam, var at heradet hadde fire av sju anlegg i konsolideringa knytt til seg. Det var òg sentralt at Fartøyvernsenteret åleine var større enn alle dei andre. I forhandlingane var det altså eit viktig poeng at stadane hadde ulike føresetnader for å bli administrasjonsstad (Berg og Dale 2004:49). Kvam hadde flest tilsette, og på Utne hadde dei størst museumsfagleg tyngde. Etter ei stund blei forhandlingane tatt opp igjen og det blei laga eit kompromiss,

Fartøyvernssenteret blei administrasjonsstad og Utne blei poststad. Direktøren skulle òg ha arbeidsstad ved folkemuseet ein gong i veka (SonConsult 2013:28).

Inn i dette samarbeidet kom så Voss folkemuseum. Konfliktane i Hardanger museum hadde ikkje fått lagt seg før nye avtalar skulle lagast. Som eg har nemnt tidlegare skulle Voss folkemuseum eigentleg konsoliderast saman med Havråtunet, Osterøy museum og Hordamuseet (informant 6). Dei forsøkte ei kort stund å stå aleine, men museet fekk beskjed om å konsolidera seg med Hardanger museum, og blei konsolidert saman med dei i 2007. Sjølv om prinsippet i utgangspunktet var at det var frivillig å gå i konsolidering, så var det i realiteten ikkje sånn for alle museum. Informant 6 skildrar hendinga slik: *«dei [Voss museum] måtte finne seg nye folk å leike med .. Og det trur eg departementet syntes gjekk litt seint, enten departementet eller fylket, så ein eller anna gong ... fekk Hardanger museum og Voss museum beskjed om at tilskotet for 2008 ville verta utbetalt til Hardanger museum .. så frå 1. januar må de bli einige om kva de skal gjera»*. At Voss folkemuseum ikkje fekk stå utanfor ei konsolidering kjem truleg av at organisasjonen var for liten. Eit konsolidert museum skal ha minst åtte tilsette, og det hadde dei ikkje på Voss folkemuseum på det tidspunktet (Agderforskning 2017:12 og informant 6).

Informant 5, som var tilsett ved Hardanger folkemuseum, var positiv til at musea på Voss skulle inn i konsolideringa, ho såg dette som ein mogelegheit for meir museumsfagleg fokus inn i styret sitt arbeid igjen. Etter konsolideringsprosessen opplevde informant 5 styremøta som dominert av barnevernssaker, og dei tilsette opplevde det museumsfaglege som nedprioritert (SonConsult 2013 og Informant 5). Informant 6, som hørde til Voss folkemuseum, peiker derimot på at det var krevjande for Voss folkemuseum å komme inn til forhandlingane med Hardanger museum. Det var ikkje eit godt samarbeidsklima i prosessen i utgangspunktet, og det danna ikkje eit godt grunnlag for Voss folkemuseum sitt samarbeid inn i konsolideringsprosessen.

At prosessen har vore vanskeleg er framleis synleg i Nordby sin rapport seks år etter konsolideringa, der han trekk fram at det nær sagt ikkje er noko samarbeid mellom musea. Det er heller ikkje samarbeid av særleg grad mellom dei to folkemusea, sjølv om dei kanskje

har mest til felles (SonConsult 2013). Det er gått ytterlegare seks år sidan rapporten blei publisert, og i samtale med informant 4 verkar det som det er litt meir samarbeid no, særskilt rundt utstillingsarbeidet: *«Når Voss folkemuseum skulle lage ny basisutstilling så inkluderte de formidlingslederen her på huset i det arbeidet .. altså forarbeidet som ble gjort da for å få noen utenfor sin avdeling også med på det».*

Resultatet av konsolideringsprosessen er ein paraplyorganisasjon, med felles leiing og talerøyr ut i samfunnet, men der einingane i stor grad blir drifta som før. I Hardanger og Voss museum blir dei einskilte avdelingane for det meste oppretthaldt som før konsolideringa, med tanke på til dømes personale og økonomi. Dei økonomiske overføringane blir overført frå stat og fylke til driftseininga «Hardanger og Voss museum». Internt blir denne overføringa rekna om etter nøklar, som er laga slik at dei einskilte einingane skal få same økonomiske tilskot som dei hadde før dei gjekk inn i konsolideringa. Driftseininga har til gjengjeld lite økonomisk handlingsrom, og det blir sagt at det berre er direktøren og den administrative staben knytt til henne som jobbar for HVM. For dei tilsette på avdelingane er det dei einskilte avdelingane som er det viktige, det er der ein ynskjer å fokusere på utvikling. Det er ikkje HVM som heilskap som er viktig (SonConsult 2013, informant 4 og informant 6).

Å drive den konsoliderte eininga på denne måten fører til ein lite integrert organisasjon som ikkje er i tråd med museumsmeldinga sin føresetnad for å få eit godt utbyte av reforma (St. meld nr. 49 (2008-2009):112-114). Eg vil no gå inn i korleis stadane og regionane påverka konsolideringsprosessen i denne retninga ut i frå omgrepa politisk/administrativ, funksjonell og identifiserande region.

4.4 Politisk/administrative og funksjonelle regionale føringar og konsekvensar av reforma

Vala som blei tatt før og under konsolideringsprosessen, og det som blir vidareført av den konsoliderte eininga i dag, skjer i stor grad på grunn av politiske val og administrative/funksjonelle forhold i regionane. I denne delen vil eg ta opp igjen dei regionaliseringsprosessane som blei handsama i bakgrunnskapittelet, og setje det i samanheng med det eg har skreve i avsnitta over. Museumsreforma skjer ikkje i eit vakuum,

den skjer samstundes med andre små og store regionaliseringsprosessar. Konsolideringa blei òg forma av prosessar som har skjedd før den fann stad. Eg vil no drøfte korleis og kvifor dei ulike prosessane blei handtert slik dei blei. Eg vil i dei følgjande to hovudpunkta 4.4 og 4.5 ta for meg to tydelege skilje i regionane. Det eine er mellom indre og ytre delar av Hardanger, meir spesifikt mellom Kvam herad og i nokre tilfelle Jondal kommune, og dei andre kommunane. Det andre skiljet er mellom regionane Hardanger og Voss.

4.4.1 Indre og ytre delar av Hardanger – reforma som aktualiserte regionale motsetningar

I dette kapitlet nyttar eg konflikten kring tusenårsstaden som døme på korleis Hardangerregionen, som følgje av visse hendingar, blir splitta opp i ein indre og ein ytre del. Tusenårsstaden var ein konflikt som fekk direkte konsekvensar i konsolideringsprosessen og er difor viktig å trekkje fram, men det finnes òg døme på andre konfliktar og usemjer i regionen. I denne delen skal eg drøfte korleis historisk utvikling, funksjonell orientering og administrative og politiske grenser danna grunnlag for både samarbeid og konflikt i Hardangerregionen. Fokuset vil liggje på korleis dette la føringar for konsolideringsprosessen og korleis den konsoliderte eininga til dels påverkar og blir påverka av politiske, administrative og funksjonelle skilje i dag.

I Norge er det i hovudtrekk kommunane, fylket og staten som dannar hovudrama for utøving av politiske og administrative vedtak. Av statlege politisk/administrative funksjonar er det som nemnt tidlegare berre Hardanger tingrett som har heile Hardanger som verkeområde, alle andre funksjonar delar regionen opp. I Hardanger høyrer dei ulike kommunane til to ulike helseregionar. Innbyggjarane høyrer altså til ulike sjukehus, enten på Voss eller i Odda. Fylkeskommunen driv dei vidaregåande skulane. I Hordaland er det fritt skuleval, men dei fleste går på den skulen som ligg nærast. Innbyggjarane i Hardanger sender borna sine på ulike skular her òg, dei blir sendte til Odda eller til Norheimsund/Øystese, og ein god del elevar går på vidaregåande på Voss. Dei største sentra fell saman med skulane. Du finn butikkar og detaljhandel hovudsakleg i Odda, Norheimsund og på Voss, og det er òg der dei største arbeidsmarknadane er. Det finnes fleire aviser i regionen òg, Hordaland folkeblad som i stor grad dekkjer kommunane Kvam og Jondal, Hardanger folkeblad som i stor grad

dekkjer Odda og Ullensvang, og Avisa Hordaland, som er ei Vossaavis, dekkjer òg kommunane Granvin, Ulvik og Eidfjord.

Som ein kan sjå ut i frå dette har ein i Hardanger tre ulike sentrum for innbyggjarane, eitt i indre delar av Hardanger, eitt i ytre delar av Hardanger og eitt på Voss. Det er altså ikkje Hardangerregionen som er ramma for innbyggjarane sin kvardag, det er dei tre sentra, eller stadane, som utgjer ramma for utøving av sosial praksis i kvardagen (Castree (2003) sitert Berg og Dale 2004:48). Gjennom sine politiske vedtak er staten og fylket med på å vidareføre dette skiljet, ved at ein knyter innbyggjarane i regionen til ulike skular og sjukehus. Det er difor svært få, om nokon, politiske/administrative eller funksjonelle funksjonar som ser heile regionen under eitt. Forholdet mellom dei ulike sentra og omlandet deira står fram som det nivået som er viktig for innbyggjarane i kvardagen. Dette blir stadfesta og vidareført gjennom dei politiske/administrative og funksjonelle funksjonane. Sjølv om ein i regionen har ei kjensle av å vere ein del av Hardanger er det staden, eller sentra der, som er der ein utøver sosial praksis og det er der ein lev livet.

Sjølv om Hardangerregionen ofte viser seg som splitta politisk/administrativt og funksjonelt, finnes det regionaliseringskrefter som arbeider for at Hardanger skal vera ei felles referanseramme for innbyggjarane i framtida òg. Hardangerrådet, som eg har nemnt tidlegare, arbeider for å samla og koordinera administrative, funksjonelle og politiske funksjonar i Hardanger. Dei har, så langt utan hell, jobba for å samla Hardangerkommunane til ein felles kommune. Dei har blant anna gjort utgreiingar og prøvd å gjere kommunereforma til eit grasrotinitiativ der dei einskilde kommunane tar grep om reforma (Hardangerrådet 2013 og Østlandsforskning 2005). Mangelen på eit felles sentrum for utøving av politiske/administrative vedtak og funksjonar som skule og handelsstad er mykje av årsaka til at ein ikkje har fått dette til. I tillegg er det store geografiske avstandar og dårleg infrastruktur, som gjer avstandane større enn dei tilsynelatande er på kartet (Østlandsforskning 2005:37-38).

Det Hardangerrådet skal jobbe for er å fremja bulyst, næring og utvikling i regionen. Dei har òg bygd opp Merkevarer Hardanger. Merkevarer Hardanger er ein patentert logo som skal

byggja ei felles ramme for regionen og fremje identitet og kvalitet (Hardangerrådet, merkevare, Angell 2015:61). Under punkt 4.5.1 vil eg skrive meir om Hardanger som merkevare i forhold til identitetsbygginga i regionen. Turismen er i likskap med Merkevare Hardanger noko som finn stad i grenselandet mellom funksjonelt og identifiserande i regionsteoretisk forstand i Hardanger. Turismen fungerer funksjonelt samlande for Hardangerregionen, det har den gjort sidan den var med på å institusjonalisere regionen via nasjonsbygginga på 1800- og tidleg på 1900-talet. Via nettstadar som Visit Hardanger og sosiale media som Instagram blir Hardanger som turistdestinasjon promotert og vist fram som ei felles eining. Dette skjer gjennom symbol knytt til natur og kultur som Trolltunga, fossar, Hardangersaum og mattradisjonar (Angell 2015:58). Krefter som Hardangerrådet og turistindustrien byggjer difor opp om eit felles funksjonelt og administrativt Hardanger. Det er likevel dei splittande kreftene, ofte representert ved staten eller fylket, og dei to funksjonelle sentra i Hardanger, som er førande for innbyggjarane sitt daglegliv og ramma for sosial praksis. Det er òg dette som har vist seg mest i konsolideringsprosessen.

Hardangerregionen som ramme for å utøve felles politiske, administrative og funksjonelle funksjonar i dag har, utifrå drøftinga over, ikkje vore enkel. I tillegg ser vi eit kulturelt og religiøst skilje mellom indre og ytre deler av Hardanger (sjå punkt 4.5.1). Desse rammene la føringar for korleis museumsreforma ville bli handtert i regionen. Som ein ser finnes det i liten grad samarbeid mellom indre og ytre strøk utover Hardangerrådet og det som omhandlar turisme og merkevarebygging, noko som knyter seg til den regionale identiteten. Det finnes fleire argument for at ein ikkje har fått til samarbeid mellom indre og ytre strøk av Hardanger, blant anna geografiske. Det er langt å reise frå Odda til Norheimsund. Vidare er det funksjonelt og administrativt – innbyggjarane i indre og ytre delar nyttar ikkje det same tenestetilbodet. Innbyggjarane møter ikkje kvarandre i kvardagen, og har dermed ikkje same ramme for utøving av sosial praksis (Berg og Dale 2004:47-48). Til slutt er det eit spørsmål om kultur og identitet, dette vil eg handsame i delen 4.5.1.

Når ein samstiller desse føringane i regionen med det som skjer i konsolideringsprosessen, så forstår ein i større grad kvifor det blei ei konflikt om blant anna plassering av administrasjonen for museet. Hardanger folkemuseum er regionsmuseum for heile regionen,

geografisk er museet plassert om lag midt i Hardanger, kulturelt høyrer det til indre delar av Hardanger. Fartøyvernsenteret er mykje større enn dei andre einingane, og plassert kulturelt i ytre delar av regionen. Ein får då ein dragkamp om kva som skal vera vektige argument for å bli administrasjonsstad. Dette blir forsterka av at dei to musea høyrer til to ulike kulturelle delar av regionen.

Det er sannsynleg at det hadde blitt konflikt om val av administrasjonsstad sjølv om NVIM var ein del av konsolideringa, men tyngdepunktet blei heilt openbert flytta ved at dei ikkje var med. Dette syner korleis stadar er gjensidig avhengige av kvarandre, og blir påverka av val andre stadar tar (Berg og Dale 2004:47-49). At Hardanger folkemuseum var dominerande museumsfagleg og med mest kompetanse, blei mindre viktig når Fartøyvernsenteret hadde fleire tilsette enn alle dei andre einingane til saman. I tillegg hadde Kvam herad flest museumsanlegg i konsolideringa. Valet kan òg forklarast gjennom at ein verken politisk, administrativt eller funksjonelt orienterer seg mot det same sentrum. Her er det igjen eit viktig poeng at sjølv om regionar finnes, med ulike formål og funksjonar, så lev vi menneske liva våre primært lokalt (ibid.). I eit Hardanger utan eit felles sentrum blir det difor eit spørsmål om kva som er det beste for staden og ikkje for regionen, når ein skal plassere administrasjonen for Hardanger museum.

Val av administrasjonsstad har i etterkant av konsolideringsprosessen fått konsekvensar for musea i Hardanger, og informant 4 frå Hardanger folkemuseum skildrar dette som ein negativ konsekvens: «*For eksempel hadde vi ein på regnskap her tidligere og når ho slutta ville de heller .. ho hadde vel ein 50% stilling som heller blei ein full stilling på rekneskap, og den blei ikke plassert her. Sånne ting kan skape en del misnøye*». Nordby skildrar dette som at dei tilsette ved Hardanger folkemuseum kjenner seg vengeklipte av reforma, sjølv om ein i talmaterialet ikkje kan knyte denne kjensla til reforma (SonConsult 2013:28). Eg vil i avsnitt 4.4.3 drøfte korleis paraplyorganisasjonsforma er med på å vidareføre og stadfeste dei haldningane som viste seg i konsolideringsprosessen, og korleis desse blei ført med vidare inn i konsolideringa.

4.4.2 Voss og Hardanger – konsolidert over regionale grenser

Sidan Voss er ein eigen kommune, har ein her eit politisk nivå som er ramme for utøving av makt, og som med det fungerer samlande for vossingane. Innbyggjarane har òg eit felles helsetilbod, skuletilbod og andre velferdstenester, som eg nemnte i bakgrunnskapittelet. På Voss har ein fleire små lokale sentrum, men det er ingen konkurranse om kva stad som har samlande sentrumsfunksjon.

Det finnes sjølvstøtt lokale konflikter på Voss av liknande karakter som i Hardanger. Til dømes var det konflikt mellom bygda Bordalen og Voss kommune i samband med nedlegging av Bordalen skule (Marit Olde, Avisa Hordaland, 21. juni 2012). Forskjellen frå Hardanger er at det ikkje er ein kamp om kven som skal vere sentrum og kven som skal vere periferi. Det er her snakk om konflikt av vanleg karakter i forholdet mellom sentrum og periferi, der periferien må stå opp mot sentraliseringa som sentrum står for (Fitjar 2010:8). Vossevangen er sentrum for kommunen og for store deler av indre Hardanger, der er kommunehus, kulturhus, sjukehus, kjøpesenter og eit handelssentrum. Alt ligg altså til rette for at Voss som regional eining kan kallast sterkt institusjonalisert i høve til Paasi sin teori om institusjonalisering av regionar (Paasi 1991:243).

Voss folkemuseum og dei andre små museumseiningane på Voss skulle i utgangspunktet konsoliderast inn i Hordaland museum, men dette samarbeidet fall som tidlegare nemnt saman. Dei fekk som sagt etter kvart tydeleg beskjed frå fylke og stat om å konsolidere seg med Hardanger museum, elles fekk dei ikkje økonomisk tilskot året etter (informant 6). Det finnes døme på samarbeid mellom Voss og kommunane i Hardanger, på områder som renovasjon, næring og ulike prosjekt. Dette tyder på at det finnes både evne og vilje til samarbeid mellom kommunane, men samarbeid av denne typen finnes ikkje på kulturfronten. Dette kan vere ein indikasjon på kor sterkt ein opplever museet som berar av kultur og identitet i dei to regionane (SonConsult 2013:18). Det å ikkje samarbeide på museumsfronten kan indikere at ein ynskjer å oppretthalde dei regionale grensene, dette vil bli drøfta nærare under punkt 4.5.2.

Konflikten som prega konsolideringsprosessen i Hardanger museum ga dårleg grunnlag for å invitere Voss folkemuseum inn i eit samarbeid, og fremja i staden ei mistenkjeleggjering (informant 5). Dette førte ikkje til ein djup integrasjon av museumseiningane, noko valet av organisasjonsmodell òg viser (sjå punkt 4.4.3). Informant 5 hadde eit tydeleg håp om at det likevel skulle føre til større museumsfagleg fokus i konsolideringa og eit betre samarbeid på sikt. Med det miljøet som blei skildra av informant 5 og 6 var det ikkje mogleg å få til samarbeid i byrjinga, og med dei konfliktane som hadde funne stad i konsolideringsprosessen tok det lang tid for dei einskilde einingane å samarbeide. Voss folkemuseum var ei lita eining som skulle inn i Hardanger museum. Deler av administrasjonen har etter kvart som tida har gått òg blitt flytta til Norheimsund (informant 6). For dei tilsette ved museet blir dette sett på som eit døme på at ein får ei sentralisering av museet. På Voss uttrykkjer ein at det er mindre tid til museumsfagleg arbeid no enn før, og ein opplever å ha fått dårlegare råd (informant 6). Basert på det tilgjengelege talmaterialet kan ikkje denne opplevinga knytast direkte til reforma. Der går det fram at besøkstala har gått jamt nedover ved Voss folkemuseum sidan 1995 (informant 6 og SonConsult 2013:13).

Frå eit utanfrå-perspektiv er det interessant å sjå på kva som gjorde at ein ikkje valde å slå saman dei to folkemusea på Voss og i Hardanger. Informant 4 og informant 6 nemnte begge grunnar for at ein ikkje burde gjere dette, i intervjuet. Geografisk ligg desse einingane berre ein time frå kvarandre, og tematisk tar dei for seg mykje av det same, sjølv om det finnes små regionale og lokale forskjellar. Ei forklaring er sjølv sagt at ein fryktar å miste ressursar, og at ein kan måtte skifte arbeidsstad. Eit argument for å oppretthalde avdelingane, er at det ein eventuelt kan vinne på å slå saman avdelingane er mindre enn kva det kostar. Dette knyter ein til den geografiske avstanden, som ein meiner vil gjer drifta av museet ineffektiv (informant 6), men det kan også vera andre forklaringar.

I intervjuet eg gjorde var det tydeleg at dei to musea opplever seg sjølv som svært ulike. Slik eg ser det har den regionale identiteten vore ei hindring for samarbeid mellom musea på tvers av regionane. Dette kan blant anna forklarast av at musea representerer kulturen, og stiller ut symbol på den regionale identiteten som er med på å skape eit bilete av «oss» og «dei andre»

(Berg og Dale 2004:53). Musea er gjennom desse symbola òg med på å gjere regionane synlege ovanfor andre regionar og for sentrum, dette kjem eg tilbake til under punkt 4.5.

4.4.3 Paraplyorganisasjonen som stadfester og legitimerer regionale politiske, administrative og funksjonelle skilje

Resultatet av museumskonsolideringa Hardanger og Voss museum er ein paraplyorganisasjon med museumsavdelingar som i dag blir drifta kvar for seg, om lag slik dei var før konsolideringsprosessen. Som eg allereie har nemnt er ikkje dette unikt for Hardanger og Voss museum, men her vil eg drøfte kva dei politiske, administrative og funksjonelle skilja i regionane har å seie for organiseringa av museet.

Det var uttalt i dei avtalane som blei inngått i konsolideringsprosessen at dei einskilde einingane skulle oppretthalde «same nivå» inn i konsolideringa. Avdelingane mottar difor same overføringar frå stat og fylke som dei fekk før reforma, basert på utrekningsnøklar som leiinga har laga (SonConsult 2013:24 og informant 4). Dette fører altså til at driftseininga har lite handlingsrom, og ein må få overført pengar frå avdelingane for å få gjennomført felles prosjekt eller opprette nye sentrale stillingar. Dei gamle avdelingane har difor i utgangspunktet det same økonomiske handlingsrommet, sjølv om avdelingane opplever at det nye administrative nivået minkar handlingsrommet deira (informant 4 og informant 6). Denne måten å overføre pengar til driftseininga kan òg vere med på å oppretthalde og legitimere kjensla av at sentrum, altså administrasjonen og leiinga i Norheimsund, tar frå periferien, representert av museumsavdelingane andre stadar (Fitjar 2010:6). Måten museet er organisert på gjer at det òg blir komplisert å samarbeide på tvers av avdelingane, utover rein møteverksemd. Det er til dømes slik at viss ein skal dra nytte av kvarandre sin kunnskap må ein kjøpe fri handverkaren ved den eine avdelinga, slik at han kan jobbe ved ei anna avdeling. Dette bidreg til å oppretthalde skilja mellom avdelingane, då det i liten grad er mogleg å gjennomføre. Avdelinga må nemleg ha råd til å kjøpe fri handverkaren, og avdelinga handverkaren jobbar ved må ha tid til å avsjå han (informant 4).

Det nye administrative nivået og det nivået der avgjerslene blir tatt, blir sett på som eit hinder som skapar unødvendig ventetid (informant 6). Sjølv om avdelingane blir drifta som før, blir mange av avgjerslene tatt på nivået over avdelingane. Det er òg dette nivået som kallar inn til

leiarmøte, og ein har andre møte mellom ulike faggrupper. Om nokon skal søka om midlar frå stat og andre aktørar må dette òg godkjennast på leiarnivå. Dei ulike musea må fremje sine behov, og så blir det vurdert kven som skal søka om midlar frå ulike hald (informant 4). Det blir difor opplevd som at dette nivået tar mykje av den tida som skulle gått med til fagleg fordjuping på avdelinga. Særleg blir unødvendige møter trekt fram som noko som tar for mykje tid, og ein opplever heller ikkje at ein er med på å ta dei viktige avgjerslene (informant 6 og SonConsult 2013:20). Informant 6 seier blant anna at viss fleire avgjersler kunne blitt tatt på eit lågare nivå ville ein i større grad hatt mogelegheit til å få gjennomført prosjekt og endringar, fordi ein i større grad ser behovet til avdelinga (informant 6). Det kan difor tolkast som at ein føler at ein hadde fått gjort meir om avgjerslene blei tatt på eit lågare nivå, og at leiingsnivået er tungrodd.

Paraplyorganisasjonen bidreg difor til at ein i stor grad lar kvarandre vere i fred. Det er litt samarbeid og møteverksemd, men desse møta blir òg opplevd som tid som tas vekk frå den avdelinga der det faglege skjer. Det blir ei vurdering av kva som er viktig samarbeid og kva som berre tar fokus frå det som er viktig, altså den einskilde avdelinga (Sonconsult 2013:21-23). Dette aktualiserer at avdelingane identifiserer seg *med* si eige avdeling, medan den konsoliderte eininga ikkje er ein så stor del av identifiseringsprosjektet til dei tilsette (Rose (1995) sitert Berg og Dale 2004:53). Konsolideringsprosessen og paraplyorganisasjonen denne førte med seg har difor bidrege til å oppretthalde, stadfeste og forsterke kjensla av at ein er skilt politisk, administrativt og funksjonelt i regionane, både mellom stadane i Hardanger og på tvers av dei to regionane (Lysgård 2004:33-35). Eg vil hevde at det er fleire grunnar til at det er sånn. Det fyrste argumentet er at konsolideringsprosessen var ein ovanfrå og ned-prosess som musea følte dei var tvungne til å delta i. Informantane mine grunngjev dette med at ein frykta den økonomiske situasjonen viss ein ikkje deltok, og konsolideringa blir omtala som eit tvangsekteskap (informant 4, informant 5 og informant 6).

At konsolideringsprosessen ikkje var eit grasrotinitiativ kan ha ført til at konfliktnivået blei høgare. Hadde initiativet kome frå dei tilsette ville ein sjølv sett behovet for ei endring, og difor ville det vore lettare å gjennomføre. Vidare var dei regionale føringane eit viktig aspekt. I forholdet mellom Voss og Hardanger representerte konsolideringsprosessen ei samanslåing av musea i to regionar. Desse musea representerte på si side sterke kulturuttrykk i to

markerte identitetsregionar. Konsolideringsprosessen førte òg til ei endring av forholdet mellom sentrum og periferi. Voss som region er sterkt institusjonalisert (Lysgård 2004:34), og dette viser seg igjen i eit folkemuseum som opplever at dei har ein viktig posisjon i bygda si (informant 6). I konsolideringsprosessen skulle plutselig Voss folkemuseum verte slått saman med Hardanger, og miste administrasjon og leiingsfunksjon. Gjennom å fokusere på korleis sentrum av den konsoliderte eininga i Norheimsund tar ressursar frå Voss folkemuseum, er ein med på å oppretthalde skiljet mellom dei to regionane internt i museet. Dette viser seg til dømes gjennom dei økonomiske forholda, der Voss folkemuseum opplever at sentrum tar pengar frå periferien for å opprette nye stillingar sentralt hjå seg (Fitjar 2010:8).

Ein paraplyorganisasjon, slik eg ser det i kjeldematerialet mitt, fører til at ein heile tida må overføre midlar til driftseininga for å kunne drifte organisasjonen framover.

Paraplyorganisasjonen reproduserer dermed heile tida kjensla av at det finst sentrum og periferi, og «oss» og «dei andre» (Berg og Dale 2004:49 og 53, Fitjar 2008:8). Mellom indre og ytre delar av Hardanger er utfallet det same. Ved å oppretthalde og reproducere tanken om sentrum og periferi, vidarefører ein forholdet mellom «oss» og «dei andre» eller «indre» og «ytre» delar av regionen, som er ein del av identiteten i Hardanger. Gjennom paraplyorganisasjonen blir denne haldninga reprodusert og legitimert.

4.5 Regional identitet i ein regionaliseringsprosess

For at ein region skal verta institusjonalisert er det fire element som må vere til stades i varierende grad. Ein del av desse elementa er knytt til identitet, og for regionane Hardanger og Voss blei denne regionale identiteten skapt i institusjonaliseringsprosessane som skjedde tidleg på 1900-talet. Identiteten blei skapt og påført utanfrå, men vidareført og knytt symbol og handling til av innbyggjarane i regionane (Angell 2015:58). Denne regionale identiteten har blitt endra, stadfesta og utvikla gjennom sosial praksis og regionaliseringsprosessar gjennom dei siste hundre åra. I denne delen vil eg drøfte korleis den regionale identiteten og stadkjensla påverka konsolideringsprosessen i Hardanger og Voss museum. Vidare vil eg drøfta korleis resultatet av konsolideringsprosessen er med på bidra til å oppretthalde og vidareføre desse regionale og stadlege identitetane i dag.

4.5.1 Hardanger - ein regional identitet med interne regionale motsetningar

Som eg nemnte ovanfor går det eit skilje mellom indre og ytre delar av Hardanger, som er grunngeve i kulturell ulikskap. I dei ytre delane av regionen var det den religiøse lekmannsrørsla som var dominerande. I dei indre delane var det ungdomsrørsla som dominerte kulturelt. Dette syner seg igjen politisk i regionen, der ein i ytre strøk i større grad stemmer på Kristeleg Folkeparti, medan ein i dei indre strøka stemmer med den politiske venstrefløya (Angell og Grove 2015:148 og 158-164). Det kan vere verdt å merke seg at ein ved kommunevalet i 2019 framleis kan sjå denne tendensen. Dette kan seie noko om dei sosiale kløyvingane som framleis finst i Hardangerregionen (NRK, valresultat 2019, Ullensvang og Kvam). Det som i utgangspunktet er eit politisk regionalt uttrykk, gjev klare føringar for den kulturelle og identitetsberande ulikskapen i regionen. At regionen i tillegg har to ulike sentrum basert på dette skiljet blir med på å stadfeste og vidareføre ulikskapen i kultur og identitet, og kjensla av å vere ulike (Berg og Dale 2004:53).

Hardanger som identitetsregion blir vist fram og produsert gjennom turismen og som merkevare (Angell 2015:58). Det blir vist fram identitetssymbol som er felles for regionen, som båtar, bunadar, epledyrking, naturopplevingar og gardsmat (Hardangerfjord 2019). Det er òg gjennom denne symbolbruken at Merkevare Hardanger blir vist fram. Målet med varemerket er å styrke regionen utanfrå og inn (Angell 2015:58). For Hardangerregionen, som er ein periferi i Norge prega av fråflytting, kan det å vere synleg ovanfor andre vere eit godt formål for ein regional identitet og regional inndeling (Paasi 2003:478). Gjennom merkevarebygginga ønskjer ein å vere synleg og dermed styrke regionen innanfrå og ut: *«Vona er at me får til ein veksilverknad mellom hardingen sin sams identitet og kvalitet på produkt og tenester frå og i Hardanger. Dette vil i sin tur gjera merket truverdig og kjent både i Noreg og i utlandet. I neste omgang vil det styrkja regionen sitt omdøme og slik blir Hardanger si eiga sterke merkevare»*. (Hardanger, Merkevare Hardanger brukarlisens).

Sjølv om regionen på andre måtar ikkje er like einsarta, ser ein at den felles identiteten er viktig for innbyggjarane. Den regionale identiteten blir nytta for å gjera regionen synleg ovanfor sentrum og skapar tilhøyrslle blant innbyggjarane, den blir produsert gjennom turismen og merkevara, og legitimert gjennom innbyggjarane (Angell 2015:58). Det finnes fleire formål med

regionale inndelingar alt etter kva funksjon regionen skal fylla (Lysgård 2004:35). Ofte nyttar ein felles regional identitet for å stå saman mot staten eller sentrum, eller for å vera synleg i forhold til andre regionar i kampen om merksemd frå sentrum (Lysgård 2004:36 og Fitjar 2010:6-8).

Denne felles regionale identiteten er altså lada med indre kulturelle motsetningar, som i Hardanger er basert på blant anna religion og orientering mot ulike sentrum. Ein kan ha forskjellige lokale identitetar, sjølv om ein har ei felles regional identitetsramme (Berg og Dale 2004:53). Då det i konsolideringsprosessen blei snakk om plasseringa av administrasjonen for Hardanger museum, var ikkje dette noko som utfordra Hardangeridentiteten. Hardangeridentiteten har så lenge den har «eksistert» blir prega av at Hardanger har blir kulturelt og religiøst delt i to. Det som var utfordringa var kva som skulle vere sentrum og periferi i museumskonsolideringa. Det handla meir om stadkjensle, og om å gjere det beste for staden heller enn for regionen (ibid.).

Musea i Hardanger er ein arena for kultur og fylt med regionale identitetssymbol. I Hardanger har Hardangerramma vore nytta av fleire kulturberande institusjonar, som til dømes Hardanger historielag. Ein skulle difor tru, ut i frå identitetsfellesskapet, at samarbeid på kulturfronten skulle vere enklare. Som skildra over ser ein likevel klare teikn på at det var andre forhold som var viktigare for utfallet av konsolideringsprosessen. Museumsreforma og konsolideringsarbeidet er som sagt eit døme på sentralisering frå statleg hald, og for regionar med ein sterk regional identitet er ofte forholdet til sentrum ein av årsakene til den sterke identiteten. Ein forsøker å oppretthalde og bevare regionen til tross for sentraliseringa (Paasi 2003:479-480). Sidan museumskonsolideringa i realiteten ikkje var frivillig for desse musea, var det i Hardangerregionen då eit spørsmål om kva som skulle vere sentrum og periferi i denne konsolideringa. Altså, kven skulle vere sentrum i periferien? I ein region utan eit felles sentrum, blir ikkje ein felles regional identitet ei god ramme for utøving av politiske vedtak. Dette knyter seg til at innbyggjarane primært lever liva sine lokalt, og difor ynskjer å gjere det beste for staden dei bur på. Når ein skulle velje administrasjonsstad var det snakk om arbeidsplassar og utvikling, og ein stad måtte tapa til fordel for ein annan stad (Berg og Dale 2004:47-49).

Det var altså ikkje regionen som blei ramma for konflikten i museumskonsolideringa, men stadane opp mot kvarandre i denne prosessen. Det var om å gjere å sikre den einskilde staden sin leverett inn i sentraliseringa av musea. Dette blir stadfesta og vidareført gjennom paraplyorganisasjonen, som legg til rette for å oppretthalde og vidareføre skiljet mellom sentrum og periferi. Her er dette nærare bestemt kjensla av «oss» og «dei andre» i indre og ytre delar av Hardanger, gjennom ramma til museet. Dette pregar musea framleis i dag, der ein ser at nyttilsette fyrst er glade for å bli ein del av ei større eining, men fort blir sosialisert inn i at det er staden, eller avdelinga, som er viktig (SonConsult 2013:28, Berg og Dale 2004:47-48, 53).

4.5.2 Voss og Hardanger – to sterke identitetsregionar, ei felles konsolidert museumseining

I likskap med Hardangeridentiteten blei Vossidentiteten skapt og påført utanfrå, men tilpassa og gjort om til ein identitet Vossingane tok til seg sjølv. Som eg skreiv ovanfor har Voss ein samlande funksjonell, administrativ og politisk funksjon som forsterkar kjensla av å vere ein felles region med ein felles identitet som er ulik frå andre (Paasi 1991:247 og Berg og Dale 2004:53). Gjennom regionale symbol vist fram gjennom sosiale media som Instagram, turismen, og til dømes ekstremспорт og Ekstremспортveko som er unikt i norsk samanheng, blir Vossidentiteten i likskap med Hardangeridentiteten, reproduisert i dag (Lysgård 2004:34, Angell 2015: 57-58). Det er gjennom desse uttrykka ein viser fram Voss for utanforståande, og dette uttrykket har i stor grad blitt reproduisert gjennom innbyggjarane. Til dømes ser ein det gjennom kommunen sitt slagord «bygd for sterke opplevingar» som peikar direkte på ekstremспорт og vill natur (Voss kommune). Ein ser det òg gjennom Destinasjon Voss sin designprofil som seier: «Logoen er inspirert av at man snur ting på hodet på Voss og ser på ting fra en annen vinkel» (Kreativt forum 2009). Det er altså i stor grad samanfall mellom måten legitimering og reproduksjon av den regionale identiteten i Hardanger og på Voss skjer på. Merkevarerbygging som nyttar den regionale identiteten er òg eit viktig innslag her, for å gjere regionen attraktiv både for innbyggjarane og for turistar, næring og sentrale styresmakter (Angell 2015:57-58).

I samtale med informant 6 kjem òg denne kjensla av identitet fram direkte knytt til museet: «Det er her [Voss folkemuseum] eg kan gje kven som helst ei omvisning om omtrent kva som helst. Eller eit foredrag, eller hjelpa ein med å finna ting dei skal ha .. Viss eg plutselig hadde vore ein dag på Utne så hadde eg vore mykje meir usikker på kva eg skal [til – usikker på siste ord]...». I dette uttrykket kjem det fram at ein ikkje berre utan vidare kan gå frå å jobbe på Voss folkemuseum til Hardanger folkemuseum. Informant 6 ser altså på musea som grunnleggande ulike uttrykk for kulturell regional identitet, dette fører til at ein ikkje klarar å identifisere seg med kvarandre (Rose (1995) sitert Berg og Dale 2004:54). Som eg nemnte ovanfor er det til dømes for ein utanforståande rart at ein ikkje klarer å slå saman Voss og Hardanger folkemuseum til ei eining. Eg gjekk inn på at det kan forklarast ut i frå praktiske og administrative grunnar, men eg vil òg hevda at det handlar om kultur og regional identitet. Viss desse musea var plassert i to andre regionar der museet i mindre grad var berar av symbol på regional identitet, eller i ein større region med ein sams identitet kunne dette vore mogeleg. Dei har til dømes fått til samanslåing av museumseiningane i Telemark som òg har relativt store geografiske områder å dekkje, og dei har fått det til i Akershus som er eit svært folketett fylke.

Problemet slik eg ser det, er at ein som utgangspunkt er to regionar med to ulike og sterke regionale identitetar. Det å gå inn i ein konfliktfylt konsolideringsprosess må ha forsterka kjensla av å vera annleis, særleg for Voss folkemuseum. Konflikt inviterer ikkje til samarbeid, men meir til å verne om seg sjølv og dyrke sin eigen unikheit. I etterkant av prosessen verkar det som Voss folkemuseum opplever sin organisasjon som svekka gjennom at administrasjonsstaden blei flytta ut av Vossaregionen. Administrasjonen blei flytta til det dominerande sentrum i Hardanger og Voss museum, altså Norheimsund. Museet opplever då likeins som museet på Utne at ein vert ein periferi i periferien, noko som forsterkar kjensla av å vere ulike endå meir (Paasi 2003:480).

Museet sto som sagt som berar av identitetssymbol og kulturuttrykk i Vossaregionen, og kanskje nettopp derfor vart det vanskeleg at deler av verksemda blei flytta ut. Sidan museet er uttrykk for regional identitet, vertblir det vanskeleg å miste autonomi i forhold til leiinga som ligg i Norheimsund, ein stad utanfor regionen. Å flytte deler av ei verksemd til ein annan

region vil alltid skape konflikt av ein eller annan karakter (Berg og Dale 2004:45). Det er likevel viktig å merke seg at det i dei to regionane er døme på fleire vellukka samarbeid på tvers, men på andre frontar enn kultur (Sonconsult 2013:18). Sidan kulturen er berar av identitetssymbola for regionane, er det ikkje så vanskeleg å forstå at samarbeid er vanskelegare på dette feltet. Dette skjer nettopp fordi ein nyttar identitetar for å oppretthalde skiljet mellom oss og dei andre (Paasi 2003:479-480, Berg og Dale 2004:53). Då er det nærliggjande å tenke at det kan vere vanskeleg å samarbeide på kulturfronten, særleg i sterke identitetsregionar prega av fråflytting, med eit behov for å markere seg ovanfor sentrum (Paasi 2003:480).

Vossidentiteten er i likskap med Hardangeridentiteten delvis tufta på ei kjensle av å stå opp mot sentrum. Voss er ikkje like prega av fråflytting, men nærleiken til Bergen gjer sentrum-periferikjensla aktuell likevel. Ein opplever at ein må verne om det tilbodet som er i periferien (Fitjar 2010:8). I tillegg opplever ein seg sjølv som viktig i nasjonal samanheng gjennom til dømes Ekstremsportveko, som er ein svært profilert festival i Norge. Dette kan vere med på å forklare at ein knyter ein sterk regional identitet til seg sjølv på Voss i dag (Paasi 2003:478). I intervju med informant 6 blei denne identiteten synleg gjennom museet i måten han markerte avstand til Hardanger folkemuseum på (sjå over). For utanforståande er desse to musea relativt like i kulturuttrykk, og avstanden ein kjenner kan slik eg ser det hovudsakleg forklarast gjennom kjensla av å vere ulike (Berg og Dale 2004:54).

I konsolideringsprosessen var kjensla av å vera annleis, altså det å vere frå to ulike regionar, samanstillt med konflikten i prosessen, med på å bidra til at paraplyorganisasjonen blei ramma for organisasjonen. Denne måten å organisere museet på er med på å bidra til at ein reproduserer og legitimerer den regionale grensa mellom Hardanger og Voss i den konsoliderte eininga. Voss folkemuseum ser på seg sjølv som ein periferi og annleis enn dei andre musea i konsolideringa. Gjennom organisasjonsmodellen opprettheld og legitimerer ein skiljet mellom «oss» og «dei andre» som er viktig for den regionale identiteten (Paasi 2003:480 og Berg og Dale 2004:53).

4.6 Konklusjon

Museumsreforma var ingen enkel prosess. Den fremja ei regionalisering i regionane Hardanger og Voss, men kva var resultatet? Basert på drøftinga i dette kapittelet vil eg leggje fram to trekk ved regionane som kan seie noko om kvifor konsolideringsprosessen blei handtert slik den blei då og blir handtert i dag:

- **Formålet med den regionale inndelinga i Hardanger og på Voss er å vere synleg for innbyggjarane i regionen, turistar og næring, sentrum representert ved fylket og staten.**

Måten ein i Hardanger og Voss gjer seg sjølv synleg både innover og utover er gjennom den regionale identiteten. Konsekvensen av dette er at det blir vanskeleg å samarbeide på museumsfronten i desse to regionane. Ein har fått til samarbeid mellom kommunane på andre områder, men musea er ein viktig berar av symbol på kultur og identitet i dei to regionane som har blir undersøkt i dette kapittelet. Som eg har argumentert for så er den regionale identiteten særskilt viktig i begge regionane, dei er prega av å vera periferiar i Norge og periferiar har som sagt eit større behov for å markere seg ovanfor staten. Det å då skulle konsoliderast, eller tydelegare sagt «slåast saman» til ein godt integrert organisasjon på dette feltet, over allereie etablerte regionale grenser, er noko ein lett kan forstå at har vore vanskeleg. Hadde den regionale identiteten vore svakare, ville eit samarbeid mellom regionane på museumsfronten sannsynlegvis vore enklare.

For å oppretthalde skiljet mellom regionane internt i museet er det ein naturleg reaksjon at Voss folkemuseum framstiller seg sjølv som ein periferi i forholdet til musea i Hardanger. Det å sjå på seg sjølv som annleis og lage ei grense mellom «oss» og «dei andre», bidreg til å oppretthalde skilja mellom musea i dei to regionane. Dette gjer dei gjennom å vise til at leiinga i Norheimsund tar ressursar frå Voss folkemuseum for å bruke dei sentralt, og gjennom å seie at Hardanger og Voss folkemuseum er kulturelt forskjellige og difor ikkje eigna for samanslåing. Paraplyorganisasjonen bidrar til at dei to regionane og dei regionale identitetane blir legitimert og vidareført i museumssamanheng. Dei andre prosessane som utspelar seg i regionane viser òg at desse regionale grensene blir vedlikehaldne og reprodusert, og bidreg difor òg til å oppretthalde dei regionale grensene utanfor museet.

- **Konsolideringsprosessen viste at det er det beste for staden som er retningsgjevande for innbyggjarane**

Eit poeng i dette kapittelet har vore at vi menneske har ulike identitetar på ulike geografiske nivå. Eg har forsøkt å vise at regionen har si ramme for utfolding, og at i begge regionane er denne sterkt knytt til identitet. Innbyggjarane i regionane lev likevel liva sine primært lokalt, på ulike stadar under det regionale nivået. På Voss har dei sine konflikhtar knytt til stadar, men det er ingen tvil om at det er eit felles regionsentrum for Vossingane på Vossevangen, noko som gjer konfliktnivået rundt museet mindre enn i Hardanger.

I Hardanger er det to sentrum med alle dei funksjonane eit sentrum treng. Det er òg store geografiske avstandar i regionen, med svært varierende infrastruktur. Dette fører til at ein i liten grad treff kvarandre i sosiale samanhengar i regionen i kvardagen. I tillegg har desse to sentra innbyggjarar med ulik kulturell og religiøs identitet, der ein i ytre delar av regionen har større innslag av kristendom. Dette fører til at innbyggjarane opplev kvarandre som ulike, noko som blir forsterka av at ein ikkje har same referanseramme for utøving av sosial praksis. Dette førte til at ein i konsolideringsprosessen fekk ein konflikt kring til dømes ressursar og arbeidsplassar, fordi ein ikkje såg regionen som ei felles ramme for politiske/administrative vedtak. I staden blir dei to sentra i regionen satt opp mot kvarandre fordi konsolideringsprosessen førte til ei sentralisering. Dette gjorde at ein stad måtte tape noko til ein anna stad. Det blei ein konflikt om det beste for staden.

Museumsreforma som regionaliseringsprosess, saman med dei andre lokale og regionale prosessane som utspelte seg, var med på å oppretthalde dei førestillingane som allereie var i regionane. Desse førestillingane knyter seg til at det går eit skilje mellom dei to regionane Hardanger og Voss, og eit mellom indre og ytre delar av Hardanger, der dei ytre delane i hovudsak blir representert av Kvam herad og i nokon grad Jondal kommune. Gjennom den konsoliderte eininga og andre regionaliseringsprosessar som finn stad, vidarefører og legitimerer ein dei ulike regionale og stadlege identitetane.

Kapittel 5: Ryfylkemuseet

5.1 Innleiing

I Ryfylke var konsolideringsprosessen i samband med museumsreforma av ein ganske annan karakter enn den som utspelte seg i Hardanger og Voss museum. Som nemnt var musea i Rogaland allereie i 1980 blitt slått saman i bygdemuseum knytt til eit regionsmuseum i kvar region i fylket. I Ryfylke blei dette museet plassert på Sand i Suldal. Museet har difor hatt andre utfordringar og eit anna fokus i konsolideringsprosessen i Ryfylke, enn kva dei har hatt i Hardanger og Voss museum. Dei hadde ikkje dei store konfliktane kring kvar administrasjonsstaden skulle vere, eller kvar dei tilsette skulle ha arbeidsstad. Utfordringane i Ryfylkemuseet ser ut til å ha knytt seg til å få til eit godt samarbeid med dei einssilde kommunane, og å vera synleg ovanfor innbyggjarane i heile den store regionen.

I dette kapittelet vil eg drøfte dei regionale føringane som låg til grunn for å gå inn i konsolideringa Ryfylkemuseet. Korleis har dette vore med å påverka den konsoliderte eininga? Kva er det som har blir førande for resultatet av konsolideringsprosessen? Korleis handterer dei tilsette og kommunane konsolideringa i dag, og korleis kan eg forklare det utifrå dei føringane som ligg i regionane? Som i førre kapittel er det eit poeng i dette kapittelet å drøfte korleis stadar og regionar blir påverka av regionaliseringsprosessar, og eventuelt korleis reforma og dei andre regionaliseringsprosessane var med på å stadfeste og legitimere den allereie etablerte regionale førestillinga. I dette kapittelet blir det òg drøfta kva konsolideringsprosessen og dei andre regionaliseringsprosessane som utspeler seg samstundes i regionen, har hatt å seie for dei som kjenner seg utanfor den etablerte regionale førestillinga.

5.2 Konsolideringsprosessen

Som eg kort har gått inn på blei Ryfylkemuseet allereie i 1980 vedtatt å vere regionsmuseum for heile Ryfylkeregionen. Det blei diskutert i fylkeskommunen om ein skulle ha to regionsmuseum i Ryfylke, sidan det ikkje var noko utprega felles sentrum der museet skulle vere lokalisert. Ein fall til slutt ned på at det var tilstrekkeleg med eitt, som skulle plasserast i Suldal kommune. Ein argumenterte for dette med geografiske forhold, og fordi store deler av

bygningssmassen var i denne kommunen (Rogaland folkemuseum 1981:17). Ryfylkemuseet som organisasjon har difor hatt tretti år på seg på å finne ei form og ein måte å handtere regionsmuseumsstatusen sin på, før staten kom inn og sa at musea skulle konsoliderast slik at dei kunne fungere på regionalt nivå. Dette har ført til at nokre av dei mest konfliktfylte avgjerslene i andre konsoliderte einingar, som val av administrasjonsstad og arbeidsstad for dei tilsette, ikkje var relevant for Ryfylkemuseet i konsolideringsprosessen. Her var dei vala allereie tatt.

Då museumsreforma skulle gjennomførast, blei det for dei tilsette ved Ryfylkemuseet eit spørsmål om å laga meir formelle og forpliktande avtalar med kommunane. Museet og kommunane måtte òg verte einige om kva rettar og pliktar ein hadde ovanfor kvarandre i eit slikt samarbeid (Informant 1). Nokre kommunar har vore meir frampå, og andre meir tilbakehaldne med si forplikting og engasjement ovanfor museet, men ein har fått til å lage avtalar med alle kommunane. Dette vil eg gå nærare inn på i dei andre delane av dette kapittelet. Internt i museet brukte ein konsolideringsprosessen til å utarbeide eit planverk for museet. Dette planverket omarbeida, drøfta og utvikla gjennom eit årleg personalseminar der ein reiser vekk og overnattar på hotell (informant 1). Informant 1 skildrar formålet med seminara i samband med, og i etterkant av, konsolideringsprosessen slik: *«kor står vi, kva skal vi og korleis kjem vi oss dit». Og det hadde vi .. eg som leder da .. opplevd som ein positiv prosess, og eg trur gjerne da .. eg trur det har gitt eit eigarforhold til prosessene da».*

Gjennom konsolideringsprosessen fortel informant 2 at det blei oppretta fagavdelingar: *«... og i den prosessen lagde vi og avdelinger. Det var ikkje store avdelinger, men man blei liksom meir spissa då på enkeltoppgåver. Før .. Tidligere så var ein meir potet .. mens nå blei det ein formidlingsavdeling, ein samlingsavdeling, ein bygningsavdeling og folkemusikkarkivet for seg. Så det .. at det blei meir spissa kompetanse .. ikkje bare kompetanse men og arbeidsområde».* Kompetansespissinga og den djupare integreringa av organisasjonen i fagavdelingar, var noko av det som blei trekt fram i kulturmeldinga som ein føresetnad for å kunne hauste full effekt av museumsreforma (St. meld nr. 49 (2008-2009):112-114). Resultatet av konsolideringsprosessen internt i Ryfylkemuseet var at ein fekk ein organisasjon som oppfylte føresetnadane for å kunne hauste faglege synergieffektar av reforma.

Museet i seg sjølv var altså rusta for god effekt av reforma, men det er eit varierende økonomiske engasjement i kommunane knytt til Ryfylkemuseet. Dette kjem fram av rapporten Telemarkforskning (2016) utarbeida for Rogaland fylkeskommune, «*Til lands og til vanns og på sokkelen med*», som evaluerte museumsreforma i Rogaland. Kommunane Finnøy, Hjelmeland og Strand er alle på botnen av tabellen over kor mykje kommunane bidreg med av økonomiske tilskot til museet. Forsand følger omlag like etter dei tre på botnen. Suldal og Kvitsøy er i heilt andre enden, og Sauda er om lag på det jamne for Rogaland som fylke. Finnøy bidreg med 1 kr per innbyggjar og Kvitsøy med 650 kroner per innbyggjar, altså er det store forskjellar (Telemarkforskning 2016:31). Utanom Kvitsøy, bidreg dei indre kommunane Sauda og Suldal med klart mest pengar til Ryfylkemuseet. Basert på dette kan ein sjå at Ryfylkemuseet har klare utfordringar knytt til å vere synleg og relevant for alle kommunane som inngår i den konsoliderte eininga. Dette er noko av det eg vil diskutere under punkt 5.3 og 5.4.

I konsolideringsprosessen blei museumseininga betre integrert og forankra i kommunane gjennom forpliktande avtalar. Hovudfokuset til museet ser òg ut til å ligge på stadnivået, kor ein og finn hovudengasjementet til kommunane og innbyggjarane. Det kjem fram i intervjuet med alle informantane frå Ryfylkemuseet at det er kommunen, bygda, eller det eine særskilde museumsanlegget, som er viktig for det lokale engasjementet (informant 1, informant 2 og informant 3). I avsnitta under vil eg drøfte kvifor ein har ei slik skeivfordeling i økonomisk støtte og interesse for museet blant kommunane i den konsoliderte eininga. Omgrepa politisk/administrativ, funksjonell og identifiserande region vil bli nytta for å drøfte dette.

5.3 Politisk/administrative og funksjonelle regionale føringar og konsekvensar av reforma

Ein del avgjersler blei altså tatt allereie på 1980-talet med tanke på korleis Ryfylkemuseet skulle fungere regionalt. Andre regionaliseringsprosessar i regionen påverka likevel korleis den konsoliderte eininga blei handtert. Museumsreforma i Ryfylke skjedde ikkje i eit vakuum, den skjedde samstundes som andre regionaliseringsprosessar som påverka regionen som heilskap. Eg vil drøfte og diskutere korleis politiske val, administrative oppgåver og funksjonell

orientering danna grunnlag for samarbeid og splitting i Ryfylke. Fokuset vil ligge på kva dette har hatt å seie for konsolideringsprosessen og tida etterpå. Gjennom drøftinga vil eg argumentera for at det er eit tydelege skilje i den konsoliderte eininga, som har blitt synleg gjennom det empiriske materialet. Det skiljet går mellom indre og ytre strøk av Ryfylke. Særleg øykommunane skil seg ut som eit regionalt grenseområde.

Det finst fleire forhold som splittar regionen opp i andre regionale rammer enn den Ryfylkeramma som Ryfylkemuseet dekkjer. Innbyggjarane har difor ulike referanserammer og møtepunkt i kvardagen. Ein del av dei funksjonane som splittar regionen opp, blei nemnt i bakgrunnskapittelet. Ryfylke er i tillegg delt i to helseregionar og to tingrettar. I Ryfylke høyrer Sauda og Suldal til Helse Fonna, medan dei resterande kommunane høyrer til Helse Stavanger. Tingrettsinndelinga skil igjen Suldal og Sauda frå dei andre kommunane. Suldal og Sauda høyrer til Haugalandet tingrett, saman med kommunane i dei nordlege delane av Rogaland. Dei andre kommunane høyrer til Stavanger tingrett. Denne grensa knyter seg til infrastrukturen i regionen, som gjer at desse to kommunane blir koplå nærare til Haugalandet. Desse inndelingane er ikkje noko som pregar dagleglivet til innbyggjarane på dei ulike stadane. Inndelingane gjer likevel at ein har ulike referanserammer og kommuniserer over ulike grenser, noko som ikkje verkar institusjonaliserande for regionen som heilskap (Lysgård 2004:34).

Suldal og Sauda samarbeider òg om den vidaregåande skulen i indre Ryfylke (Ryfylkemuseet 2017:61). Det er nærliggjande å tenke at det først og fremst er elevar frå desse to kommunane som går på denne skulen. Det er ein annan vidaregåande skule i Ryfylke òg, på Tau i Strand kommune. På denne skulen går det primært elevar frå kommunane Strand, Finnøy, Forsand og Hjelmeland (Strand vidaregåande skole 2019:om skolen). Dei same grensene som staten har delt regionen i, blir altså vedlikehaldne av dei fylkeskommunale skulegrensene. I tillegg kjem kommunane Kvitsøy og Rennesøy, som sender elevane sine på skular i Stavangerregionen. Kva skule ein vel å gå på knyter seg stort sett til kva som opplevast som best eller enklast for den einskilde eleven, og ikkje om kva som er strategisk best i regional samanheng. Dette valet bidreg likevel til å oppretthalde dei regionale grensene.

Det blir altså synleg gjennom drøftinga at regionen politisk/administrativt, på statleg og på fylkeskommunalt plan deler seg i ein indre og ein ytre del. Dette fører til at innbyggjarane har ulike referanserammer og arenaer for sosial praksis i kvardagen. Konsekvensen av dette er at kjensla av å vere ulike blir forsterka, noko som ikkje bidreg til at regionen blir styrka som ei institusjonalisert eining (Lysgård 2004:34-35 og Paasi 1991:243-244).

I bakgrunnskapittelet viste eg at det ikkje finnes ei avis i regionen som samlar innbyggjarane i ei felles funksjonell regional ramme (Lysgård 2004:35). Elles er det næraste ein kjem ei regionsavis Stavanger Aftenblad, som til ei viss grad dekkjer saker for heile Rogaland. Informant 2 uttrykte at ho opplevde at Stavanger Aftenblad i liten grad no til dags hadde tid til å kome inn til Ryfylke og dekke nyheiter der, særleg etter at Ryfylkekontoret deira blei nedlagt.

Regionen har heller ikkje eit felles funksjonelt regionsentrum, noko som er heile årsaka til at Ryfylke blei samla i eit regionalt planområde på 1980-talet (sjå kap. 3). Det er ingen by eller tettstad som samlar innbyggjarane funksjonelt og gjev dei ei felles ramme for sosial praksis i kvardagen (Berg og Dale 2004:45). Det finst til dømes ikkje eit felles handelssentrum med tenester, arbeidsstadar og skule slik vi såg det på Voss i førre kapittel. Det kan nemnast fleire tettstader i regionen, der Jørpeland i Strand kommune er den største. Fleire av desse stadane er kommunesenter med tenestetilbod til innbyggjarane, og dette er dermed dei stadane innbyggjarane har som ramme for utøving av dagleglivet sine gjeremål (ibid.).

Gjennom det empiriske materialet kjem det tydeleg fram at det næraste ein kjem eit felles sentrum er Stavanger, som ikkje er ein del av Ryfylkeregionen (informant 1, informant 2). Historisk har Stavanger hatt størstedelen av sentrumsfunksjonane i Ryfylke, det var her ein fant politiske og administrative funksjonar på statleg nivå. Det var òg i Stavanger størstedelen av handelen med varer gjekk føre seg. Staden er altså førande for utøving av sosial praksis i innbyggjarane sine liv i kvardagen. Som eg har hevda tidlegare er ikkje dette til hinder for ei regional ramme, men mangelen på eit felles regionalt sentrum bidreg likevel til å splitte innbyggjarane opp. Utan eit felles sentrum vi ein ha ulik oppfatning av kvar ein skal prioritere å bygge opp funksjonar og tenestetilbod (Berg og Dale 2004:54). I ein konkurranse om

ressursar og arbeidsplassar blir det då eit spørsmål om å gjere det beste for staden (Berg og Dale 2004:47-49, 53-54). Desse splittande faktorane gjer at regionen i liten grad kan sjåast som ein felles politisk/administrativ eller funksjonell region (Lysgård 2004:35-36).

Tiltrekkingskrafta mot Stavanger er òg synleg i det regionale samarbeidet. Det interkommunale selskapet Ryfylkerådet hadde kontorstad i Stavanger heilt fram til 1997. Fyrst då blei kontoret flytta til Hjelmeland kommune i Ryfylke. Dette seier noko om korleis ein oppfatta Ryfylke sin relevans ovanfor Stavanger og sentrumsmakta der. Visst ein ønskte utvikling i Ryfylke, måtte det skje via Stavanger. Å fremje bulyst, aktivitet og næring i ein region, men samstundes ha kontorstad i ein annan region, var etter kvart noko som blei drøfta og problematisert av Ryfylkerådet (Ryfylkemuseet 2017:35).

Slik eg ser det, kan ikkje tida før regionrådet blei flytta ha vore ei tid der rådet verka institusjonaliserande for Ryfylke som ein politisk/administrativ eller funksjonell region (ibid. Og Lysgård 2004:34). I denne samanhengen er det òg viktig å merke seg at det berre er fastlandskommunane som er med i det interkommunale selskapet i dag. Nokre av øykommunane har aldri vore med i samarbeidet, medan andre har vore med ei stund og så trekt seg ut. Øykommunane knyter seg heller nærare mot Stavangerregionen, blant anna på grunn av infrastrukturen som gjer det lettare å kommunisere den vegen. Det manglande medlemskapet i Ryfylkerådet knyter seg òg til den manglande kjensla av tilhøyrslse desse kommunane har til Ryfylke (Ryfylkemuseet 2017:23 og sjå punkt 5.4.1). Ryfylkerådet fungerer slik eg ser det primært som ei administrativ, funksjonell og identifiserande eining for deler av Ryfylkeregionen i dag.

Det som har vore viktig for eit funksjonelt og administrativt regionalt samarbeid i Ryfylke er å vere synleg ovanfor sentrum. Dette gjeld dei sentrale styresmaktene på både statleg og fylkeskommunalt nivå. Å vere relevant for sentrum, å vere synleg ovanfor andre regionar og for innbyggjarane i Ryfylke er viktig for utvikling av regionen (Ryfylkemuseet 2017:31, Paasi 2003:479). Dette blei òg trekt fram heilt i byrjinga av det regionale samarbeidet. Tidleg på 1970-talet hadde innbyggjartalet i Ryfylke stagnert, medan det på Jæren og i byane hadde

stege med 30 %. Utvikling av næring og arealplanlegging blei difor viktig for samarbeidet i regionen, og dette fokuset har prega samarbeidet heilt fram til i dag (Ryfylkemuseet 2017:28).

Den viktigaste enkeltfaktoren for regionalt samarbeid har vore Ryfylkefondet, eit fond som deler ut midlar gjennom Ryfylkerådet. Ryfylkefondet blei oppretta etter utbygginga av Ulla-Førre, det største vasskraftverket i Norge. Vasskraftutbygginga gav store inntekter, og gjennom fondet som blei oppretta er det gitt store økonomiske bidrag til regionen (Ryfylkemuseet 2017:68-69). I kraft av Ryfylkefondet har ein fått til fleire rassikringsprosjekt som ikkje hadde blitt realisert utan felles kommunalt påtrykk ovanfor sentrumsmakta. Ryfylkefondet har òg bidrege til andre samferdsleprosjekt, og til ulike kultur- og marknadsføringsprosjekt i regionen. Totalt for perioden 2008 til 2016 løyva fondet over nitti millionar kroner til prosjekt, utvikling og aktivitet i Ryfylke (Ryfylkefondet 2016:løyvingar frå 2008-2016). Gjennom fondet får kommunane insentiv for å samarbeida om å byggja regionen. Regionen blir slik ei ramme for politisk/administrative avgjersler gjennom rådet (Lysgård 2004:34).

Nasjonal turistveg Ryfylke er eit døme på eit regionalt samarbeid som har fått tilskot frå Ryfylkefondet, og som museet har vore ein del av å utvikle. Det finst òg ein felles reiselivsplan for regionen, som er viktig for å profilere regionen ovanfor turistar (Ryfylkerådet 2013:Reiselivsplan 2013-2028). Ryfylkealliansen, som er ein annan del av Ryfylkerådet, arbeider for å fremje identitet, bulyst og verdiskaping i regionen. Dette samarbeidet er primært mellom fastlandskommunane. Samarbeidet knyter seg til utbetring av infrastruktur og utvikling av regionen gjennom busetjing og næring. Desse tiltaka har vore viktige for å utvikle regionen mot ei meir felles funksjonelt samla eining. Særleg turismen sitt fokus på kultur- og naturmiljø er ein viktig faktor for å fremje identitet og eksponering i Ryfylke, nett som i Hardanger og Voss (Angell 2015:58 og sjå punkt 5.4) Fondet og regionsamarbeidet representert gjennom Ryfylkerådet, ser ut til å ha verka institusjonaliserande og for fastlandsregionen si utvikling (Lysgård 2004:34 og Paasi 1991:243).

Ein av dei tinga som blei tydeleg i det empirisk materialet mitt, var at det var ei forventning frå kommunalt hald om museal aktivitet i dei einskilde kommunane og lokalsamfunna der

(informant 3). Fokus på den lokale staden er som sagt ikkje til hinder for ei regional ramme då menneske har identitetar på fleire ulike nivå (Berg og Dale 2004:53), men det viser kvar det ønska fokuset til innbyggjarane er. Difor har ein av dei tinga som har vore krevjande for Ryfylkemuseet knytt seg til å ha nok ressursar til å vere til stades i heile den store regionen, i tilstrekkeleg grad (Stavanger Aftenblad 2005). Det er lange reisevegar, og informant 3 seier at ho har som mål å ha møte med kommunane minst ein gong i året, altså ikkje særleg ofte. Regionen si manglande felles politisk/administrative og funksjonelle ramme, med ein splittande geografi og infrastruktur, er difor med på å reprodusere og legitimere den opplevinga einskilde kommunar har av at museet er «Suldalsmuseet» (Lysgård 2004:32-33, informant 3 og sjå punkt 5.4).

Dei fleste politisk/administrative og funksjonelle regionaliseringsprosessane som har utspelt seg samstundes med konsolideringsprosessen, har vore med på å splitte regionen opp i ein indre og ein ytre del. Sjølv regionrådet og museet er med på å forsterke denne kjensla. Sjølv om informantane frå Ryfylkemuseet fokuserer på at dei arbeider for å fremje aktivitet i heile regionen, er museet òg med på å splitte han opp. Historisk kan det knytast til fokusområda til Ryfylkemuseet (Ryfylkemuseet 1981:17). I dag blir denne kjensla forsterka av at museet ikkje har ressursar nok til å vere tilstrekkeleg til stades i kommunane. Det er òg eit poeng at museet har høgast aktivitet i dei kommunane med størst museumssamlingar, noko som bidreg til å stadfeste kjensla av at museet er «inntungt» eller «Suldalsmuseet» (informant 1 og informant 3).

Fleire av desse forholda eg har omtala over handlar om politisk/administrative eller funksjonelle forhold. Det handlar likevel òg mykje om regional identitet. Det å høyre til og kjenne Ryfylke som ein relevant kategori i sitt eige liv, kan til dømes vere med på å forklare kvifor nokon kommunar har eit høgare engasjement knytt til museet og regionrådet. Det å kjenne museet som relevant i sin eigen kvardag har noko å seie for korleis ein opplev den konsoliderte eininga. Dette vil eg diskutere i neste del.

5.4 Regional identitet i ein regionaliseringsprosess

Det å føle seg heime og høyre til i ein region er ein viktig faktor for å ha ein sterkt institusjonalisert region, som er ein del av innbyggjarane si røynd (Lysgård 2004:35 og Paasi 1991:243). I denne delen vil eg drøfte korleis den regionale identiteten i Ryfylke har påverka den konsoliderte eininga, og korleis forhold i museet har forsterka denne kjensla.

Som eg argumenterte for i bakgrunnskapittelet er Ryfylke ein region med historiske røter, som har endra seg frå å vere eit futedøme til å vere ein region det skulle knyte seg fylkeskommunale planar til. Ryfylkeidentiteten har ikkje eit like tydeleg utspring som den regionale identiteten i Hardanger og på Voss, som eg drøfta i førre kapittel, fordi den ikkje er like tydeleg forankra i nasjonsbygginga. Blant innbyggjarane i Ryfylke er det likevel ikkje tvil om at det finnes eit indre fellesskap som er knytt til historiske føresetnader, og som er tilstrekkeleg for eit framtidsretta og byggjande arbeid (Ryfylkemuseet 2003). I utsegna ligg det forventningar til at ein skal kunne nytte den regionale identiteten til å byggje regionen eller i alle fall deler av den, som merkevare, noko eg vil diskutera nærare i del 5.4.2.

Historisk vil eg hevde at den regionale identiteten som alle innbyggjarane i Ryfylke har til felles, i fleire tilfelle handla om ei oppleving av å vere annleis frå andre (Berg og Dale 2004:53-54). Meir konkret handla kjensla om at ein, i møte med byfolka i Stavanger, kjente på opplevinga: «Vi er alle innante - utanføre», som det blei hevda i boka «Folk i Ryfylke» (Ryfylkemuseet 2017:5). I dette utsegna ligg det ei kjensle og oppfatning av at dei frå Ryfylke levde liva sine som annleis enn dei i Stavanger og på Jæren. Dette har vore med på å skape ei regional grense mellom desse regionane (Berg og Dale 2004:53-54). Denne grensa handlar, forutan om kjensla av å vere annleis, blant anna om at ein i Ryfylke har industrinæring og skogbruk. Dette er særleine næringsvegar i regionen som ein ikkje finn andre stader i Rogaland (Rogaland folkemuseum 1981:14).

5.4.1 Øykommunane – kommunar som blir regionalisert ut av Ryfylke?

Den tida ein nytta fjorden som reiseveg, var eit Ryfylke satt saman av fastlandskommunar og øykommunar meir sjølvstekt enn kva det er i dag. Før bilvegen blei dominerande var båtruter som knytte indre delar av regionen saman med øykommunane og Stavanger,

institusjonaliserande for Ryfylkeregionen (Lysgård 2004:34). I møte med byfolka i Stavanger blei desse menneska som kom med båt frå kommunane innafor byen som sagt likare kvarandre (Berg og Dale 2004:49). Det er tilsynelatande ikkje mange kulturelle fellestrekk mellom øykommunane og fastlandskommunane i Ryfylke i dag – sjølv om ein kanskje i visse samanhengar får ei kjensle av å høyre saman, på bakgrunn av den historiske utviklinga (sjå kap. 3). Ved å ta utgangspunkt i kva Ryfylkemuseet i 1980 skildra som sentrale områder for museet å jobba med, ser vi at ingen av fokusområda var knytt til øykommunane (Ryfylkemuseet 1981:17). I tillegg fremja ordføraren på Finnøy om lag samstundes påstanden om at han opplevde Ryfylke som ein region utan indre samanheng (Ryfylkemuseet 2017:45).

Då Rennfast- og Finnfast-tunnelane etter kvart blei ferdige tidleg på 2000-talet blei denne kjensla endå meir forsterka, fordi øykommunane blei knytt nærare Stavanger. Kanskje var ein sams identitet meir relevant den tida Stavanger var ein lang, og ikkje minst felles, båttur unna? Etter at vegen blei ferjefri kjem innbyggjarane frå Finnøy og Rennesøy seg til Stavanger på ein halvtime til tre kvarter med bil, medan det tar tre timar frå Sauda og Sand i kombinasjon med bil og ferje. For innbyggjarane frå Finnøy og Rennesøy har ein markert regional identitet sannsynlegvis blitt mindre viktig dess nærare dei har blitt knytt til Stavanger. Ein sterk regional identitet heng, som sagt tidlegare, gjerne saman med det å vere ein periferi som treng å vere synleg ovanfor sentrum (Paasi 2003:479-480). Dess nærare dei to øykommunane har blitt til Stavanger, dess mindre relevant blir ein sterk regional identitet, fordi periferien blir ein del av sentrum. Sentrum sin kultur og haldningar blir ikkje lenger ei grense mellom desse to områda (Paasi 2003:478 Fitjar 2010:7).

Kvitsøy ligg ein times ferjetur frå Stavanger. Kvitsøy er tilsynelatande ikkje knytt til Ryfylke på nokon annan måte enn historisk, gjennom futedømet, og den sams kjensla av å vere frå ein anna stad ein Stavanger (Ryfylkemuseet 2017:5). At Stavanger stadig kjem nærare dei to kommunane Rennesøy og Finnøy, vil eg hevde at fører Ryfylke lengre vekk for alle tre øykommunane. Kvitsøy ligg heilt ved kysten utanfor Rennesøy, og Ryfylke blir difor lenger vekk når Stavanger kjem nærare dei to nabokommunane. Kvitsøy si tilhøyrse til Ryfylke kan altså verte påverke av val som blir tatt av andre stadar, slik ser vi at stadar påverkar kvarandre (Berg og Dale 2004:33-48-49). At ein i tillegg ikkje har andre sterke felles kultur- eller

identitetstrekk med Ryfylke gjer det enklare å forstå kvifor Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy ikkje er ein del av Ryfylkerådet i dag. Dette er slik eg ser det eit tydeleg signal ovanfor regionen angående samarbeid og tilhøyrse i framtida.

I etterkant av konsolideringsprosessen har Kvitsøy vore den kommunen som økonomisk har bidrege mest til Ryfylkemuseet. Dette knyter seg til deira engasjement for Hummarmuseet. Det er eit stort engasjement rundt dette museet av frivillige pensjonerte fiskarar (informant 2). I samtale med informant 3 kjem det som nemnt tidlegare fram at det er eit stort lokalt engasjement for museumsanlegga knytt til dei ulike stadane i regionen. Dette er òg tilfellet på Kvitsøy, som er ein svært liten kommune med rundt 500 innbyggjarar. I eit lite samfunn prega av å vere ein utkant i ein utkantsregion, må dette engasjementet slik eg ser det sjåast som lokalt heller enn regionalt forankra. Dette vil eg hevde ut i frå at formålet til Hummarmuseet ikkje var å vere ein del av Ryfylkeramma då det blei starta. Det var den lokale staden og «Kvitsøy-historia» som skulle formidlast gjennom Hummarmuseet (Stavanger Aftenblad 21.04.2004). At engasjementet var lokalt forankra kjem òg tydeleg fram i samtale med informant 2, som sa at Kvitsøy var ein av dei kommunane som trua med å «gå til andre museum» om ikkje Ryfylkemuseet gjorde nok for dei (sjå siste avsnitt denne del).

Dei to andre øykommunane har bidrege lite økonomisk til Ryfylkemuseet samanlikna med Kvitsøy. Rennesøy gjev i underkant av 50 kroner per innbyggjar, medan Finnøy gjev 1 krone per innbyggjar, i tilskot til museet. Det lave økonomiske tilskotet kan sei noko om korleis ein opplever relevansen til museet i desse kommunane. Det knyter seg blant anna til at det er få og små museumssamlingar her. Eg vil hevde at det òg det handlar om korleis ein kjenner den regionale ramma til Ryfylkemuseet som relevant for kommunen. Innbyggjarane identifiserer seg ikkje med Ryfylkemuseet i desse kommunane, men kallar det altså «Suldalsmuseet» (Berg og Dale 2004:54 og informant 3). Informantane gjev uttrykk for at dei kommunane som bidreg minst økonomisk òg er dei som viser minst engasjement rundt det å samarbeidet med museet (informant 1 og informant 2). Gjennom argumentasjonen over vil eg hevde at den regionale ramma ikkje er ein sentral del av identifiseringsprosjektet til innbyggjarane i øykommunane (Berg og Dale 2004:54).

I samtale med informant 3 kjem det fram at museet dei siste åra har arbeidd mykje med store fotosamlingar i desse to kommunane. Dette prosjektet er verdsett til over ein halv million, men om lag ingen veit om det: « [...] *men det må vi fortelle om.. Og det ser eg jo at .. på den ene siden har Ryfylkemuseet stor respekt, men på den annen side .. eh .. ser folk litt for lite av alt det vi gjør eh.. i hele regionen*». Museet er altså ikkje synleg i desse to øykommunane. Viss vi ser dette i samanheng med dei andre faktorane som eg har drøfta ovanfor, påverkar og stadfester dette den manglande tilhøyrsla desse tre øykommunane kjenner til Ryfylkeidentiteten. Ryfylkeregionen blir ikkje relevant for innbyggjarane, og dei opplever heller ikkje regionen, representert ved museet og Ryfylkerådet, som engasjert i dei (Berg og Dale 2004:54). Dette er noko som bidreg til at desse kommunane tilsynelatande kan verte regionalisert ut av Ryfylke, fordi ein ikkje oppfattar regionen som ei relevant ramme for seg sjølv (Lysgård 2004:33 og ibid.).

For desse tre øykommunane er det å høyre til Ryfylkemuseet ikkje noko informant 2 opplev som veldig viktig, og ho knyter det direkte til den manglande regionale identiteten: «*det ser vi jo i disse ytre kommunene .. med Kvitsøy, Rennesøy, Finnøy at: «hvis ikke dere kommer og hjelper oss med dette så .. så går vi til Stavanger museum eller Jærmuseet» og .. verden er jo ikke sånn då men. Det .. det er ikke noe følelse av noe felles Ryfylkeidentitet*». Denne kjensla av å ikkje høyre til i regionen blir altså synleg både politisk/administrativt, funksjonelt og identifiserande. Faktorar som arbeidsstad, skular og sjukehus, fører desse kommunane mot Stavanger. Den manglande kjensla av regional tilhøyrsla blir òg synleg gjennom at kommunane ikkje er medlem av Ryfylkerådet. Det blir synleg gjennom at dei bidreg relativt lite til museet og opplever museet som lite engasjert og til stades i kommunane. Samstundes opplever informantane frå museet desse kommunane som lite engasjerte i å bidra til utvikling og prosjekt i kommunane. Museet prioriterer difor andre kommunar og prosjekt for museet. Desse kommunane framandgjer seg sjølv for museet og museet framandgjer seg for kommunane, fordi dei må prioritere å nytte ressursane sine der dei opplev engasjement. Dette fører til at sjølv om den konsoliderte eininga jobbar for å samle Ryfylke under same paraply, er det dei regionaliseringskreftene som bidreg til å splitte regionen, som blir førande for samarbeidet mellom kommunane og Ryfylkemuseet. Dei ulike regionaliseringsprosessane som utspelar seg i regionen ser ut til å kunne regionalisere øykommunane ut av Ryfylkeregionen.

5.4.2 Fastlandsryfylke – regional identitet som byggjer regionen

Slik eg ser det er Ryfylkeidentiteten, basert på argumentasjonen over og i kapittel tre, i dag knytt til fastlandet. Den regionale identiteten eg har argumentert for at ein tidlegare hadde i større grad i heile Ryfylke, knytte seg til båtferda alle måtte ta for å kome til Stavanger. Det som kjem fram i det empirisk materialet er at innbyggjarane i fastlandskommunane har ein tydelegare Ryfylkeidentitet i dag, enn det ein finn i øykommunane. Dette knytter seg til fleire forhold, tydelegast til Ryfylkerådet, der alle fastlandskommunane er medlem. Sjølv kommunane kanskje i varierende grad kjenner ei tilhørsle til Ryfylkeidentiteten, blir dei ein del av det Ryfylke som blir promotert gjennom Ryfylkerådet og Ryfylkealliansen (Fitjar 2010:4). Gjennom merkevara som knytter seg til Ryfylkerådet (sjå kap. 3), bidreg kommunane til å byggje og institusjonalisere den regionale identiteten (Paasi 2003:476-480, Angell 2015:57-58). Den regionale identiteten på fastlandet knytter seg òg direkte til Ryfylkemuseet. Dette skjer på to måtar. Frå 1980-talet av blei museet sine fokusområde knytt til næring og liv på fastlandet (Ryfylkemuseet 1981:17). Dette har eg tolka i retning av at fastlandet har vore kjerneområdet til Ryfylkeidentiteten frå gammalt av. Med det som utgangspunkt, bidrog museet til å framandgjere øykommunane for den regionale identiteten i Ryfylke. Samstundes var dette noko som legitimerte og forsterka fastlandskommunane si tilhørsle til Ryfylke (Paasi 1991:243).

Den andre måten den regionale identiteten knytter seg til fastlandsryfylke på, er gjennom museet sine samlingar. Mesteparten av samlingane til museet knytter seg til fastlandskommunane, og aller flest til Suldal og Sauda. Økonomisk bidreg ikkje Sauda mykje meir til museet enn Rennesøy. Forskjellen er at i Sauda har ein to museumsanlegg, som det er ein del lokalt engasjement og entusiasme rundt (Informant 2). Det er òg i Sauda ein finn avisa med namnet Ryfylke, noko som òg kan vise til at Saudabuen ser seg sjølv som Ryfylking, og at identiteten er ein integrert del av livet deira (Lysgård 2004:32, Berg og Dale 2004:53).

Suldal er vertskommune for staben til Ryfylkemuseet og har svært mange av museet sine samlingar i sin kommune. Dei har blant anna fire gardsanlegg, i tillegg til andre små einingar og eit høgt aktivitetstilbod. Suldal kommune sitt økonomiske bidrag er difor, naturleg nok,

større enn dei fleste andre kommunane. Dei store samlingane og nærleiken til staben i museet gjer at ein kan forstå at ein del andre kommunar oppfattar museet som «Suldalsmuseet» (informant 3). Denne påstanden viser at ein i deler av regionen opplever museet som lokalt forankra i Suldal kommune. Denne lokale forankringa blir då eit hinder for samarbeid fordi ein ikkje identifiserer seg med Suldal i andre deler av regionen (Berg og Dale 2004:54).

Dei to andre kommunane på fastlandet, Strand og Hjelmeland, gjev ein stad mellom ti og to kroner per innbyggjar til Ryfylkemuseet. Tala som syner dette knyter seg til 2016, og i samtale med informant 3 kjem det fram at det på garden Viga i Hjelmeland har skjedd ein del utvikling sidan den gong. Der er det bygd opp ein frukthistorisk hage i samarbeid med kommunen og Norsk genressursenter. I Strand kommune finnes det ikkje museumsanlegg eller samlingar av nokon størrelse. Ein har altså eit varierende engasjement til museet på fastlandet òg, men her er alle kommunane medlem av Ryfylkerådet. Medlemskapet her er slik eg ser det ein hovudårsak til at Ryfylkeidentiteten er viktig og relevant for desse kommunane.

Gjennom Ryfylkerådet, og delvis gjennom ramma til museet, blir den regionale identiteten forankra og vidareutvikla. Den regionale identiteten i fastlandsryfylke i dag har det same formålet som den regionale identiteten i Hardanger og på Voss. Dette er å gjere regionen synleg og relevant for sentrum, for turistar og for innbyggjarane (Angell 2015:57-58). Identiteten er for desse kommunane basert på ein felles historie og kultur, og ut i frå denne blir den òg knytt til merkevarebygging i dag. Formålet med dette er ifølgje Ryfylkerådet å gjere regionen til ein sterk aktør som verkar relevant for si samtid. Vidare er det viktig for å bygge regionsbiletet inn i framtida (Angell 2015:57 og Ryfylkerådet: Ryfylkealliansen). Måten ein gjer dette på er gjennom å promotere regionen som eit sentralt reisemål i Norge på visitnorway.com og nasjonaleturistveger.no, der ein speler på regionale symbol som Preikestolen og Kjeragbolten for å gjere Ryfylke til ein attraktiv region for turistar. I Ryfylke som i Hardanger er det nærast eit terapeutisk landskap som blir promotert (Jørgensen 2004:209-210). Gjennom merkevarebygginga blir det skapt identitet for innbyggjarane i regionen, og ein gjer regionen synleg utover dei regionale grensene (Fitjar 2010:8-10 og Angell 2015:58).

I konsolideringsprosessen, og no i etterkant av konsolideringa blir det synleg at Ryfylkemuseet er ein synleg aktør som fremjar ei identitetsramme for innbyggjarane i regionen. Det ser ikkje ut som denne identitetsramma har klart å ta opp i seg øykommunane. Dette knyter seg i nokon grad til forhold i museet, men primært til forhold utanfor. Gjennom museet og Ryfylkerådet, og gjennom merkevarebygging, vil eg hevde at Ryfylkeidentiteten har blitt legitimert og reprodusert for innbyggjarane på fastlandet (Angell 2015:57-58 og Lysgård 2004:43). Det er likevel den stadlege identiteten representert ved bygda eller kommunen som er førande for innbyggjarane sitt kvardagsliv. Ordføraren i Forsand sa i år 2000 at «*Eg er altfor mykje Forsandpatriot til at eg klarer å prioritera det som er best for regionen framfor kommunens interesser*» (Ryfylkemuseet 2017:41). Å ha ein stadleg identitet knytt til ei bygd eller ein kommune gjer ikkje den regionale identiteten uviktig. Ein kan som eg har nemnt fleire gonger, ha identitetar på ulike geografiske nivå, fordi identiteten er knytt til mentale førestillingar (Fitjar 2010:4). Utsegna seier likevel kva identitet som er den viktigaste.

Utsegna over er etter kvart ganske gammal, men det er likevel skildrande for korleis eg tolkar det empiriske materialet mitt. Dette knyter seg til at regionen har eit formål som krev at ein har ein regional identitet knytt til seg. Formålet er å promotere Ryfylke som ein attraktiv region for turistar, tilflyttarar og innbyggjarar. Det manglande felles regionsenteret fører til at det i dagleglivet er det beste for staden som er det viktigaste. Det handlar då primært om å sikre si eiga framtid, og utvikling på den staden ein bur på – fordi det er her innbyggjarane utøver sin sosiale praksis i kvardagen (Berg og Dale 2004:47).

5.5 Konklusjon

Museumsreforma i Ryfylke var, som eg har drøfta over, utan særleg konflikt. Ryfylkemuseet har likevel hatt utfordringar knytt til å få til eit godt samarbeid med alle kommunane i regionen. Basert på drøftinga i dette kapittelet vil eg leggje fram eit trekk ved regionen som kan seie noko om kvifor konsolideringsprosessen blei handtert slik den blei då og blir handtert i dag:

- **Deler av Ryfylkeregionen kan verte regionalisert ut av regionen, noko som viste seg i konsolideringsprosessen og tida etter.**

Denne påstanden vil eg grunngje ut i frå dei føresetnadane som var i regionen då konsolideringsprosessen starta. Regionen har ikkje noko felles politisk/administrativ eller funksjonelt sentrum som samlar innbyggjarane i kvardagen. I tillegg er regionen stor, det tar fire timar frå den eine enden til den andre via Stavanger. Den einaste regionale ramma som tar opp i seg heile regionen, forutan Ryfylkemuseet, er Ryfylkerådet. Dei kommunane som eg hevdar kan verte regionalisert ut av Ryfylke er dei kommunane som ikkje har medlemskap i rådet, altså Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy. Den fysiske avstanden gjer at innbyggjarane i den store regionen, og dei tilsette i den konsoliderte eininga, heller ikkje møter kvarandre i kvardagen. Gjennom betre infrastruktur har øykommunane heller blitt knytt nærare til Stavanger, og blitt framandgjort for Ryfylke. I øykommunane opplev ein ikkje Ryfylkeramma som tilstrekkeleg dekkjande for si eiga livsverd og sin eigen identitet.

Dei kommunane som har tettast samarbeid med Ryfylkemuseet er òg, forutan Kvitsøy, dei kommunane som er nærast staben til Ryfylkemuseet på Sand i Suldal. Dette er med på å stadfeste den kjensla som særleg øykommunane har av at museet er «Suldalsmuseet» eller «inntungt». Dette er òg ei kjensle øykommunane har tatt med seg frå museet blei oppretta. Museet sine fokusområde frå 1980-talet sa eksplisitt at liv og verke i øykommunane ikkje var museet sine satsingsområde. Dei regionale symbola innan næring og kultur som knyter seg til regionen høyrer difor primært til fastlandet. På fastlandet ser det ut til at ein har eit godt samarbeid gjennom Ryfylkerådet, og saman med kommunane, ser det ut til at den regionale identiteten har blitt legitimert. Gjennom dei varierende løyvingane til museet frå desse kommunane, ser ein likevel at det i dagleglivet er det beste for staden som er det viktigaste for innbyggjarane her.

I dette kapittelet har eg forsøkt å vise at særleg fastlandsregionen har sitt formål, både som ramme for identitet, men og som ei felles ramme ovanfor sentrum, og som merkevare ovanfor turistar. Formålet med merkevarebygginga er å gjere regionen robust og relevant både innover og utover. Gjennom konsolideringsprosessen blir det likevel tydeleg at øykommunane i Ryfylke, i lys av dei regionaliseringsprosessane som har funne stad dei siste tretti-førti åra, fell utanfor den regionbygginga som har funne stad. Difor kan desse kommunane ende opp med å verte regionalisert ut av regionen. Til gjengjeld kan dei

kommunane som blir att, fastlandskommunane, bli ei meir heilskapleg felles eining. Elles blir det i analysen tydeleg at det er staden, som oftast representert ved kommunen, som er det sentrale nivået der ein ynskjer utvikling. Dei store geografiske avstandane og mangelen på eit felles sentrum er mykje av årsaka til dette. Ryfylkemuseet som regional aktør blir difor mest synleg gjennom dei stadlege kontekstane, representert ved eit bygdemuseum, ei fotosamling og liknande, der det er staden som er i fokus.

Kapittel 6: Oppsummering og avsluttande drøfting

6.1 Oppsummering og avsluttande drøfting

Analysen av det empiriske materialet har vist at konsolideringsprosessane i Hardanger og Voss museum og Ryfylkemuseet har hatt ulike føresetnader. Gjennom teorien har eg knytt det til at region og stad er sosiale kategoriar som blir produsert og legitimert ut i frå sin unike sosiale kontekst. Gjennom empirien blei det synleg at musea har handtert den konsoliderte regionale ramma og konsekvensane av reforma ulikt òg. Det er desse ulike føresetnadane, og handteringa av dei, som dannar ramma for problemstillingane.

I bakgrunnskapittelet og gjennom dei to analysekapitla blei det drøfta korleis dei tre regionane som inngår i dei to konsoliderte einingane var institusjonaliserte som regionar i ulik grad. Ut i frå Paasi sin modell for institusjonalisering av regionar, blir Voss i drøftinga karakterisert som ein sterkt institusjonalisert region. Hardanger blir primært karakterisert som ein sterk identitetsregion, medan Ryfylke blir ein svakt institusjonalisert region. Viss ein tar utgangspunkt i drøftinga mi, og berre karakteriserer fastlandsryfylke som Ryfylke, er dette derimot òg ein identitetsregion. Denne institusjonaliseringa av regionane, og dei andre pågåande regionaliseringsprosessane i regionane, påverka konsolideringsprosessen i dei to konsoliderte einingane på forskjellige måtar. Dette var noko eg drøfta i kapittel fire og fem. I denne oppsummeringa vil eg samle trådane, og vise kva tendensar eller konklusjonar som kan trekkast ut av analysen.

I denne oppgåva har eg analysert korleis ein regionaliseringsprosess som museumsreforma representerte, blei påverka av dei ulike regionale og stadlege prosessane som utspelte seg i dei tre regionane som inngår i dei to konsoliderte einingane i analysen. Det at det i analysen er snakk om tre regionar og to konsoliderte einingar, er noko som har tilført eit ekstra nivå i drøftinga. Det blir snakk om både kva forholdet mellom stad og region har hatt å seie for konsolideringsprosessen, men òg kva forholdet mellom regionar har hatt å seie for det same.

6.1.1 Forholdet mellom regionar i konsolideringsprosessen

I argumentasjonen la eg fram at det var fleire døme på samarbeid mellom regionane Hardanger og Voss, men at akkurat museumsfeltet var konfliktfylt å samarbeide om. Kultur og identitet er svært ladde omgrep, og vekker kjensler i oss av ein heilt annan karakter enn for andre felt ein kan samarbeide på. Dette hevdar eg ut i frå at identitet representerer grensa mellom «oss» og «dei andre». Musea i desse to regionane er berarar av fleire symbol på regional identitet og kultur, og konfliktpotensialet blir difor større når ein skal samarbeide på dette området.

Voss folkemuseum er altså ein del av ein sterkt institusjonalisert region. Sidan museet er berar av symbol på identitet og kultur i regionen blir museet i seg sjølv noko som symboliserer denne grensa mellom «oss» og «dei andre». Gjennom samarbeidet med musea i Hardanger får museet difor aktualisert eit behov for å vedlikehalde grensa mellom «oss» og «dei andre». Eg vil hevde at dette behovet går vidare enn behovet for å oppretthalde eigen arbeidsplass. I konsolideringsprosessen, og tida etterpå, har museet hatt eit behov for å oppretthalde seg sjølv som sjølvstendig eining i størst mogeleg grad. Eg hevdar at museet gjer dette for å oppretthalde seg sjølv som unike og særeigne, og dermed bidreg dei til å reprodusere Voss som ein sterkt institusjonalisert region .

Voss folkemuseum er eit ganske lite museum, og eg har hevda at museet har gjort seg til ein periferi i Hardanger og Voss museum, for å oppretthalde den regionale grensa. Dei gjer dette ved å sjå på Fartøyvernssenteret som eit sentrum som tar frå periferien. Dei gjer det òg ved å framandgjere seg frå utstillingane på Hardanger folkemuseum, noko som skapar eit skilje mellom desse to musea som tilsynelatande kunne samarbeidd om mykje. Å oppretthalde dette skiljet er viktig for å vedlikehalde grensa mellom seg sjølv og musea i Hardanger. Paraplyorganisasjonen er òg noko som bidreg til å reprodusere og vedlikehalde denne grensa mellom regionane, samt Voss folkemuseum si kjensle av å vere ein periferi i den konsoliderte eininga. Dette knyter eg til at driftseininga ikkje har nok økonomisk handlingsrom i seg sjølv, og difor er avhengig av økonomiske overføringar frå museumsavdelingane. Dette gjer igjen at Voss folkemuseum opplever at sentrum «tar» frå periferien. Dei prosessane som utspeler seg

bidreg altså til å stadfeste og legitimere Voss som ein eigen region, internt i museumseininga og elles.

6.1.2 Forholdet mellom stadar i konsolideringsprosessen

Basert på det empiriske materialet ser det ut som at ein manglande politisk/administrativ og funksjonell orientering i regionane Hardanger og Ryfylke gjer at ein får utfordringar på ulike nivå.

Hardanger

I Hardanger, med fleire museumsavdelingar knytt til ulike stadar, førte mangelen på eit felles regionsentrum til konflikt mellom indre og ytre delar av regionen. I Hardanger og Voss museum har difor det beste for staden vore førande for den konsoliderte eininga. Behovet for å gjere det beste for staden har blant anna bidrege til at museet er organisert som ein paraplyorganisasjon. Denne organiseringa er ikkje i tråd med ønsket frå statleg hald for å hauste mest mogeleg fagleg effekt av reforma. I realiteten blir museumsavdelingane i den konsoliderte eininga drifta vidare om lag som før reforma, og ein har i liten grad samarbeid mellom einingane. Problemet med å samarbeide knyter seg mest uttalt til personalressursar og økonomi. Desse organisatoriske forholda bidreg til å oppretthalde kjensla av å vere avskilte og unike stadar, og ikkje til integrasjon av organisasjonen i ei regional eining.

Den lokale staden er hovudarena for utøving av sosial praksis i kvardagen, og har altså vore førande for korleis musea i Hardanger har handtert konsolideringsprosessen. Mangelen på eit felles sentrum i Hardanger bidrog òg til at det blei det beste for staden som blei viktigast. Dette er noko eg knyter til at reforma var av sentraliseringskarakter, der eit museum mista funksjonar til fordel for eit anna. I konsolideringsprosessen blei det difor eit spørsmål om kva stad som skulle miste noko, og ein kamp om ressursar.

Den kulturelle og religiøse ulikskapen ein kjenner på i Hardanger, mellom indre og ytre delar av regionen, er noko som forsterkar kjensla av å vere ulike. Denne typen konflikthar mellom indre og ytre delar av Hardanger som blei synleg i konsolideringsprosessen, argumenterte eg for at var relativt vanleg, og kjem opp med jamne mellomrom. Konflikt mellom stadar i

Hardanger er noko som eg vil hevde er ein historisk og kulturell del av den regionale identiteten, og den blir delvis produsert av det manglande felles sentrumet i regionen. Konflikten mellom Hardanger folkemuseum plassert i indre delar av regionen, og Fartøyvernsenteret plassert i ytre delar av regionen, var difor eit resultat av desse regionale føringane som låg til grunn.

Ryfylke

I Ryfylke har dei eit konsolidert museum som har oppnådd full fagleg integrering, men dei har i staden samarbeidsproblem knytt til einskilde kommunar. I Ryfylke har kommunane i ulik grad kjent eit behov for samarbeid med museet, og dei bidreg til museet i svært ulik grad. Sidan Ryfylke i likskap med Hardanger ikkje har eit felles sentrum for innbyggjarane, blir det heile tida ei avveging mot kva som er det beste for staden.

Gjennom drøftinga har eg argumentert for at fastlandskommunane i Ryfylke er det som kan kome til å utgjere Ryfylkeregionen i framtida. Desse kommunane har ikkje noko felles politisk/administrativt eller funksjonelt sentrum, men i motsetning til øykommunane har dei ein felles regional identitet som dannar eit viktig formål for regionen. Denne regionale identiteten er ein del av historia til innbyggjarane på fastlandet, men har ikkje eit like tydeleg utspring som i Hardanger. Merkevarerbygging har difor vore nytta aktivt for å byggje regionen som ein tydelegare aktør, både utover regionen sine grenser og innover, blant innbyggjarane. Merkevarerbygging er noko blant anna Ryfylkerådet gjer aktivt, for å skape ei meir samskjensle av å vere frå ein felles region. Gjennom løyvingane kommunane gjev til museet, vil eg hevde at det likevel blir tydeleg at den regionale identiteten er underordna den tilknyttinga og identiteten ein har til staden ein bur på. Dei kommunane som har flest museumsanlegg og høgast aktivitetstilbod, er òg dei som økonomisk bidreg mest til museet. I samanheng med samarbeid med museet er det altså det beste for staden, og kva museet kan gjere for han, som er viktigast. Den regionale ramma til Ryfylkemuseet er underordna.

6.1.3 Regionalisert ut av regionen?

Sjølv om Ryfylkemuseet på mange måtar forsøker å formidle ei felles regional ramme for heile regionen, er det dei andre prosessane som utspeler seg i regionen som er førande for

utviklinga. Dei andre regionaliseringsprosessane som går føre ser ut til å vere så sterke at dei tre øykommunane, og særleg Finnøy og Rennesøy, kan verte regionalisert ut av regionen. Ut i frå argumentasjonen knyter eg det til at dei tre øykommunane ikkje har medlemskap i Ryfylkerådet. Dette er det einaste organet utanom museet som har heile regionen som ramme for sine funksjonar. Det manglande medlemskapet seier noko om kva relevans desse kommunane tykkjer at det regionale samarbeidet har for dei. Øykommunane opplever ikkje ramma til Ryfylke som tilstrekkeleg dekkjande for deira behov.

Forhold i den konsoliderte eininga har òg bidrege til at desse kommunane kjenner seg framandgjort for den regionale ramma. Dette knyter eg blant anna til det at store delar av museet er i dei indre fastlandskommunane, og hovudtyngda av det museale arbeidet difor går føre seg der. Dette aukar kjensla særleg øykommunane har av at museet ikkje er deira museum, men «Suldalsmuseet». Og det fører igjen til at desse kommunane engasjerer seg mindre i museet, som då vidare fører til at kommunen ikkje prioriterer dei. Slik blir dette prosessar som forsterkar kvarandre.

Etter kvart som infrastrukturen knytte øykommunane nærare fastlandet har Ryfylkeidentiteten blitt mindre relevant for deira identifiseringsprosjekt, og gjort at Ryfylkeidentiteten ikkje er noko dei tilsynelatande identifiserer seg med. Konsekvensen av at øykommunane potensielt blir regionalisert ut av Ryfylke, slik eg ser det, er at fastlandskommunane får ei tydelegare regional ramme. Dei får blant anna ein sterkare regional identitet knytt til seg. Dette hevdar eg ut i frå at det regionale samarbeidet samlar fastlandsryfylke tydelegare funksjonelt, administrativt, og ikkje minst i ein meir heilskapleg felles identitet. Denne delen av regionen kan kanskje transformerast til ein meir institusjonalisert region i framtida.

6.2 Avsluttande betraktningar

Det å høyre til på ein stad, og kjenne staden og regionen som relevant for sitt eige identifiseringsprosjekt, viser seg som viktig i alle dei tre regionane. Konsolideringa av musea var ein prosess som påverka innbyggjarane i dei ulike kommunane og regionane på ulike måtar. Det blei tydeleg at den regionale identiteten var ein viktig faktor for å kjenne regionen

som sin eigen, og for å ha eit godt regionalt samarbeid i museet. Likevel var det det beste for staden som var førande i regionane i konsolideringsprosessen, uavhengig av i kor stor grad ein hadde ein regional identitet. Dette blir særleg synleg i dei to regionane Hardanger og Ryfylke som ikkje har eit felles sentrum ein byggjer opp under.

6.3 Forslag til vidare forskning

I lys av kommunereforma som har verknad frå 1. januar 2020, vil særleg Ryfylkeregionen ha potensiale til å bli transformert til ein ny og mindre region. Informant 3 fortalde at dei allereie var i gang med samtalar om kva som skulle vere grensene for Ryfylkemuseet, og at ein forhandla med dei nye kommunane om dette. Det er i alt tre kommunar i Ryfylke som blir endra som følgje av reforma, det er Finnøy, Rennesøy og Forsand. Finnøy og Rennesøy blir ein del av Stavanger kommune, og Forsand blir ein del av Sandnes kommune. Det kan vere interessant å undersøke kva som gjer at nye Sandnes kommune framleis ynskjer å delta i Ryfylkesamarbeidet etter kommunesamanslåinga (Strandbuen 12. januar 2018). Det kan òg vere interessant å undersøke om kommunereforma blir slutten på tida der ein omtala Finnøy og Rennesøy som ein del av Ryfylke. Med utgangspunkt i musea kan det òg vere interessant å undersøke korleis museet handterer denne endringa. Denne typen undersøking kan òg vere interessant å gjennomføre i andre regionar som er prega av stadar eller kommunar som held på å bli regionalisert ut av regionen.

Referanseliste:

Bøker og tidsskriftartiklar:

Alver, B. G. og Øyen Ø. (1997) *Forskeretikk i forskerhverdag. Vurderinger og praksis*: Otta: Tano Aschehoug

Angell, S.I (2015) Å byggja ein region som merkevare. Historiebruk i Hardanger. I *Heimen* 01/2015 vol. 52 s. 52-71

Angell, S. I. og Grove, K. (2015) Organisasjonsliv og politikk, i Angell, S. I., Byrkjeland M., Grove, K., Kolle H. (red.) *Hardanger. Ei regionhistorie. 1750-1900*. bind 2. Bergen: Fagbokforlaget, s. 127-157

Angell, S. I. og Grove, K. (2015) Fellesskap på industristad og bygd, i Angell, S. I., Byrkjeland M., Grove, K., (red.) *Hardanger. Ei regionhistorie. Etter 1900*. bind 3. Bergen: Fagbokforlaget, s. 143-180

Angell, S. I. og Kolle, H. (2015) Dei institusjonelle fellesskapa, i Angell, S. I., Byrkjeland M., Grove, K., Kolle H. (red.) *Hardanger. Ei regionhistorie. 1750-1900*. bind 2. Bergen: Fagbokforlaget, s. 161-190

Berg, N. G og Dale, B. (2004) Sted – begreper og teorier, i Berg, N. G, Lysgård H. K og Løfgren, A. (red). *Mennesker, steder og regionale endringer*. Trondheim:tapir akademisk forlag, s. 39-60

Bore, O. M. (2011) Fra Stavanger museum til museum Stavanger: ti år med museumsreformen. i *Årbok Museum Stavanger*. Bind 120/2010. s. 9-33

Byrkjeland, M. (2015) Frå fjord til veg, i Angell, S. I., Byrkjeland M., Grove, K., (red.) *Hardanger. Ei regionhistorie. Etter 1900*. bind 3. Bergen: Fagbokforlaget, s. 219-255

Byrkjeland, M. og Grove, K. (2015) Hardanger i nasjonen, i Angell, S. I., Byrkjeland M., Grove, K., Kolle H. (red.) *Hardanger. Ei regionhistorie. 1750-1900*. bind 2. Bergen: Fagbokforlaget, s. 239-270

Dale, B. (2002) An Institutional Approach to Local Restructuring: The Case of Four Norwegian Mining Towns. *European Urban and Regional Studies*, January 2002, Vol.9(1), s.5-20 DOI: 10.1177/096977640200900101

- Eriksen, A (2002) Bygda vår – frå bygdebøkene verden. I Eriksen, A., Garnert J., og Selberg T. (red.) *Historien in på livet*. Lund: Nordic Academic Press, s. 195-216
- Fitjar, R. D (2010) *The rise of Regionalism. Causes of regional mobilization in Western Europe*. Oxon: Routledge
- Gjerdåker, Johs. (1990) *Ålmenn søge for Voss*, bind 1. Voss: Voss bygdeboknemnd .
- Gjerdåker, Johs. (1991) *Ålmenn søge for Voss*, bind 2. Voss: Voss bygdeboknemnd .
- Grove, K. (2015) Eit nytt Hardanger? Eit regionalt perspektiv på kommuneendringane i 1960-åra i *Heimen* 04/2015, s. 357-369
- Grønmo, S. (2015) *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget
- Hundstad, D. (2015) Ståle Dyrvik og Edgar Hovland (red.): *Hardanger. Ei regionhistorie*, bd. 1–3. I *Historisk tidsskrift*, 2015, B. 94, nr. 4, s.639-645
- Jørgensen, S. H. (2004) Har helse en geografisk forankring? Om sted og helse i Berg N. G, Lysgård H. K og Løfgren, A. (red). *Mennesker, steder og regionale endringer*. Trondheim:tapir akademisk forlag, s. 200-216
- Keating, Michael (2004) *Regions and regionalism in Europe*. Cheltenham: E.Elgar
- Keating, Michael (1998) *The new regionalism in Western Europe: territorial restructuring and political change*. Cheltenham:Edward Elgar
- Klein, B. (2002) Gamla kartör och nya världar: Om migration och platsskapande. *Tidsskrift for kulturforskning* Oslo 2002(1):3/4. s. 5-20
- Kvale, S. og Brinkmann, S. (2015) *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk
- Lerstad, V. (2014) *Museumsreformen og Drammens museum*. Masteroppgåve i kunsthistorie, Universitetet i Oslo. Tilgjengeleg frå: <https://www.duo.uio.no/handle/10852/52496> [henta 20.11.19]
- Lysgård, H. K. (2004) Region I forskning, politikk og hverdagsliv i Berg N. G, Lysgård H. K og Løfgren, A. (red). *Mennesker, steder og regionale endringer*. Trondheim:tapir akademisk forlag, s. 27-38
- Lysgård, H. K. (2005). Med regionale metaforer bygges landet – om regionale identiteter som forestilte fellesskap, i Garmann H. C og Andersen, R. (red). *Metaforenes tyranni?: Samtids- og fremtidsbilder av Norge i 2005: En essaysamling*. Kristiansand: Høyskoleforlaget, s. 95-106

- Paasi A. (1991) Deconstructing regions: notes on the scales of spatial life. *Environment and Planning A* Volume: 23 issue: 2, s. 239-256
- Paasi A.(2003) Region and place: regional identity in question. *Progress in Human Geography* Volume 27, 4 (2003) s. 475-485
- Paasi A.(2009) Regions and regional dynamics, i Rumford, C. (red). *Handbook of European Studies*. London: Sage s. 464-484
- Repstad P. (2007) Mellom nærhet og distanse. Kvalitative metoder i samfunnsfag. 4. utgave. Oslo: Universitetsforlaget
- Roholdt, S. T. (2016) *Frivillighet etter museumsreformen: Profesjonalisering og deltakelse*. Masteroppgåve i museologi. Universitetet i Oslo. Tilgjengeleg frå: <https://www.duo.uio.no/handle/10852/52496> [lasta 20.11.19]
- Ryfylkemuseet (2017) *Ryfylke – 50 år med samarbeid*. Årbok for Ryfylkemuseet, Folk i Ryfylke. Sand: Ryfylkemuseet.
- Ryfylkemuseet (2003) *Tema: Ryfylke*. Årbok for Ryfylkemuseet, Folk i Ryfylke. Sand: Ryfylkemuseet.
- Selberg, T. (2007) Mennesker og steder. Innledning. I Selberg, T og Gilje, N (red.) *Kulturelle landskap. Sted, fortelling og materiell kultur*. Bergen: Fagbokforlaget s. 9-19
- Stene, J. (2016) *Museumsreformen. Mellom stat og lokalsamfunn - fra gjenstand til publikum*. Materoppgåve i kulturstudier. Høgskolen i Telemark. Tilgjengeleg frå: <https://openarchive.usn.no/usn-xmlui/handle/11250/2459871> [henta 20.11.19]
- Røine, A. K. (2019) Museumskonsolidering : brutalt, men nødvendig? I *Årringen* bind 12(2019) s. 31 Fetsund: Fetsund lensminneforening

Rapportar og offentlege utgreiingar:

- Agderforskning (2017) *Evaluering av museumsreformen i Hordaland*. Rapport nr. 5/2017. Kristiansand: Agderforskning
- Eriksen, A. 2013, *Utviklingen på museumsfeltet, vedlegg til kulturmeldinga* tilgjengeleg frå: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kud/styrer_raad_utvalg/kulturutredningen/eriksen_utviklingen_paa_museumsfeltet.pdf [henta 20.08.19]

Fossestøl, K. Breit, E. og Heen, H. (2013) Organisering av museene – en evaluering av organisasjonsformer i kjølvannet av museumsreformen. Oslo: Kulturrådet

Kulturrådet (2019) Kulturrådets museumsundersøkelse 2018. Oslo: Kulturrådet

NOU 1996:7. Museum, mangfold, minne, møtestad

Sonconsult (2013) *Organisasjonsgjennomgang Hardanger og Voss museum. I samme båt?*

Rapport september 2013. Tilgjengeleg frå: <http://sonconsult.no/wp-content/uploads/2012/11/Rapport-HVM-september-2013.pdf> [henta 20.08.19]

St. meld. Nr. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet

St. meld. Nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014

St.meld. nr. 49 (2008–2009) Framtidas museum. Forvaltning, forskning, formidling, fornying

Telemarkforskning (2016) *Til lands og til vanns og på sokkelen med*. Rapport nr. 386. Bø i

Telemark: Telemarkforskning. Tilgjengeleg frå:

https://www.researchgate.net/publication/311807522_Til_lands_og_til_vanns_og_pa_sokkelen_med_Evaluering_av_museumsreformen_i_Rogaland [henta 20.06.19]

Østlandsforskning (2005) *Hardanger kommune. Ei utgreiing om fordelar og ulemper ved å slå saman sju kommunar i Hardanger*. Notat nr. 3/2005. Lillehammer: Østlandsforskning.

Tilgjengeleg frå: <https://www.ostforsk.no/wp-content/uploads/2015/01/032005.pdf> [henta 19.10.19]

Nettstadar og andre elektroniske kjelder:

Bergens Tidende (1999) *Overrumpla av lobbyistane*. 24. august1999 tilgjengeleg frå:

<https://web.retriever-info.com/services/archive/displayDocument?documentId=020021199908240091> [Henta 17.09.2019]

De nasjonale forskningsetiske komiteene (2009) *46. Tilbakeføring av forskningsresultater*.

Tilgjengeleg frå: <https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/f.-forskningsformidling-41---46/46.-tilbakeforing-av-forskningsresultater/>

[Henta 06.05.2019]

De nasjonale forskningsetiske komiteene (2016) *B. Hensyn til personer (5-18)* Tilgjengeleg frå:

<https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/b.-hensyn-til-personer-5---18/> [Henta 04.03.2019]

Digitalt museum (2014) *Voss kommune*. Tilgjengeleg frå:

<https://digitaltmuseum.no/011085443298/voss-kommune> [Henta 8.8.2019]

Domstol (årstal ukjent) *Hardanger tingrett, om Hardanger tingrett*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.domstol.no/Enkelt-domstol/hardanger-tingrett/om-hardanger-tingrett/> [Henta 25.10.19]

Grind (årstal ukjent) *Skipreideinndelinga*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.grind.no/temakart/folk-samfunn/skipreideinndelinga> [Henta 25.10.2019]

Hardanger folkeblad (2004) *Museumsflope i Hardanger*. 11. mai 2004 tilgjengeleg frå:

<https://www.hardanger-folkeblad.no/tips-oss/museumsflope-i-hardanger/s/1-61-1116657> [Henta 17.09.2019]

Hardangerrådet (årstal ukjent) *Hardanger – eit sterkt merkenamn å vidareutvikla*. Tilgjengeleg frå:

<http://www.hardanger.com/Dokument/Hardangerr%C3%A5det/Brukarlisens%20for%20%20Merkvare%20Hardanger.pdf> [Henta 5.8.2019]

Hesjedal, K. (1999) *Når skal Hardingane læra å samarbeida?* Bergens Tidende 2. september

1999 tilgjengeleg frå: <https://web.retriever->

[info.com/services/archive/displayDocument?documentId=020021199909020077](https://web.retriever-info.com/services/archive/displayDocument?documentId=020021199909020077) [Henta 17.09.2019]

Kartverket (2019) *Tekniske endringer ved sammenslåing og grensejustering*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.kartverket.no/kommunereform/tekniske-endringer/tekniske-endringer-ved-sammenslaing-og-grensejustering/> [Henta 8.8.2019]

Kjetland, T. (1999) *Går av i protest*. Bergens Tidende 24. august 1999 tilgjengeleg frå:

<https://web.retriever->

[info.com/services/archive/displayDocument?documentId=020021199908240092](https://web.retriever-info.com/services/archive/displayDocument?documentId=020021199908240092) [Henta 17.09.2019]

Kreativt forum 2009 *Ny profil for Voss* Tilgjengeleg frå:

<https://kreativtforum.no/arbeid/2009/12/ny-profil-for-voss> [Henta 13.11.2019]

Norsk samfunnsvitenskapelig database (2018) *Må eg melde prosjektet mitt?* Tilgjengeleg frå: https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/index.html [Henta 11.12.2018]

NRK (2019) *NRK valgresultat 2019*. Tilgjengeleg frå: <https://www.nrk.no/valg/2019/resultat/nb/sted/4618> og <https://www.nrk.no/valg/2019/resultat/nb/sted/4622> [Henta 5.11.2019]

Olde, M. N. (2012) *Kvifor engasjerer me oss for Bordalen skule?* Avisa Hordaland 21.juni 2012. Tilgjengeleg frå: <https://web.retriever-info.com/services/archive/displayPDF?documentId=055102201206211Tx4ri2ue08X02oggr11YIG510000101090s&serviceld=2> [Henta 2.11.2019]

Referat frå seminar om skrivning av moderne ålmennsoge (2012) *Fjord og fjell, frukt og flaum*. Bygdebokseminar laurdag 24. mars 2012 på Hardanger folkemuseum på Utne. Tilgjengeleg frå: <https://www.ullensvang.herad.no/bb/wp-content/uploads/2011/09/Referat-bygdebokseminar-24.-mars-20121.pdf> [Henta 17.09.2019]

Rogaland folkemuseum (1981) *Utkast til plan for Rogaland folkemuseum*. Tilgjengeleg frå: https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2012091808179?page=17 [Henta 5.10.2019]

Ryfylkefondet (2016) *Oversikt over løyvde midlar siste 2008-2016*. Tilgjengeleg frå: [file:///general.uib.no/JURHOME\\$/kre082/Downloads/Oversikt%20%C3%B8yvde%20midlar%202009%20-%202016%20pr%2024.10%20-%20Fordeling%20siste%205%20%C3%A5r\(1\).pdf](file:///general.uib.no/JURHOME$/kre082/Downloads/Oversikt%20%C3%B8yvde%20midlar%202009%20-%202016%20pr%2024.10%20-%20Fordeling%20siste%205%20%C3%A5r(1).pdf) [Henta 25.10.2019]

Ryfylkerådet (årstal ukjent) *Ryfylkealliansen*. Tilgjengeleg frå: <https://ryfylke.no/ryfylkealliansen/> [Henta 19.11.2019]

Ryfylkerådet (2013) *Reiselivsplan for Ryfylke 2013-2028*. Tilgjengeleg frå: http://www.ryfylkeiks.no/images/Media/Reiselivsplan_Ryfylke_2013_2028.pdf [Henta 20.11.2019]

Stavanger Aftenblad (2004) *Hummar på museum*. Stavanger Aftenblad 21. april 2004. Tilgjengeleg frå: <https://web.retriever-info.com/services/archive/displayDocument?documentId=020009200404212004042100008701629&serviceld=2> [Henta 24.10.2019]

Stavanger Aftenblad (2005) *Inga auke til Ryfylkemuseet*. Stavanger Aftenblad 2. november 2005. Tilgjengeleg frå: <https://web.retriever->

[info.com/services/archive/displayDocument?documentId=0200092005110220051102000009045063&serviceId=2](http://web.retriever-info.com/services/archive/displayDocument?documentId=0200092005110220051102000009045063&serviceId=2) [Henta 8.11.2019]

Strandbuen (2018) *Ryfylke IKS sette døra på gløtt for Nye Sandnes*. Strandbuen 12. januar 2018. Tilgjengeleg frå: <https://web.retriever-info.com/services/archive/search> [Henta 19.11.2019]

Strand videregående skole (2019) *Om skolen*. Tilgjengeleg frå: <http://www.strand.vgs.no/Om-skolen> [Henta 6.11.2019]

Svendsen, L. Fr. H (2018) Symbol i *Store Norske leksikon*. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/symbol> [Henta 13.11.2019]

Voss kommune (2019) *Voss kommune – bygd for sterke opplevingar*. Tilgjengeleg frå: <https://www.voss.kommune.no/> [Henta 5.11.2019]

Wikipedia (2018) *Prestegjeld*. Tilgjengeleg frå: [https://no.wikipedia.org/wiki/Prestegjeld_\(Norge\)](https://no.wikipedia.org/wiki/Prestegjeld_(Norge)) [Henta 07.11.2019]

Wikipedia (2018) *Tusenårsstad*. Tilgjengeleg frå: <https://nn.wikipedia.org/wiki/Tusen%C3%A5rsstad> [Henta 25.10.2019]

Liste over figurar:

Figur 1: Kart over Hordaland fylke, tilgjengeleg frå: https://commons.wikimedia.org/wiki/File:NO_1201_Bergen-15-.svg [Henta 18.11.2019]

Figur 2: Kart over Rogaland fylke, tilgjengeleg frå: https://no.wikipedia.org/wiki/Fil:Kommuner_og_distrikter_i_Rogaland.svg [Henta 18.11.2019]

Vedlegg 1: Informasjonsbrev

Masterstudent Karitha Reisæter

E-post: kre082@uib.no

Veileder: Hans-Jakob Ågotnes

E-post: Hans-Jakob.Agotnes@uib.no

Universitetet i Bergen

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

PB 7805

5020 Bergen

Forespørsel om å delta i intervju i forbindelse med masteroppgave

Jeg er masterstudent i region og regionalisering ved Universitetet i Bergen og skal begynne å skrive den avsluttende masteroppgaven. Temaet for oppgaven er «Museet som regional aktør» og formålet med oppgaven er å undersøke i hvilken grad museumsreformen har påvirket museets rolle som regional aktør.

Jeg ønsker derfor svært gjerne å intervju deg, for å høre dine synspunkter og erfaringer på området. Jeg ønsker å gjennomføre intervjuene mellom mars og mai 2019, og håper du har anledning til å møtes da. Jeg vil bruke digital båndopptaker og ta notater underveis i samtalen. Intervjuet vil ta omtrent en time.

Intervjumaterialet vil behandles konfidensielt og blir lagret ved Etnofolkloristisk arkiv (EFA) ved prosjektslutt. Du vil få anledning til å lese gjennom og godkjenne sitatbruk før publisering av oppgaven. Ditt bidrag vil bli avidentifisert, det vil si at jeg ikke vil bruke navnet ditt i oppgaven (braker pseudonym), men på grunn av din stilling eller tilknytning til museet er det vanskelig å anonymisere ditt bidrag. Du må derfor samtykke til at bidraget ditt ikke blir anonymisert, igjen vil jeg presisere at det i oppgaven vil bli brukt pseudonym.

Det er frivillig å delta i prosjektet, og du har anledning til å trekke deg frem til du har lest intervjuet og godtatt dette. Du trenger ikke å begrunne hvorfor du trekker deg fra prosjektet

om du ønsker å trekke deg. All informasjon og intervjumateriale som omhandler deg, vil da bli slettet.

Oppgaven skal være ferdig innen utgangen av november 2019, og vil publiseres i universitetets åpne digitale forskningsarkiv. Prosjektet er meldt til norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste.

Ta kontakt med meg om du ønsker å delta i prosjektet eller har spørsmål om det. Kontakt meg helst på e-post karitha.reiseter@uib.no, eventuelt kan du ringe meg på telefon 980 72 669 så kan vi avtale et passende tidspunkt. Du kan også kontakte min veileder, førsteamanuensis Hans-Jakob Ågotnes på e-post Hans-Jakob.Agotnes@uib.no. Jeg ønsker tilbakemelding på om du kan delta i prosjektet innen 9. februar 2019.

Med vennlig hilsen

Karitha Reisæter

Vedlegg 2: Samtykkeerklæring

Jeg har mottatt informasjon om studiet av «museet som regional aktør i lys av museumsreformen»

og ønsker å stille på intervju.

Underskrift:.....

Telefon nummer:.....

Dato:.....

Vedlegg 3: Intervjuguide

1. Uformell prat
2. Informasjon
 - a. Si litt om temaet for samtalen (bakgrunn, formål)
 - b. Forklar hva intervjuet skal brukes til og forklar taushetsplikt og pseudonymisering
 - i. Be om underskrift på samtykkeskjema
 - c. Spør om noe er uklart og om respondenten har noen spørsmål
 - d. Informer om opptak
 - e. Start opptak
3. Nøkkeltema/spørsmål:
 - Hva er din stilling ved museet og hvor lenge har du jobbet ved museet?
 - Hva er ditt forhold til museet?
 - o Som ansatt og som privatperson
 - Hvordan ble museumsreformen gjennomført?
 - Hvordan opplevde du at museumsreformen ble tatt imot på museet?
 - Hvilke utfordringer/uenigheter oppstod i forbindelse med reformen?
 - Hvordan opplevde du den enkelte ansattes påvirkningskraft inn mot museumsreformen?
 - Hvordan vurderer/opplever du museumsreformens påvirkningskraft på organiseringen av museet?
 - o Selvbestemmelse, ressursflyt, faglig og administrativ kompetanse.
 - Hvordan vurderer du den lokale og regionale forankringen til museet etter museumsreformen?
 - o Fordeler og ulemper
 - Hvordan opplever du at museumsreformen har påvirket det faglige utstillingsarbeidet ved museet?
 - o Profesjonalisering og prioritering
 - Hvilke utfordringer vil du si at museet må prioritere fremover, er det mulig å gjøre dette innenfor de rammene som museumsreformen har satt?
4. Oppsummering
 - Har jeg forstått deg riktig?
 - Har du noen betraktninger du har lyst å komme med?
 - Er det noe som er uklart?
 - Kan jeg kontakte deg om jeg har flere spørsmål/trenger avklaring?
 - Takk for at du deltok!